KVINNHERAD KOMMUNE

# Årsmelding

2016



# Innhald


FØREORD ... 6
Rådmannens føreord ... 6
Tiltak sett i verk og planlagt for god kontroll og høg etisk standard ... 7
samfunnsutvikling kvinnherad ... 7
Folketalet som heilskap ... 8
Status ... 8
Årsaksforhold ... 8
Konsekvens ... 8
Utvikling innan einskilde aldersgrupper ... 8
Status ... 8
Årsaksforhold ... 9
Konsekvens ... 9
Fødselsoverskot ... 9
Status ... 9
Årsaksforhold ... 10
Konsekvens ... 10
Hushaldningssamansetting ... 10
Status ... 10
Årsaksforhold ... 11
Konsekvens ... 13
Etnisk samansetting og utvikling ... 13
Status ... 13
Årsaksforhold ... 14
Konsekvens ... 14
Inn- og utflytting frå Kvinnherad ... 14
Status ... 14
Årsaksforhold ... 14
Konsekvens ... 14
Fordeling og flytting internt i kommunen ... 15
Status ... 15
Årsaksforhold ... 15
Konsekvens ... 15
ØKONOMI ... 17
Drift ... 17
Skatt/ rammeoverføring ... 18

Eigedomsskatt ... 18
Kraftfondet ... 19
Konsesjonsstraum. ... 20
Lånegjeld. ... 21
ÅRSMELDING 2016 FOR STAB ... 23
ÅRSMELDING 2016 FOR SEKSJON FORVALTNING ... 31
GENERELT ... 31
Resultat for brukarane. ... 31
Resultat for medarbeidarane ... 34
RESULTAT FOR SAMFUNNET ... 34
Økonomiske resultat ... 35
Årsmelding frå seksjon for løn og personal ... 37
Tilsette i Kvinnherad kommune. ... 37
Rekruttering ... 38
Likestilling. ... 38
Sjukefråvær ... 39
Lærlingar ... 40
Kompetanse og læring ... 40
ÅRSMELDING 2016 FOr Politikk ... 41
Oversikt møte i 2016: ... 42
Økonomiske resultat ... 42
Sektor for oppvekst og kultur ... 43
Om sektoren ... 43
Skulane ... 43
Driftsutgifter i skulane ... 45
Kvalitet i skulen ... 45
Tilsette ... 47
Økonomi ... 47
Barnehagane ... 47
Prioriterte område og satsingar i 2016. ... 47
Drifta i barnehagane ... 49
Tilsette ... 50
Økonomi ... 51
Kulturskulen ... 52
Oppgåver og resultat ... 52
Tilsette ... 53

Økonomi ... 54
Bibliotek ... 54
Oppgåver og resultat ... 54
Tilsette ... 55
Økonomi ... 55
Tiltak og teneste for barn og unge TTBU ... 56
Oppgåver og resultat ... 56
Barnevernstenesta: ... 56
Bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar: ... 58
PP-tenesta: ... 59
Helsestasjonen: ... 59
Tilsette ... 61
Økonomi ... 62
Resultat for sektoren samla ... 62
Gjennomgåande styringsindikatorar for sektoren frå økonomiplanen 2017 - 2010 ... 62
1. Mål styringsindikator: Budsjettbalanse 0% avvik ... 63
2. Mål styringsindikator 100% gjennomført medarbeidarsamtale for dei med over 50 % stilling 63
3. Mål styringsindikator: Sjukefråvære under 7,0 % ... 63
4. Mål styringsindikator: Brukarundersøking 100 % ... 64
Sektoren har i inneverande økonomiplanperiode 3 satsingsområde ... 64
1. Tidleg innsats ... 64
Tverrfagleg innsats. ... 64
Kvalitetsutvikling. ... 65
sektor omsorg, helse og sosial 2016 ... 65
Institusjonar og open omsorg ... 65
Resultat for medarbeidarane ... 68
Resultat for samfunnet ... 68
ØKONOMISK RESULTAT ... 69
HERØYSUND KOMPETANSESENTER ... 69
RESULTAT FOR BRUKARANE ... 69
Resultat for medarbeidarane ... 69
Resultat for samfunnet ... 70
Eining for Helse ... 71
Resultat for brukarane. ... 71
Resultat for medarbeidarane ... 72

Resultat for samfunnet ... 72
EINING FOR ERGO-OG FYSIOTERAPITENESTA ... 73
Resultat for brukarane. ... 73
Resultat for medarbeidarane ... 74
Resultat for samfunnet ... 75
Økonomiske resultat ... 75
eining NAV Kvinnherad ... 75
Resultat for brukarane. ... 75
Resultat for medarbeidarane ... 76
Resultat for samfunnet ... 76
Økonomiske resultat ... 77
VAKSENOPPLÆRINGA ... 77
Resultat for brukarane. ... 77
Resultat for medarbeidarane ... 78
Resultat for samfunnet ... 78
Økonomiske resultat ... 79
Aktiv Fritid ... 79
Resultat for brukarane. ... 79
Resultat for medarbeidarane ... 80
Resultat for samfunnet ... 80
Økonomisk resultat ... 80
Økonomiske konsekvensar ... 81
ÅRSMELDING 2016 ... 86
T E K N I K K O G M I L J Ø ... 87
Presentasjon av sektoren ... 87
Sektorstab ... 89
Eining for Bygg og Eigedom ... 90
Eining for prosjektering og utbygging ... 91
AKTIVE PROSJEKT SOM IKKJE ER FERDIGSTILTE i 2016: ... 92
PROSJEKT SOM VART FERDIGSTILLT I 2016: ... 94
Eining for vatn og avløp ... 97
**Tekniske nøkkeltal:** ... 97
**Best i landet** ... 98
Risikovurdering ... 99
Internrevisjon ... 99
Driftsmøter ... 99

AMU ........ 99
Bedriftshelsetenesta ........ 99
Verneombod ........ 99
Hovudverneombod ........ 99
Skader ........ 100
Sjukefråvær ........ 100
Avvik ........ 100
Handlingsplan 2016 ........ 100
Medarbeidarsamtalar ........ 100
SJA (Sikker Jobb Analyse) ........ 101
Vernerundar ........ 101
Eining for Veg og Park ........ 105
Eining for Brann og redning ........ 106
Eining for reinhald ........ 107

# FØREORD

Årsmelding for 2016 er blitt et stort dokument.

Fleire tenester har lite tilgang til å rapportere til politisk nivå om utvikling innan deira tenesteområde. Ein ynskjer at dei skal ha høve til det i dette dokumentet.

Årsmeldinga i år har også opna for litt ulike former på innhald og oppsett.

Rapportering og tilbakemeldingssystem til politiske organ er under endring. Rådmannen har derfor v

I Kvinnherad kommune vil ein no få  3 årvisse dokument som inngår i den årlege styringshjulet:

- Årsmelding,
- Økonomiplan
- Budsjett.

Alle desse dokumenta nyttiggjer seg nøkkeltal og andre tal for analyse og utvikling av tenestene. Ein ønskje å samle mykje av dette i Årsmeldinga og slik spare plass og tidsforbruk i samband med dei andre dokumenta og arbeidsprosessane. Vi ikkje kome heilt i mål med dette i denne gangen, men vil utvikle vidare årsmeldinga.

God lesing!

# RÅDMANNENS FØREORD

Det er ei glede å få lov å legge fram årsmelding for 2016. Dette er første årsmelding som ny rådmann i Kvinnherad kommune.  Årsmeldinga er såleis eit dokument som viser kontinuiteten i drifta.

Fyrst må det rettast ein stor takk til alle som har ytt ein stor innsats for innbyggarane i kommunen. Det vert utført svært mykje godt arbeid og stor innsats.

Tenesteomfanget er stort. Desse vert omtalt i dokumentet.

Organisasjonen har i 2016 vore inne i ein omfattande endringsprosess. Dei tilsette, leiarar og tillitsvalde har vore engasjerte og gode medspelarar i dette arbeidet. Utan kritiske og kreative innspel hadde ikkje denne prosessen fått så godt resultat. Dette arbeidet vil gå vidare i 2017 med mål om at den skal vere ferdig til årsskiftet 2017 / 2018

Kvinnherad har økonomiske utfordringar framleis. Særleg viser dette seg i veksten i driftsutgifter for 2016. veksten er på ca 4,85 %. Dette er for høgt og ikkje berekraftig. Det må likevel merkast at 1,5 – 2 % av dette er knytt til drift som er statleg med-finansiering. Dette gjeld særleg resurskrevjande brukarar og mottak av flyktningar.

Positivt er det også at det i år er eit brutto driftsresultat på 2,3 mill. ( Dvs driftsutgiftene er mindre enn driftsinntektene utanom finans. )

# Tiltak sett i verk og planlagt for god kontroll og høg etisk standard

Då dette er eit tema som er gjennomgåande i heile organisasjonen vert dette omtal særskilt her.

Rådmannen har i 2016 sett i gang ein større organisasjonsutviklingsprosess, I denne prosessen vert alle oppgåver og rutine kartlagt.  Vidare gjennomgang av alt dette vil halde fram i 2017.

Ein av motiva bak denne prosessen er relatert til etiske vurdering og betring av internkontroll. Ved denne prosessen vert det utarbeidd system som gjer at oppgåver vert meir knytt til system med fleire deltakarar og ikkje så individorientert og privatisert. Som omtala seinare under IT er det også under arbeid ein nytt system for elektronisk organisasjonsplan oppsett. Dette vil gjere det mogleg å utarbeide betre kontroll og informasjonssystem.

For å sikre betre internkontroll og betre refleksjon i arbeidet vart det i 2016 kjøpt nytt Internkontrollsystem/kvalitetssystem  Compilo.  Dette er no under implementering.

Det er såleis planlagt at det i 2017 skal ha ein gjennomgang av reglement, inkludert etiske retningsliner, når dei vert overført til Compilo.

Andre vesentlege tilhøve meiner rådmannen er omtalt i dokumentet.

# Folketalet som heilskap

## Status

1. januar 2014 var det i følgje det sentrale folkeregisteret 13.224 innbyggjarar i Kvinnherad. I 1965 var folketalet ca. 9.800, dette auka bratt fram til 1972 (ca. 12.300) så meir moderat fram til 1989 (ca. 13.200). Dei siste 25 åra fram til 2014 har folketalet vore relativt stabilt mellom 13.000 og 13.300 innbyggjarar (sjå tabell til slutt i kapittelet). Om fylkeskommunen sitt hovudalternativ for folketalsutviklinga slår til kan Kvinnherad vente seg 0,2 % årleg auke i folketalet og ha vel 13.700 innbyggjarar i 2030.

## Årsaksforhold

Fleire lokale faktorar vil ha stor innverknad på folketalsutviklinga og befolkningssamansettinga frametter. Utvikling av arbeidsplassar i privat næringsliv er ein grunnstein for folketalsvekst. Her viser tala at sysselsetting i primærnæringane har svakt fallande tendens dei siste ti åra og det er grunn til å tru at dette vil halde fram. Talet på arbeidstakarar i både sekundærnæring, tertiærnæring og offentleg forvaltning har svake svingingar i same periode og viser ingen tydeleg trend. Dei store industriverksemdene er konjunkturutsette i høve til globale, bransjespesifikke endringar. Veksande handelsdekking og god senterutvikling på Husnes kan bidra til ei styrking av verksemder i tertiærnæring. Sysselsetting i offentleg forvaltning nådde ein førebels topp i 2011. Sentralisering, effektivisering og digitalisering vil bremse vidare vekst i offentleg tilsette, medan auka pleiebehov i ei aldrande befolkning og nye oppgåver som følgje av samhandlingsreforma kan auke talet på sysselsette.

Det er verdt å merke seg at arbeidsstyrken i Kvinnherad utgjer ganske nøyaktig halvparten av folketalet, og dette ligg noko under både Sunnhordland og fylket samla. Delen yrkesaktive Kvinnheringar er venta å falla med ytterlegare tre prosentpoeng fram til 2030, og dette fallet er større enn i fylket elles.

Gradvise forbetringar av vegnett og ferjesamband og ein komande regionsenterstatus for Husnes er lokale faktorar som venteleg vil gje positive effektar for sysselsettinga i Kvinnherad.

## Konsekvens

Samla sett er det ikkje venta store samfunnsendringar, og fylkeskommunen sin hovudprognose vert vurdert som realistisk.

# UTVIKLING INNAN EINSKILDE ALDERSGRUPPER

## Status

Ved inngangen til 2014 hadde Kvinnherad både større del barn og større del eldre enn fylket og landet elles. Ei aldersgruppe som normalt har stor yrkesdeltaking (25 – 54 år) har ein vesentleg lågare del av det samla folketalet enn fylkes- og landsgjennomsnitta.

| Aldersgrupper 01.01.2014 (prosent) | Kvinnherad | Hordaland | Noreg |
|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| Del av befolkninga 16 år eller yngre | 22,0 | 21,3 | 20,7 |
| Del av befolkninga 25-54 år | 35,9 | 41,3 | 41,1 |
| Del av befolkninga 70 år eller meir | 13,3 | 10,2 | 10,5 |

Dei neste femten åra er det venta at delen barn under 15 år vil falla med 8 % og delen eldre over 75 år vil auka med nesten 60 %. Gjennomsnittsalderen på 40,5 år ligg allereie to prosent høgare enn fylkesgjennomsnittet, dette vil auke til 44,1 år og med det meir enn fire år høgare enn Hordaland samla.

I tabellen under er ulike aldersgrupper sin del av folkesetnaden vist for utvalde år attende i tid og med forventa prognose fram til 2030.

| **%-vis** | | **Historisk** | | | **Prognose** | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Alder** | **1994** | **2012** | **2013** | **2015** | **2020** | **2025** | **2030** |
| **0 - 19** | 29,2 | 26,6 | 26,3 | 26,2 | 25,0 | 24,1 | 23,5 |
| **20 - 39** | 28,4 | 22,3 | 21,9 | 21,8 | 21,8 | 21,1 | 20,7 |
| **40 - 59** | 22,6 | 26,2 | 26,5 | 26,3 | 25,7 | 25,8 | 24,8 |
| **60 - 74** | 12,1 | 16,4 | 16,5 | 16,8 | 17,7 | 17,3 | 18,0 |
| **75 -** | 7,8 | 8,6 | 8,8 | 8,9 | 9,8 | 11,7 | 13,0 |

### Årsaksforhold

Svingingar i alderssamansetting føl dei store linene i Noreg der dei store barnekulla i siste halvdel av 1940-åra har gav nye store barnekull på slutten av 1960-talet. Ulikskapen mellom Kvinnherad og Hordaland/Noreg samla sett er vankelegare å forklara. Her speler nok forgubbingsfaktoren ei vesentleg rolle, men den relativt store arbeidsinnvandringa skal vege opp for noko av dette.

Frå Kvinnherad er det lang reiseveg til større byar og stader som tilbyr høgare utdanning. Ikkje alle som reiser ut for å utdanna seg vender attende etter studiane.

### Konsekvens

Forsørgingsbøra vil auka drastisk (talet på personar i alderen 20-66 år i høve til talet på personar i alderen 67 år eller meir). I 2014 står det 5,15 kvinnheringar yngre enn 67 år bak kvar av dei som er 67 år eller eldre. I prognosen for år 2030 vert det tilsvarande talet 3,56.

Utdanningsnivået i Kvinnherad kan sakke akterut i høve til meir sentrale strok av landet.

Med synkande barnetal vert det vanskelegare å oppretthalda eit desentralisert tenestetilbod i den kommunale oppvekstsektoren, dvs. barnehagar og grunnskule.

# Fødselsoverskot

### Status

I 2013 vart det fødd 135 kvinnheringar medan det døydde 110 innbyggjarar; altså eit fødselsoverskot på 25. Trenden har gått frå eit fødselsoverskot på ca. 75 for 30 år sidan til ein tredel av dette i dag. Diagrammet under viser dette.




## Årsaksforhold

Kvinnherad har aukande snittalder i folkesetnaden og med det vert det lågare fødselstal. I tillegg har eit markert fleirtal av kvinner skrumpa inn. Gjennomsnittsalderen til kvinner i Kvinnherad er om lag 1 år og ni månader høgare enn for menn, dette er om lag det same som for Hordaland og landet elles. I 1986 var det 105 kvinner per 100 menn i Kvinnherad, talet for 2014 er 101 og i følgje prognosen vil det vidare gå ned til 98 og stabilisera seg der.

## Konsekvens

Om trenden fortset og prognosen slår til vil Kvinnherad få negativt fødselsoverskot ein gang mot slutten av 2020-talet. Delen barn og unge vil verta lågare år for år fram til dess.

# HUSHALDNINGSSAMANSETTING

## Status

I 2005 budde det ein eller to personar i 60,0 % av hushaldningane i kommunen. Ved inngangen til 2013 var dette auka til 63,6 %. Dei fire siste åra (2009-13) gjekk talet på par med barn ned med 3,5 % medan talet på einslege med barn gjekk opp med 11,8 %.

Desse trendane ser ut til å halde fram. I fylkeskommunen si framskriving til 2030 ser vi at tala på aleinebuande og par utan barn auker; både i absolutte tal og som relativ del av det samla talet hushaldningar

## Årsaksforhold

Endringane i hushaldningssamansettinga er ikkje unik for Kvinnherad og denne utviklinga deler vi med andre kommunar som har same trekk som vår. Gjennomsnittsalderen auker, levealderen auker og den fertile delen av folkesetnaden vert mindre; desse faktorane vil naturleg nok påverke hushaldningsamansettinga.



Familiar 2009 - 2013
2009
2010
2011
2012
2013
2500
2000
1500
1000
500
0
Einpersonfamilie
Par utan barn
Par med små barn (yngste barn 0-5 år)
Par med store barn (yngste barn 6-17 år)
Par med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)
Mor/far med små barn (yngste barn 0-5 år)
Mor/far med store barn (yngste barn 6-17 år)
Mor/far med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)




Hushaldningar (prognose)
2015
2020
2025
2030
3000
2500
2000
1500
1000
500
0
Aleinebuande
Par utan barn
Par med barn
Mor/far med barn
Einfamiliehushald med vaksne barn
Fleirfamiliehushald utan barn
Fleirfamiliehushald med barn

## Konsekvens

Talet på einslege aukar og dei sosiale relasjonane endrar seg. Dette kan gi auka krav til helse- og omsorgstenestene frametter. Buformene er i stor endring der det vert bygt færre einebustader og fleire småhusvære og leiligheiter

# ETNISK SAMANSETTING OG UTVIKLING

## Status

Delen innvandrarar har auka frå 0,6 % av folketalet i 1970 til 6,6 % i 2014, og med aukande takt. Kvinnherad har likevel langt lågare del innvandrarar enn Hordaland (10,9 %) og Noreg (12 %) samla sett. Utan innvandring ville kommunen sitt folketal ha vore fallande frå ca. 1990. Europearar utgjer vel to tredelar av innvandrarane i Kvinnherad. Frå Asia og Sør-/Mellom-Amerika har det vandra inn meir enn dobbelt så mange kvinner som menn. Ein innvandrar vert i denne samanheng definert som ein person fødd i utlandet av utanlandske foreldre og med fire utanlandske besteforeldre.

Utvandringa frå Kvinnherad er monaleg mindre enn innvandringa jf. grafen under.



| Innvandrarar til Kvinnherad | 1970 | 1980 | 1990 | 2000 | 2010 | 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *Europa unnateke Tyrkia* | 49 | 64 | 84 | 195 | 367 | 610 |
| *Afrika* | 3 | 3 | 6 | 7 | 35 | 83 |
| *Asia med Tyrkia* | 3 | 10 | 44 | 47 | 177 | 156 |
| *Nord-Amerika* | 20 | 27 | 22 | 13 | 8 | 6 |
| *Sør- og Mellom-Amerika* | 0 | 0 | 8 | 18 | 25 | 24 |
| *Oseania* | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 | 0 |
| ***Sum*** | **75** | **104** | **164** | **280** | **615** | **879** |

### Årsaksforhold

Arbeidsinnvandring frå Aust-Europa er den faktoren som gjer størst utslag på statistikken. Globaliseringa har også bidrege til at fleire Kvinnheringar enn før finn seg livspartnar frå andre land. Uro og konfliktar andre stader i verden fører menneske på flukt, men ut frå statistikken over landbakgrunn kan ein seie at flyktningar utgjer berre ein liten del av innvandrarane til Kvinnherad.

### Konsekvens

Kvinnherad utviklar seg i multikulturell retning, men seinare enn fylket og landet elles. Utfordringar knytt til integrering og kulturelle forskjellar vil også vere til stades her, men altså ikkje i like stort monn som i meir sentrale strok. Kvinnherad går såleis også glipp av nokre av dei positive effektane av eit meir mangfaldig og globalisert fellesskap.

Den viktigaste konsekvensen er at utan innvandring ville folketalet verta mindre. Denne trenden har vi sett sidan 1990-talet og med fallande fødselsoverskot og ei aldrande befolkning må faktisk innvandringa auke monaleg frametter om folketalet skal vere som i dag eller auke.

# INN- OG UTFLYTTING FRÅ KVINNHERAD

### Status

Dei siste 15-20 åra har det i snitt flytta ca. 300 personar årleg til Kvinnherad, tilsvarande har ca. 375 flytta frå. I heile denne perioden har det altså vore negativ flyttebalanse. Fylkeskommunen sin prognose (hovudalternativet) seier at allereie frå 2015 vil det vere nettoinnflytting til Kvinnherad på 10 personar, gradvis aukande til 28 personar i 2013. Sett opp mot trenden dei siste åra er det tvilsamt om denne prognosen slår til.

### Årsaksforhold

Flyttebalansen heng sterkt saman med utviklinga av arbeidsplassar, og då særleg i privat sektor. Om Kvinnherad skal få positiv innanlands nettoflytting må privat næringsliv ha konkurransedyktige vilkår samanlikna med andre kommunar og regionar. Her er det særleg vegnett og ferjesamband viktige faktorar.

### Konsekvens

Med negativ flyttebalanse er Kvinnherad per definisjon ein fråflyttingskommune. Saman med skeivare aldersfordeling, lågare kvinnedel, lågare fødselstal og høgare gjennomsnittsalder vert Kvinnherad svært utsatt for forgubbing.

# FORDELING OG FLYTTING INTERNT I KOMMUNEN

## Status

Dei siste 35 åra har det vore ei vedvarande sentralisering til område i og ved Husnes. Størst vekst har det vore i bygdene Husnes og Valen, både i absolutte tal og i relativ vekst. Fleire bygder opplevde vekst fram til ca. 2000, men har dei siste 10-15 åra hatt markert tilbakegang.

Dei seinaste åra er det bygdene på strekninga Omvikdalen – Sunde som har markert vekst. Størst nedgang ser vi i dei meir grisgrendte krinsane som Varaldsøy, Mauranger, Baugstranda og Fatland. Det er store variasjonar bygdene i mellom, og det er ikkje slik at trenden med sentralisering verkar like sterkt i alle delar av kommunen.

Vel 8.000 av innbyggjarane bur no i tettstader; denne delen har auka frå ca. 52 % i 2000 til ca. 60 % i 2012.

## Årsaksforhold

Ny utbygging med noko volum er lettast å få til i arbeidsplassintensive område med godt utbygd infrastruktur. Effektivisering av offentlege tenester og omfattande nedlegging av lokal detaljhandel forsterkar denne effekten, det same gjeld nedgang i arbeidsplassar knytt til jord- og skogbruk. Vaner og forventningar i befolkninga til moderne løysingar, urbane kvalitetar og kortare reiseveg spelar truleg også ei vesentleg rolle.

## Konsekvens

Ein må forventa at tettstadane vil verta større, at Husnes med nært omland vert meir byliknande og at bygdene med lang reiseveg og lågt tenestetilbod får færre innbyggjarar. Bygder med gjennomfartsårer vil venteleg framleis veksa i folketal.

| *Folketal per 01.01.* | 1980 | 1990 | 2000 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ølve | 444 | 464 | 483 | 456 | 448 | 435 | 433 |
| Hatlestrand | 432 | 442 | 433 | 414 | 415 | 418 | 410 |
| Trå (Varaldsøy) | 342 | 327 | 277 | 233 | 223 | 213 | 198 |
| Mauranger | 352 | 342 | 292 | 280 | 286 | 252 | 246 |
| Løfallstrand | 181 | 245 | 234 | 181 | 182 | 167 | 170 |
| Malmanger (Rosendal) | 1080 | 1028 | 1105 | 1106 | 1088 | 1064 | 1050 |
| Seglem (Seimsfoss) | 338 | 414 | 392 | 348 | 354 | 351 | 346 |
| Omvikdalen | 727 | 752 | 716 | 725 | 738 | 763 | 765 |
| Uskedalen | 969 | 991 | 972 | 1028 | 1061 | 1047 | 1042 |
| Bringedalsbygda | 565 | 622 | 597 | 631 | 625 | 623 | 634 |
| Husnes | 2310 | 2340 | 2412 | 2490 | 2480 | 2655 | 2662 |
| Sunde | 1142 | 1057 | 1199 | 1299 | 1356 | 1199 | 1214 |
| Valen | 756 | 853 | 957 | 1108 | 1117 | 1096 | 1086 |
| Skarveland (Sandvoll) | 343 | 496 | 470 | 408 | 393 | 424 | 419 |
| Holmedal (Utåker) | 183 | 232 | 195 | 190 | 177 | 190 | 187 |
| Matre | 175 | 112 | 91 | 78 | 84 | 83 | 86 |
| Baugstranda | 103 | 82 | 57 | 47 | 46 | 38 | 37 |
| Åkra | 228 | 202 | 185 | 193 | 183 | 174 | 175 |
| Sætre (Halsn. Kloster) | 596 | 693 | 687 | 734 | 735 | 715 | 703 |
| Tofte (Sæbøvik) | 812 | 756 | 797 | 724 | 720 | 740 | 759 |
| Hauge (Høylandsbygd) | 525 | 449 | 417 | 363 | 372 | 372 | 372 |
| Fatland | 119 | 105 | 95 | 88 | 101 | 99 | 91 |
| Brekke (Fjelb/Borg.øy) | 179 | 140 | 126 | 110 | 119 | 119 | 126 |
| Uoppgitt bustad | | 3 | 1 | 13 | 12 | 19 | 13 |
| ***Sum*** | **12922** | **13143** | **13192** | **13247** | **13315** | **13256** | **13224** |

# ØKONOMI

## Drift

| 1 KVINNHERAD KOMMUNE - 2016 | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | 22.03.2017<br>Regnskap i fjor |
|---|---|---|---|---|
| **Regnskapsskjema 1A - drift** | | | | |
| Skatt på inntekt og formue | 360.797.821,55 | 355.981.000,00 | 353.481.000,00 | 335.112.887,45 |
| Ordinært rammetilskudd | 355.598.000,00 | 354.842.000,00 | 354.842.000,00 | 350.004.819,00 |
| Skatt på eiendom | 80.011.810,00 | 80.000.000,00 | 80.000.000,00 | 67.025.077,00 |
| Andre direkte eller indirekte skatter | 9.030.059,00 | 8.500.000,00 | 8.500.000,00 | 9.022.519,00 |
| Andre generelle statstilskudd | 68.864.410,00 | 48.290.831,00 | 48.290.831,00 | 56.460.052,50 |
| **Sum frie disponible inntekter** | **874.302.100,55** | **847.613.831,00** | **845.113.831,00** | **817.625.354,95** |
| | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | 13.382.040,30 | 15.771.151,00 | 15.471.165,00 | 14.727.692,61 |
| Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 20.757.525,91 | 20.000.000,00 | 20.000.000,00 | 71.480.732,65 |
| Renteutg. provisjoner og andre fin.utg. | 30.326.159,46 | 34.649.988,00 | 29.849.988,00 | 30.258.988,12 |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Avdrag på lån | 41.595.547,00 | 41.595.000,00 | 41.595.000,00 | 39.937.433,04 |
| **Netto finansinnt./utg.** | **-37.782.140,25** | **-40.473.837,00** | **-35.973.823,00** | **16.012.004,10** |
| | | | | |
| Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Til ubundne avsetninger | 52.325.913,34 | 0,00 | 0,00 | 28.865.831,57 |
| Til bundne avsetninger | 2.271.877,50 | 5.688.577,00 | 5.688.577,00 | 13.819.357,02 |
| Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk | 56.325.913,34 | 0,00 | 9.000.000,00 | 37.265.831,57 |
| Bruk av ubundne avsetninger | 10.291.000,00 | 9.291.000,00 | 291.000,00 | 6.000.000,00 |
| Bruk av bundne avsetninger | 5.240.699,00 | 4.197.787,00 | 4.197.787,00 | 2.680.670,00 |
| **Netto avsetninger** | **17.259.821,50** | **7.800.210,00** | **7.800.210,00** | **3.261.312,98** |
| | | | | |
| Overført til investeringsregnskapet | 8.974.271,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Til fordeling drift | 844.805.510,80 | 814.940.204,00 | 816.940.218,00 | 836.898.672,03 |
| Til fordeling drift korrigert | 851.513.512,97 | 816.655.000,00 | 814.155.000,00 | 849.180.132,17 |
| Sum fordelt til drift (fra skjema 1B) | 830.493.191,60 | 816.655.000,00 | 814.155.000,00 | 792.856.233,83 |
| **Regnskapsmessig mer/mindreforbruk** | **-21.020.321,37** | **0** | **0** | **-56.325.913,34** |

Kvinnherad kommune sitt rekneskap for 2016 syner eit overskot på kr.21,0 mill. Også i 2016 var kraftfondet ein medverkande årsak til overskotet, men den viktigaste årsaka var at pensjonskostnader/ premieavvik ga mindre kostnadar enn budsjettert.

Sjølve drifta, sektorane si drift, var ikkje i balanse, og det var nok ein gong Omsorg som sleit mest.

| Sektor omsorg helse og sosial | | Regnskap 2016 | Budsjett 2016 | Avvik kr | Forbruk % |
|---|---|---|---|---|---|
| | | **354 356 983** | **343 283 218** | **11 073 765** | **103,23** |
| 10 | LØNN OG SOSIALE UTGIFTER | 387 687 817 | 379 689 069 | 7 998 748 | 102,11 |
| 11 | FORBRUKSMATERIELL,KURS, REISER M.M. | 27 324 852 | 26 767 723 | 557 129 | 102,08 |
| 12 | INVENTAR, UTSTYR, VEDL., MATERIELL M. | 19 277 009 | 9 080 920 | 10 196 089 | 212,28 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 16 868 936 | 11 320 158 | 5 548 778 | 149,02 |
| 14 | OVERFØRINGER | 22 754 042 | 21 220 333 | 1 533 709 | 107,23 |
| 15 | FINANSUTG. OG FINANS.TRANSAKSJONER | 917 949 | 171 988 | 745 961 | 533,73 |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -30 923 941 | -30 835 742 | -88 199 | 100,29 |
| 17 | REFUSJONER | -31 441 959 | -26 219 753 | -5 222 206 | 119,92 |
| 18 | OVERFØRINGER | -56 768 545 | -47 344 428 | -9 424 117 | 119,91 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANS.TRANS. | -1 339 179 | -567 050 | -772 129 | 236,17 |

Overforbruket på denne sektoren var i 2016 på 3,2 % eller 11 millioner kroner.

# Skatt/ rammeoverføring

Skatteinngongen for Kvinnherad kommune var i 2016 monalege lågare enn resten av landet. Vi hadde ein vekst på 4,6 % medan landsnittet var meire enn det dobbelte. Årsaken til dette er ikkje lett å finne , men det kan vera at arbeidsløyse saman med lågare vekst enn i andre område, spelar inn.

Når vi har lågare vekst enn resten av landet, mottek vi etter særskilte reglar inntektsutjamning frå staten. Dette gjorde at vi for 2016 kunne rekneskapsføre ein total skatteinngong som var nesten kr. 5 mill høgare enn budsjettert.

Kommunen rekneskapsførte kr.25 mill meire i skatt / inntekstutjamning enn året før.

# Eigedomsskatt

Eigedomsskatten for 2016 vart som budsjettert , kr. 80 mill. Samanlikna med 2015 er det ein auke på kr. 13 mill som skuldast innføring av eigedomsskatt ( igjen ) for hus/ hytter. Ein merker seg at andre kommunar nyttar denne inntekskilda meir aktivt og endrar satsen kvart år og kan skrive ut 4,8 promille eit år, 3,1 promille neste år og så 5 promille.

Kommunen har etter kvart blitt avhengig av denne inntektskilda, og ein vil i denne samanhengen gjere merksam på faren for monaleg lågare inntekter som ei fylgja av lågare inntening for Statkraft / SKL. Men den største faren no og i dei næraste åra, er at regjeringa sålangt ikkje har gjort noko med kapitaliseringsrenta som etter LVK  si meining er for høg. For 2017 har kommunen budsjettert med

kr. 6,7 mill mindre inntekt enn i 2016 og utan nye signal frå regjeringa må vi i økonomiplanen for 2018-2021 leggja inn stendig lågare inntekter frå kraftindustrien.

# Kraftfondet

I 2016 starta kraftfondet med ein nedgong på dei fyrste 2 månadane på kr. 50 mill, men på slutten av året betra marknadane seg og resultatet vart ein auke i verdi på kring kr. 25 mill. I budsjettet hadde kommunen budsjettert med kr.20 mill.

Fondet var pr.31.12.2016 på kr. 650 mill. og er plassert ( diversifisert) i mange typar aktivaklassar/ fond. Den samansetting ein har kome fram til i løpet av dei seinaste åra har vist seg å væra god. Investeringsutvalet har jevnlege møtar og har dei siste åra plassert meir i eigedom/ rentepapir enn i aksjar. Dette for å ta ned risikoen.






# Konsesjonsstraum.

Kvinnherad kommune har rett til å kjøpe inntil 10 % av den produserte krafta til ein pris som departementet fastsett. Vi mottek difor 160 gwh frå Statkraft / SKL til ein pris på kring 11 øre pr kwh. Kommunen si inntekt frå dette salet har endra seg mykje dei siste åra, og har sunke frå kr.35,6 mill. i 2012. Grunna m.a. mykje lågare straumpris i 2016 fekk kommunen berre kr. 13 mill i fjor.




Sidan 2011 har vi solgt denne krafta på korte avtalar. Ishavskraft hadde jobben fram til 2015. Etter dette har Kvinnherad Energi saman med Markedskraft hatt hand om kommunen sin konsesjonstraum.

Jobben deres er å optimere salet ved å selje på «rette tidspunkt» i høve til den prisen ein kan rekna med å få i «spot-marknaden» dei næraste månadene. Dette er ikkje lett å treffa og ein må fastslå at i 2016 var ein ikkje heldig med den finansielle delen av jobben som var sett bort, og «tapte» rundt 4,5 mill. i høve til om ein hadde solgt kosesjonsstraumen frå dag til dag i spotmarknaden. Tapet skjedde for ein stor del på slutten av året ved at ein ikkje klarte å sjå kva for retning straumprisen ville utvikle seg i.

I perioden 2001-2011 solgte kommunen denne krafta på ein 10-års avtale. I ettertid , med stigande straumprisar, synte det seg å vera uheldig. På den andre sida skulle vi ha solgt på ein ny 10 års-avtale i 2011.

Den avtalen vi har med Markedskraft / Kvinnherad Energi går ut ved nyttår og vi må i løpet av 2017 ta ei vurdering på kva for ein strategi vi skal ha på sal av konsesjonstraumen i framtida.

# Lånegjeld.

Kommunen har no ei svært høg lånegjeld, og høgare enn dei fleste kommunane vi kan samanlikne oss med. Ved nyttår var kommunen si gjeld kr.1 357,3 mill. med ei snittrente på 2,19 %.




| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 72 105 | 70 644 | 74 419 | 81 160 |
| Mandal | 62 327 | 60 833 | 63 556 | 61 645 |
| Stord | 59 599 | 64 144 | 68 363 | 77 321 |
| Voss | 35 548 | 37 762 | 41 390 | 49 494 |
| Hordaland | 50 267 | 55 419 | 54 960 | 58 330 |
| Kostragruppe 11 | 61 275 | 64 728 | 70 132 | 75 728 |

Ein ser her at vi har høgare lånegjeld pr.innbygger enn andre i kostragruppe 11 ( som staten meiner vi skal samanlikna oss med). I budsjettet for 2017 ligg det inne ytterlegare opplåning.

Så lenge kommunen har evne til å betale renter/ avdrag på så stor gjeld, er det ikkje grunnlag for å vera bekymra. Det ein må stilla spørsmål ved er om vi kan tåla ein renteauke på 1-3 % dei næraste åra. Ved nyttår var ca. halvparten av gjelda fastrentelån med meir enn 1 års binding ( mye har mellom 3-5 års binding). Ei berekning syner at ved 1 % auke i renta vil våre kostnader auke med kr.7,3 mill. , eller det same som bortfallet av eigedomsskatteinntektene i 2017.

# ÅRSMELDING 2016 FOR STAB

***" Endring er uunngåelig og stabilitet er en illusjon. "***

*Å gjera endringar i organisering er ein kontinuerleg prosess.*

*Tilpassing og justeringar i den daglege drifta i kommunen skjer kvar dag.*

Setningane er henta i frå organisasjonsplanen til kommunen, og har det siste året vore kvardagen for tilsette i Kvinnherad kommune, inkludert oss i Stab. Det har vore eit spennande, kjekt, krevjande og utfordrande år – adjektiva er mange og klarar ikkje heilt å skildra alle arbeidsdagane som me no har bak oss. Endringar i ein organisasjon krev mykje av den enkelte tilsette, og for oss har full merksemd og evne til kontinuerleg å følgja opp alle endringar vore det som har hatt mest fokus. Oppdatering og endring av alle aktuelle opplysningar i mange sentrale, administrative system – mellom anna fagsystema innan IKT styring (AD), sak/arkiv, løn, økonomi, rekneskap, e handel, sentralbord. Stab har fagansvar for svært mange felles system i kommunen, og tilsette hos oss har dette året stått sentralt i desse praktiske endringsprosessane. Alt arbeidet knytt til omorganisering skjer på toppen av dagleg drift, og me har også teke på oss ansvar for å byggja kunnskap hos dei tilsette i organisasjonen som får endra oppgåve- og ansvarsområde knytt inn til samarbeid med Stab. Som nemnt: Kjekt OG krevjande!

**Kven er me, og kva gjer me:**
Stab er i alt 31 tilsette med ansvar for oppgåver innan fagområda:
Løn, rekneskap, økonomi, e handel og eigedomsskatt, resepsjon og sentralbord, sak/arkiv, politisk sekretariat, IKT avdeling og kantine. På IKT avdelinga har me ein lærling. Skatteoppkrevjaren er administrativt underlagt Stab. Leiar for Stab har direkte personalansvar for skatteoppkrevjaren sine 2,8 årsverk. Oppgåva med innkrevjing av kommunale krav er lagt inn under Skatteoppkrevjaren med ca. 0,9 årsverk.

Rådmann, dei hovudtillitsvalde med frikjøp og hovudverneombod er også lagt inn i budsjettramma under Stab. Personalansvar for politisk og administrativt sekretariat er også plassert her.

**Endring i organisering 2016:**
Tildelingskontoret sitt driftsbudsjett vart i løpet av 2016 lagt over i budsjettramma til sektor omsorg, helse og sosial. Personalansvar for dei 5 tilsette ligg inntil vidare ennå under leiar for Stab.

Lønsavdelinga sitt driftsbudsjett er også flytta over til seksjon løn og personal, personalansvaret for dei 3 tilsette ligg framleis under leiar for Stab.

Stab har ikkje brukt ekstra ressursar, verken økonomisk eller innan personale, sjølv om det har vore travelt og oppgåvefordeling internt har medført endringar for oss. Informasjonsavdelinga er den avdelinga som har merka dette mest, fordi ressursar herifrå er flytta over til rådmann. Tilsette på

avdelinga har utført dei same oppgåvene som tidlegare - med færre ressursar. Me ser på ulike måtar å løysa denne utfordringa på, me ynskjer å få til ei løysing som aukar bemanninga, fordi det er sårbart med så få tilsette i denne sentrale avdelinga i kommunen, og fordi me har planar om å få opp og gå ei heimeside med vesentleg høgare kvalitet enn den som finst i dag. Informasjonsarbeidet i Kvinnherad kommune treng ei kraftig oppjustering, det vil vera ei prioritert oppgåve for Stab framover, og me treng midlar til gjennomføring.

**Kunnskapsdeling i fokus – ein lærande organisasjon:**
For at endring og utvikling av organisasjonen skal bli målretta og ikkje tilfeldig, er det nødvendig at det vert etablert eit system for utvikling, læring og evaluering.

Med dette målet i sikte har tilsette i Stab hatt ekstra fokus på kontinuerleg kunnskaps- og oppgåvedeling. I 2016 har me jobba målretta for at tilsette i organisasjonen skal vera rusta til å ta på seg oppgåver knytt til økonomi, post/arkiv, saksbehandling, e handel og IKT. I samband med omorganisering er det svært mange tilsette som får nye og endra oppgåver innan desse områda, og dette krev at tilsette i Stab stiller opp og deler kunnskap slik at oppgåvene vert utført på ein god måte. Omorganisering krev også ekstra fokus på kvalitetssikring og kontroll. Opplysningar vedkomande tilsette, brukarar, organisering, økonomi med meir skal verifiserast og registrerast kontinuerleg i takt med dei endringar som skjer, og nye tilsette treng støtte i gjennomføring.

**Arbeidsmiljø:**
Kommunen har fire verdiar som skal vera styrande for utøving av arbeidet, og då særleg i samhandlinga mellom dei tilsette: Respekt – Omsorg – Tydeleg – Ærleg.
Når det gjeld tilsette i Stab er me tydelege på kva me kan forventa av kvarandre:
Me er rause med kvarandre, me rosar kvarandre både for innsats og resultat. Me har respekt for kvarandre og dei oppgåvene me har ansvar for, alle våre tilsette er like viktige, og ingen jobb er mindre verdt. Me er rollemodellar for kvarandre, både fagleg og personleg. Me er også fleksible i forhold til å hjelpa kvarandre når det er »toppar» på dei ulike avdelingane.

I 2016 vart det tilbode medarbeidarsamtale til alle tilsette, og det vart gjennomført samtale med dei tilsette som hadde ynskje om det. Arbeid med omorganisering har vore så omfattande at leiar valte å gjera det slik dette året.

Vernerunde vart gjennomført saman med verneombod seint i 2015, og det har vore jobba med å følgja opp det som var resultatet av denne. Alle punkta er no ferdigstilt.

Leiar og fagkoordinatorar har faste samarbeidsmøte kvar månad, og Stab har også møteplan for kvar enkelt avdeling der fokus er ansvars- og oppgåvefordeling, kunnskapsdeling, fagleg oppdatering, effektivisering, løysa utfordringar og byggja gode lag.

Stab har også hatt to store felles, personalmøte og felles julefrokost der alle 31 var samla.

Sjukefråveret var 3,4 % i 2016, ein reduksjon i frå 2015. Fråveret er kartlagt og avklara, oppfølging av tilsette er utført i tråd med det regelverket og dei rutinane som me har for dette i organisasjonen.

**Våre avdelingar:**
**Økonomigruppa:**
Har også hatt eit hektisk år med tanke på alle endringar som følgjer av omorganisering. Det er gjort endringar i høve rekneskap, budsjett- og økonomiplan- grunnlag. Gruppa med økonomisjef i spissen samarbeider med rådmann, sektorleiarar og einingsleiarar i enkelteiningar, og det har vore gjennomført opplæring i budsjettering og rapportering til alle einingsleiarar i organisasjonen.
Det vert rapportert gjennom månads- og tertialrapportar og andre økonomiske rapportar som blir etterspurt. Gruppa har også utvikla seg vidare som kompetansefora der saker og spørsmål av prinsippell økonomisk karakter vert tekne opp og drøfta. Faste møtetider i økonomigruppa gjer at saker enkelt kan meldast inn og handsamast samla.

**Tildelingskontoret:**

Er omhandla i sektor omsorg, helse og sosial.

**Økonomikontoret:**

Lønsgruppa har i løpet av 2016 hatt fokus på oppbygging av den nye organisasjonsstrukturen og har implementert nytt reiserekningsprogram, Visma Expense.

Lønsgruppa har eit godt samarbeid på tvers av dei ulike fagområde knytt til løn, og arbeider kontinuerleg med kunnskapsdeling og oppgåvedeling. Har fått utarbeida gode rutinebeskrivelsar knytt til arbeidsoppgåver.

I 2016 har lønsgruppa gjennomført kurs knytt til årsavslutning, feriepengar, avstemming og oppsett, løns- og pensjonskostnadar, fråvær og refusjon, sentralt oppgjer og berekning av kostandar, feriepengar av refusjon frå NAV og brukaradministrasjon.

Mange av kursa er nettbaserte, og alle tilsette på løn har delteke på desse kursa.

Ressurssituasjonen hos skatteoppkrevjaren er krevjande ut i frå saksmengde og dei arbeidsoppgåvene som dei har i dag.  Ein del av purringane er det sentral utsending av, men den tyngre innkrevjinga vert gjort manuelt. Skatteoppkrevjaren har og ansvar for innkrevjing av kommunale krav.  Nytt innkrevjingssystem for kommunale krav som vart teke i bruk hausten 2014 har fått ned restansane, og det er no god oversikt over restansane.

Avdelinga har god kompetanse når det gjeld innkrevjing og skatterekneskap.  Kompetansen vert vedlikehalden og oppdatert ved å delta på kurs og konferansar arrangert av Skatt Vest og NKK, samt Visma og SPN når det gjelder kommunal innkrevjing.

I 2016 er det jobba mykje med å få dokumentert internkontrollen vår, og mykje av dette er no på plass:  Det er laga skjema som syner månadlege, kvartalsvise og halvårlege internkontrollar.  Ansvar for dei ulike rapportane som skal kontrollerast er fordelt mellom tilsette.

Skatteoppkrevjaren har rutineskildringar som dekker dei fleste område, arbeid med oppdatering og endring pågår.

Kontoret hadde eit godt innkrevjingsresultat pr. 31.12.2016 i forhold til resultatkrava.

Ein 100% stilling er knytt til ansvar for arbeid med arbeidsgjevarkontroll, i tillegg kjøper Stab kontrolltenester frå Kemneren i Bergen. Skatteoppkrevjaren nyttar særnamsmannskompetansen fullt ut, og dette året er det varsla  94 utleggsforretningar. Me brukar ikkje særnamsmannskompetansen for kommunale krav i dag, dette vil me sjå nærare på i 2017.

Stab har i heile 2016 hatt fokus på å bruke alle fagsystem effektivt og fullt ut, og går gjennom arbeidsprosessar med mål om å effektivisera arbeidsoppgåvene våre så mykje som råd.

I 2016 er det jobba kontinuerleg med opplæring av tilsette som jobbar med innkjøp og fakturabehandling.  Hausten 2016 vart gjennomført felles opplæring av alle leiarar i kommunen. Det er nokre utfordringar knytt til korrekt bruk av fagsystema, dette arbeidet fortset i 2017.

To tilsette på rekneskap har i 2016 delteke på brukarmøte til Visma, ein tilsett har teke utdanninga Grunnkurs i kommunal økonomi arrangert av NKK, samt at tilsette har delteke på fleire Web baserte kurs gjennom Visma som går direkte på ulike fagområde.

Ei tilsett på rekneskap har fullført  «KS' sertifikat i offentlige anskaffelser».  Kurset har til formål å bidra til eit kunnskapsløft blant offentleg tilsette som har innkjøp som sitt arbeidsområde.  Det har gjeve auka forståing for og kunnskap om både regelverk og den innkjøpsfaglege sida av innkjøpa. Målet med kurset er at deltakeren skal kunna bidra til at det vert skapt arena for nettverk blant innkjøparar i kommunane.

Arbeidet med å flytta faktura bort frå papir og e-post og over til EHF faktura (elektronisk inn- og ut fakturering) pågår for fullt, bruken av dette formatet er arbeidssparande og vil også kvalitetssikra prosessane knytt til kommunale innkjøp.

Faktura inn til Kvinnherad kommune:



Som det raude feltet syner aukar bruken av ehf faktura kvart år (Blå er papir)

## Eigedomsskatt:

Stab har ansvaret for utskriving og sakshandsaming av eigedomsskatt i samsvar med vedtak i kommunestyret, og har i 2016 skrive ut eigedomsskatt for både næring og private eigedomar i kommunen. Ajourføring og taksering skjer dette året kontinuerleg i høve nybygg og endringar i bygningsmasse, slik er eigedomsskatteregisteret til ei kvar tid oppdatert. Det blei utskrive eigedomsskatt for ca. 80 mill. i Kvinnherad kommune i 2016.

Melding om skatt og takst vart utsendt 1. mars. På same dato blei skattelistene for offentleg ettersyn utlagd. Eigedomsskattekontoret mottok ca. 70 klager og 10 søknader om fritak for eigedomsskatt. Av desse blei 12 saker behandla av eigedomsskattekontoret som openbare feil. Sakkunnig nemnd ga delvis eller fullt medhald til klagar/ fritakssøknad i 42 saker. 19 klager og 5 søknader om fritak vart oversendt til sakkunnig ankenemnd for endelig vedtak. 2 saker blei lagt fram for formannskapet.
Ankenemnda vedtok taksten frå sakkunnig nemnd i 12 saker, 7 klager fekk delvis medhald og 1 klage fekk fullt medhald. Dei fem båtlaga som hadde søkt om fritak for eigedomsskatt etter §7a fekk alle fritak. Dei to fritakssøknadane som blei framlagt for formannskapet fekk ikkje medhald.

Det har vore jobba mykje med arbeidsrutinane rundt innkrevjing av eigedomsskatt dette året, og me forventar mindre klager og feil.

Samarbeidet mellom eigedomsskattekontoret og sakkunnig nemnd/sakkunnig ankenemnd har fungert på ein god og konstruktiv måte.

**Informasjonsavdelinga:**

Det vart dette året tilsett ny arkivleiar. Det har frå starten av 2016 vore stort fokus i media på arkiv og journalføring i Kvinnherad kommune, og dei tilsette på avdelinga har brukt mykje tid på å klargjera rutinane rundt dette. Det er positivt at arkiv får meir fokus i organisasjonen, og søkelyset frå media har gjort at mange tilsette er meir merksame i å sjå til at all post vert registrert etter kvart. Det har vore gjennomført opplæring til alle einingsleiarar og aktuelle saksbehandlarar, og målet framover er å styrka opplæring ut i organisasjonen ytterlegare.

Arkiv knytt til Overformynderiet sitt arbeid er dette året levert inn til fjernarkiv i Bergen, dette arbeidet har me brukt innleigde ressursar til.

Det har vore jobba mykje med rutinar og vedlikehald: Gjeld arkivplan, nye felles skrivereglar, elevarkiv, Visma Flyt skule og endring og fornying av eksisterande malar.

Kommunen kan syna til ei auke i journalføring – for registrerte saker 32 %, for registrerte journalpostar 15%. Det har vore lite tid til kurs for dei tilsette på avdelinga, dagleg drift har brukt tida – som nemnt tidlegare i meldinga er ressursane noko redusert. Fokus på å prioritera kompetanseauke i 2017. Tilsette har delteke på 2 samlingar hos IKAH (Interkommunalt arkiv Hordaland.)

Styringsplan for sals- og skjenkeløyve 2016-2020 vart utarbeidd og fremja politisk, samarbeidet med skjenkekontrollen er god, og det vart også dette året arrangert kurs i alkoholhandtering for alle nye tilsette på skjenkestader i kommunen.

**IKT avdelinga**:
Infrastruktur: I 2016 har IKT som i 2015 hatt fokus på forsterking av sentral infrastruktur og sikkerheit. Det er investert i brannmur og denne er no implementert. Kraftigare WLAN kontroller og ny VPN-løysning for heimekontor og ekstern tilknyting er i drift.
Det trådlause nettet er meir optimalisert, men framleis er det ein vei å gå for å få tilfredsstillande dekning og tettheit for alle kommunale lokasjonar. Fleire og fleire einheiter krev tilgang, og me ser at denne trenden kjem til å eskalera kraftig i 2017 og 2018.

På utelokasjonane er utført arbeid med skifte av nettverksutstyr, men framleis er infrastrukturen prega av at det ennå finst mykje eldre komponentar. Stort sett alle skulane har fått endra tilknytning til Kvinnherad Breiband for å få utnytta kapasiteten på eksisterande utstyr.
Som ein del av datasikring er hovudbackup dette året flytta frå rådhuset til Kvinnherad Breiband sine lokale i Dimmelsvik på dedikert fibersamband.

System/Program: Kvinnherad har to driftsmiljø på database. Mange leverandørar melder overgang frå Oracle DB til Microsoft SQL, og har stoppa support på Oracle- installerte løysningar. I 2016 fekk me konvertert tre fagsystem over på Microsoft SQL. Fagsystema Ephorte og Visma Enterprise ligg ennå på Oracle. Desse er planlagt flytta i løpet av 2017 og første kvartal 2018.

Revisjonen har tidlegare påpeika svakheit med handtering av brukar-identar. I desember 2016 vart eADM innført, for å automatisera oppretting og deaktivering av brukarpåloggingar. Dette skjer då basert på registrert start og slutt dato i Visma HRM (lønssystemet vårt). Dette skal ivareta i den tilsette kun skal ha tilgong til dei systema som er naudsynt for å kunna gjera utføra oppgåvene vedkomande har ansvar for.

I sektor oppvekst vart alle elev-, og mange tilsette sine PC`ar reinstallert med Windows 10 operativsystem. Samtidig er det i større grad teke i bruk Office 365 i skule, med automatisk pålogging mot Office365 med FEIDE ident. Denne løysinga er levert av Identum.

For overvåking av nettverk og server er det installert ein OpenSource løysning (CheckMK) med varsling til e-post eller SMS ved fråfall av tenester.

Organisering/drift – support: Dette året har me hatt fokus på å spissa kompetansen hos kvar tilsett mot definerte ansvarsområder. Tidlegare delte dei fleste i avdelinga ansvaret for dagvakt. Denne er no lagt til kun 2 personar. Dette frigjev ressursar til å jobba inn mot enkeltområde.

I 2016 er det registert i supportsystemet:
2688 saker – 2587 av desse avart også vslutta i 2016.
741 av sakene er knytt direkte til brukar-ID og tilgangsstyring. Me skal i 2017 ha fokus på å registrera alle saker, me ser dette året at mange fleire saker er behandla – men ikkje registrert.

Opplæring: 1 person har delteke på kurs i Office 365 / Sharepoint for redaktørar.
3 personar har delteke på 2 dg workshop lokalt på ny brannmur v/Atea Bergen
Det har vore arrangert fagdag for heile avdelinga med fokus på Office 365 / framtid strategi / ROS-analyse Compilo
I tillegg har det vore fokus på internopplæring innan server/nettverk
Lærling har etter avtale med Kvinnherad Breiband vore utplassert i to – tre veker.

Avtalar: Me har hatt lisensrevisjon frå Microsoft representert av Atea. Revisjonen avdekka ikkje noko alvorlege avvik i forhold til lisensavtale, og det har ikkje vore reaksjonar frå Microsoft etter innrapportering. Dette har vore ei nyttig kartlegging for oss, fordi me skal inngå ny avtale som i mars 2017.

Me går mot siste opsjons-år (2017) med Atea på leveranse av konsulent/utstyr. Arbeid med ny anbodsrunde startar før sommaren 2017.
Oracle – redusert 1 lisens (sikker sone) overgang til SQL (ingen økonomiske kutt før i 2017).
EMC Backup – sagt opp avtale. Styrking av avtale m/Veeam Backup.

Digitalisering: Inngått avtale m/Visma og Ephorte (Evry) vedkomande digital sending.
Sektor oppvekst har teke i bruk integrasjon mellom VFS og arkiv i større grad. Meir av sakshandsaminga er flytta frå ePhorte til VFS med automatisk arkivering.

Innføring Kjernejournal: Kjernejournal er ei elektronisk teneste som inneheld viktige opplysningar om innbyggjar si helse. Både innbyggjar og helsepersonell har tilgang til informasjonen i denne tenesta. Ved akutte hendingar har helsepersonell rask og sikker tilgang til opplysningane i den enkelte sin kjernejournal.

Hendingar: Virusangrep – CryptoLocker/RansomeWare
Kommunen hadde i 2016 eit større angrep som krypterte omlag 200.000 filer på felles filserver.
Angrepet vart utløyst av vedlegg på ein e-post inn til kommunen. Filene blei tilbakeført frå backup kl 02.00. Ingen kjente kritiske data gjekk tapt. IKT har seinare innført fleire tiltak for å redusera risiko og konsekvens. Mellom anna ved blokkering av vedlegg og hyppigare backup.

**Kven er brukarane våre:**

Stab har brukarar i alle dei andre einingane og avdelingane i organisasjonen, og har i tillegg oppgåver i forhold til politikarar og til innbyggjarar i kommunen. Me er på god vei til å lukkast med å få til samarbeid på tvers av avdelingar, og har dagleg fokus på god arbeidsflyt både på og på tvers av avdeling, og ut til våre samarbeidspartnarar i organisasjonen.

På dette grunnlaget vidareutviklar me gode og effektive tenester ut mot brukarane. For at tenestene våre skal kunna følgja den digitale utviklinga som er i samfunnet elles, er det heilt nødvendig at me klarar å frigjera ressursar slik at strategi- og utviklingsoppgåver ikkje vert «slukt av» dagleg drift. Dette har vore ei stor utfordring for oss dette året, og me prøver i ein travel kvardag å gje brukarane våre fagleg og god rettleiing knytt til enkeltsaker, og me har også på alle våre område lukkast med å kursa tilsette i organisasjonen gjennom læringssamlingar, både her på rådhuset og ute i einingane.

**Om økonomiarbeid i Stab:**

Me har vore svært nøye med å halda vedteke budsjett mellom anna gjennom fokus på god prosjektstyring med tydelege krav og forventningar til våre leverandørar i høve kvalitet, omfang og kostnad.

Me har opparbeidd oss god oversikt og kontroll på eksisterande avtalar med leverandørar av fagsystem, alle avtalar har vorte gjennomgått, og er forhandla med innsparing som resultat. Me stiller tydelege krav til vedlikehald og brukarstøtte frå leverandørane si side. Nokre modular og abonnement er avslutta også dette året, og me har strenge prioriteringar på innkjøp.

Det er ikkje nytta vikarar ved fråvere. Me nyttar eigne ressursar på alle fagområde, det er att kun nokre få spesialområde der våre tilsette ikkje kan ha uttømande kunnskap. Dette gjeld først og fremst IKT avdeling som har ansvar mykje teknologi innan omsorg og helse, oppvekst, økonomi og andre administrative system. Dette vil nødvendigvis medføra ein viss bruk av konsulentar utanfrå, sjølv om me har konkrete planar om auka kompetanse, og håpar å kutta konsulentkostnader noko.

**Økonomiske resultat i Stab:**
Resultatet for 2016 syner eit overskot. Stab har ikkje fått refusjon for stillingar som skulle vore løna frå investeringsbudsjett Teknikk og Miljø. Det er heller ikkje kravd inn kostnader knytt til porto frå dei andre einingane. Stab har ikkje budsjettpost for fellesutgiftene knytt til porto, men har dekka alle dette året. Inntekter frå sjølvkostområda er lagt til dette året, men framover vil ramma for Stab verta redusert tilsvarande.

| Årsresultat for Stab | Regnskap | Budsjett | Avvik kr | Forbr % | Buds m/endr | Forbr % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **42 793 567** | **44 489 305** | **-1 695 738** | **96** | **46 197 215** | **97** |
| LØNN OG SOSIALE UTGIFTER | 27 298 137 | 26 721 169 | 576 968 | 102 | 28 712 406 | 96 |
| FORBRUKSMATERIELL,KURS, REISER | 8 307 307 | 8 594 504 | -287 197 | 97 | 9 080 657 | 91 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| INVENTAR, UTSTYR, VEDL., MATERIELL | 1 418 754 | 1 556 096 | -137 342 | 91 | 1 786 788 | 117 |
| KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 10 153 378 | 10 602 521 | -449 143 | 96 | 10 635 761 | 101 |
| OVERFØRINGAR | 2 241 007 | 2 095 348 | 145 659 | 107 | 1 943 098 | 122 |
| FINANSUTG. OG TRANSAKSJONER | 11 018 | 1 000 | 10 018 | 1 102 | 1 000 | 1 423 |
| SALGSINNTEKTER | -5 572 931 | -4 621 040 | -951 891 | 121 | -4 086 276 | 117 |
| REFUSJONAR | -881 160 | -239 128 | -642 032 | 368 | -1 655 054 | 82 |
| FINANSINNTEKTER OG FINANS.TRANS. | -181 942 | -221 165 | 39 223 | 82 | -221 165 | 72 |

# ÅRSMELDING 2016 FOR SEKSJON FORVALTNING

## GENERELT

Årsmeldinga er redigert ut frå organiseringa i *Organisasjonplanen for nye Kvinnherad kommune* (forvaltning som eigen seksjon), men omfattar berre fagområda *Byggesak, Oppmåling* og *Private reguleringsplanar*. Øvrige fagområde: *Miljøretta helsevern, Eigedomsskatt, Følgjekort, Parkeringsløyve og Transportordning for funksjonshemma* vert for meldingsåret rapporterte under Sektor helse og omsorg samt Seksjon stab.

Byggesak og private reguleringsplanar er reine sjølvkostområde, medan Oppmåling omfattar Kartforretning (sjølvkost), Kartforvaltning og Utstikking bygg.

## Resultat for brukarane.

**Tal saker som verksemda har førebudd for behandling i politiske organ:**

| | 2016 | **2015** | **2014** | **2013** | **2012** |
|---|---|---|---|---|---|
| Forvaltningskomiteen | **150** | 134 | 176 | 173 | 201 |
| Kommunestyret | **13** | 19 | 25 | 14 | 21 |
| Formannskapet | **28** | 29 | 30 | 41 | 27 |

**Tal saker der verksemda har gjort delegerte administrativt vedtak:**

| | 2016 | **2015** | **2014** | **2013** | **2012** |
|---|---|---|---|---|---|
| Delegerte vedtak | **582** | 557 | 641 | 628 | 764 |

**Resultat frå dei ymse fagområda :**

| | 2016 | **2015** | **2014** | **2013** |
|---|---|---|---|---|
| Oppmålingsforr. m/matrikkelbrev | **122** | 112 | 112 | 148 |
| Andre mindre oppmålingssaker | **59** | 92 | 100 | 60 |
| Tildelte nye adresser | **103** | 350 | 551 | 577 |
| Nye vegnamn | **0** | 8 | 30 | 1 |
| Eigarseksjoneringar | **12** | 8 | 14 | 14 |
| Søknader byggesak | **341** | 331 | 319 | 299 |

**Dispensasjonar politisk behandling:**

| | 2016 |
|---|---|
| Behandla dispensasjonssaker | **65** |
| Positiv innstilling rådmannen | **56** |
| Negativ innstilling rådmannen | **9** |
| Positivt vedtak forv.komiteen | **61** |
| Avslag | **4** |
| Saker som omfatta strandson (pbl §1-8) | **26** |
| Godkjende §1-8 | **26** |

**Dispensasjonar godkjende av rådmannen på delegasjon:**

| | 2016 |
|---|---|
| Behandla dispensasjonssaker | **62** |
| Saker som omfattar strandsona (pbl 1-8) | **39** |

**Klagesaker:**

| | 2016 |
|---|---|
| Behandla klagesaker | **11** |
| Klagen teken til følgje i forv.komiteen | **3** |
| Ikkje til følgje | **8** |
| Avgjort fylkesmannen | **7** |
| Stadfesting | **5** |
| Omgjering | **2** |

## ANALYSE OG KOMMENTARAR TIL BRUKAR-RESULTAT:

Produksjonen har jamt over vore høgare enn året før. I dei 9 første månadane nytta ressursar frå planavdelinga på byggesak for å ta ned restansane. Mot slutten av året måtte arealdelen til kommuneplanen prioriterast, og restansane på byggesak vart stigande. Byggesak har heller ikkje ressursar til å gjennomføra lovpålagt tilsyn. Oppmåling og Private reguleringsplanar er bra dimensjonerte i høve til saker.

For dispensasjonssaker og klagesaker har vi ikkje samanliknbare registreringar frå tidlegare år.

Tal dispensasjonar er venta å gå ned når den nye arealdelen til kommuneplanen vert vedteken. Delegerte dispensasjonar er for det meste kurante formalitetar som er naudsynte td grunna manglande byggegrense mot sjø i reguleringsplanar. Slike byggegrenser samt andre grep i føresegnene i den nye arealdelen, vil få umiddelbar verknad på tal dispensasjonar når planen vert gjort gjeldande. Andre dispensasjonar vil også verta gradvis reduserte med oppdaterte planar og betre plandisiplin.

# Resultat for medarbeidarane

- ✓ Sjukefråværet var 4,3%,  ikkje arbeidsmiljørelatert.
- ✓ Dei tilsette hadde  medarbeidersamtale med leiar.
- ✓ Nytt kartprogram for sakshandsamarar: Kommunen skifta til WEB-basert kartprogram *Kommunekart PROFF* med ei meir moderne og raskare programvare som gjev tilgang til kart og matrikkelopplysingar også på nettbrett og mobil. Programmet vart innkjøpt i 2016, men full implementering i organisasjonen skjer i 2017.

### ANALYSE OG KOMMENTARAR TIL MEDARBEIDAR-RESULTAT:

Fysisk og psykososialt arbeidsmiljø er godt i heile seksjonen.

Medarbeidarane møter nye utfordringar og oppgåver på ein positiv måte trass i til dels knappe ressursar. Dei er kreative og løysingsorienterte.

## RESULTAT FOR SAMFUNNET

- ✓ Vegnamn: Det  vart ikkje tildelt nye vegnamn i 2016. Nye bustader og hytter vert tildelt vegnummer etter kvart dei vert byggemelde.
- ✓ Nye kart: Kommunen fekk ikkje utarbeidd nye kart i geodatasamarbeidet i meldingsåret. Arbeidet med å laga historiske ortofotokart for Kvinnherad starta opp. Leveranse i 2017. Flybilda er frå 1963/1964.

### ANALYSE OG KOMMENTARAR TIL RESULTAT FOR SAMFUNNET:

Alle adresseverdige eigedommar i Kvinnherad har no offisiell adresse (vegnamn og husnummer). Kommunen er ajour med etterslep og nye adresser i meldingsåret vart knytte til allereie oppretta vegnamn.

Kommunen er med i det avtalefesta geodatasamarbeidet *Geovekst* om etablering, drift og vedlikehald av kartdata og ortofoto. Geovekstpartane er: Statens kartverket, Statens vegvesen, energiforsyninga, kommunane, Telenor og landbruket. Alle partane deler på kostnadane etter nytte. Ingen utgifter for Kvinnherad i 2016, men utgifter til vedlikehald i 2017 og 2018.

# Økonomiske resultat

**Seksjon forvaltning, samla resultat**

| POST | **Rekneskap 31.12.2016** | **Budsjett 2016** | **Avvik %** | Rekneskap 31.12.2015 | Budsjett 2015 | Avvik % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Lønsutgifter** | **6 511 788** | **6 485 849** | **100** | 6 492 987 | 6 990 439 | 93 |
| **Utgifter (driftsutg, avsetn. og overfør.)** | **1 676 934** | **2 829 483** | **59** | 2 859 091 | 2 096 086 | 136 |
| **Inntekter (gebyr, refusjonar, bruk av fond og overfør.)** | **-6 817 066** | **-7 759 734** | **88** | -7 401 872 | -7 875 857 | 94 |
| **Netto drift** | **1 371 656** | **1 555 598** | **88** | 1 950 206 | 1 210 668 | 161 |

**Resultat sjølvkostområda:**

| *Sjølvkostområde* | *Utgifter (Direkte og indirekte)* | *Brukar-betaling Gebyr* | *Resultat* | *Sjølvkost-del* | *Sjølvkostfond* | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | *31.12.15* | ***31.12.16 **** |
| *Reguleringsplanar* | 530 985 | 429 218 | **-101 767** | **81%** | -510 763 | **-621 988** |
| *Byggesak* | 2 579 106 | 2 926 823 | **347 717** | **113%** | -95 817 | **253 214** |
| *Kartforretning* | 2 783 502 | 2 822 505 | **39 003** | **101%** | 127 606 | **169 086** |

*Inklusiv renter

## ANALYSE OG KOMMENTARAR TIL ØKONOMISKE RESULTAT:

Samla resultat

Seksjon forvaltning gjekk med overskot i 2016 grunna større gebyrinntekter enn budsjettert og elles stram økonomistyring. Utgifter og inntekter er til dels vesentleg større i rekneskapen enn i budsjettet. Dette har si årsak i interne overføringar som ikkje var budsjetterte og tilsvarande vert ein del inntekter og utgifter ved årsslutt balanserte mot fond. I komande budsjett lyt det leggjast vekt på meir realistisk budsjettering.

Sjølvkostområda

Private reguleringsplanar og Byggesak hadde opparbeidd eit underskot frå tidlegare år. Kommunestyret justerte satsane frå og med 01.01.2016.

Privat reguleringsplanar hadde nytt underskot i 2016, og driftsfondet har pr 31.12. ein høg negativ verdi. Byggesak gjekk med overskot i 2016 og driftsfondet har positiv verdi pr 31.12. Kartforretning hadde med seg overskot frå 2014 og 2015 og sjølvkostfondet har med overskot også i 2016 positiv verdi.

Det er utfordringar knytt til å balansera sjølvkostfonda, då dei baserer seg på eingongsgebyr og volumet varierer frå år til år. For 2017 er sjølvkostgebyra justerte i tråd med konsumprisindeksen

# ÅRSMELDING FRÅ SEKSJON FOR LØN OG PERSONAL

Seksjon for løn og personal er ny i den nye organisasjonen. Pr 31.12.16 var det 5 personar og 4,3 årsverk på denne seksjonen. I tillegg er organisering av lærlingane knytt til denne avdelinga.

Oppgåvene er primært knytt til interne tilhøve. Rettleiing og rådgjeving internt i organisasjonen samt utviklingsarbeid innan fagfelta er saman med rekruttering viktige oppgåver for seksjonen. I tillegg til løn og andre utbetalingar internt i organisasjonen har avdelinga og ansvar for lønsarbeid for Kvinnherad kyrkjeleg fellesråd. Avdeling for løn har i 2016 vore in del av stab. Viser her til årsmelding under «stab».

## Tilsette i Kvinnherad kommune.

Kvinnherad kommune hadde pr 31.12.2016 1451 tilsette (i faste stillingsprosentar eller i vikariat). Til saman utgjorde det 1058 årsverk. Samla sett er dette ein auke på om lag 18, 5 årsverk sidan 2015.

| | Tilsette 31.12.2015 | Årsverk 2015 31.12,2015 | Tilsette 2016 31.12.2016 | Årsverk 2016 31.12.2016 |
|---|---|---|---|---|
| Sektor for oppvekst | 493 | 411 | 493 | 414,7 |
| Sektor for omsorg, helse og sosial | 718 | 474,3 | 736 | 488,6 |
| Sektor for miljø og teknikk | 167 | 85 | 164 | 84,7 |
| Stab / løn og personal, seksjon forvaltning og seksjon for kultur og utvikling | 72 | 69,2 | 75 | 70 |
| Kommunen samla | 1431 | 1039,5 | 1451 | 1058 |

Kommentarar til tabellen:

- Det vil væra noko avvik i høve til totalt antal tilsette dersom ein summerer tilsette i dei ulike gruppene i tabellen. Grunnen til dette er at dei har stillingar i fleire sektorar. I siste linja ser ein antal personar som er tilsett i kommunen.
- Sektor for oppvekst har hatt ein relativt liten auke. Dette til tross for nye bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar. Ser ein bort frå dette har sektoren hatt ein reduksjon i antal årsverk. Skule har redusert med 6, 5 årsverk og barnehagane med 3,3.
- Sektor omsorg, helse og sosial har hatt den største auken. Her er det ein relativt høg vikarbruk og fleire tilsette har på bakgrunn av dette gjort krav på høgare stilling. Ved å nytte desse i vikarpool-ordningar vil ikkje dette nødvendigvis bety høgare utgiftter.
- Sektor for teknikk og miljø har om lag dobbelt så mange tilsette som årsverk. Hovudårsaken til dette finn vi innan brannvesenet. Dei som er «frivillige» deltidsbrannmenn har godtgjort for 1,03% stilling som er minimum i samband med øvingar. Kvinnherad kommune er største tropp av dette slaget i Hordaland.

# Rekruttering

Kvinnherad kommune ser framleis ut til å væra ein arbeidsplass som det i det hovudsak er greitt å rekruttere arbeidskraft til. Med få unntak har kommunen klart å skaffa seg den kompetansen ein etterspør, men sjukepleiarar og vernepleiarar har vi det siste året sett at det har vore større utfordringar å rekruttera.

Geografi er i nokre høve ei utfordring. Det er i større grad eit arbeidsmiljø i Kvinnherad enn det er i kommunane rundt større byar med fleire pendlarmuligheter. Internt i kommunen er og geografi ei utfordring. Små fagmiljø har større utfordringar enn større og sentralt plasserte fagmiljø med å rekruttera. Dette har mellom anna vore medverkande til at ein innan pleie og omsorg har nytta noko vikarbyrå.

I 2016 har kommunen tilsett fleire leiarar i samband med omorganisering. Dei fleste av desse er rekruttert internt. Sektorleiarstillingane vart utlyst eksternt, men og her var det interne søkjarar som fekk stillingane.

Og i 2016 har kommunen vore representert ved sunnhordlandstreff og ved lokal yrkesmesse.

# Likestilling.

Heile 82% av alle årsverk i kommunen vert utført av kvinner. Kommunale yrke som t.d lærar og lege, som tidlegare hadde stor andel av menn, får stadig fleire kvinner, medan yrke som t.d ingeniør som var mannsdominert også rekrutterer kvinner. Det er likevel barnehagesektoren og pleie/ omsorg som skil seg ut som dei områda med størst kvinneandel.

Til tross for dette har ikkje kommunen innført nokon form for direkte kvotering. Samstundes er det tenester kor ein ser det som viktig å ha kjønnsbalanse. Då kommunen tilsette personal til bustad for einslege mindreårige flyktningar var kjønn ein del av vurderinga. Dersom ein er to på arbeid samstundes er det ynskjeleg med ein mann og ei kvinne. I utlysinga stod det at best mogeleg kjønnsfordeling bli vektlagt ved tilsetting.

I kommunen har tilsette lik løn for likt arbeid. Utdanning, ansvar og oppgåver i stillinga er avgjerande for lønsplasseringa, ikkje kjønn.

Vidare er likestilling på andre områder teke i vare gjennom tilsetjingsreglement og personalhandboka.

# Sjukefråvær

I 2016 hadde Kvinnherad kommune eit godt resultat i høve sjukefråvær, med eit fråvær på 7,0 prosent. Som ein kan sjå under er det ein positiv trend dei siste åra, men 2016 viser eit særskild bra resultat for kommunen totalt sett. Sidan 2009 og fram til 2015 har sjukefråværet vore mellom 8,9 % og 7,6%. I Kvinnherad kommunen vert om lag 82 prosent av alle årsverk utført av kvinner. Av naturlege årsaker har kvinner høgare sjukefråvær enn menn. Hjå oss er sjukefråværet blant menn 3,4 prosent for 2016  og 7,8 prosent for kvinner.




Kommunen er ei IA-verksemd (inkluderande arbeidsliv) og arbeider tett med NAV-arbeidslivsenter. I dette arbeidet er det fokus på førebygging og tilrettelegging i tillegg til å fylgje opp kvar einskild arbeidstakar. Inkluderande arbeidsliv er eit samarbeid som er forankra hjå tre partar (arbeidstakar/arbeidsgjevar og stat). Det er difor av stor verdi at vi også på kommunenivå har god dialog med fagforeiningane og NAV i dette arbeidet. Dei tilsette sine representantar sine bidrag er svært positive i dette arbeidet.

Ser vi meir i detaljert på sjukefråværstala frå 2016 ser vi store variasjonar frå eining til eining. Det positive er at vi er nå er svært nær å nå det som partane lokalt i 2014  sette som mål innan 2017. Her var målet eit samla sjukefråvær på under 7% og at ingen fagområde skal ha over 10 %.

Mange av einingane arbeider målretta for å få ned sjukefråværet. Det viktigaste arbeidet skjer her i møte mellom arbeidstakar og leiar. Det blei også gjennomført miniseminar med fokus på sjukefråværsoppfølging for rundt 90 personer i kommunen. Gruppa bestod av leiarar, mellomleiarar, verneombod og tillitsvalde.

# Lærlingar

Kvinnherad kommune har i 2016 hatt lærlingar innan barn/ungdom, helsefag og IKT. Kommunen har forventningar knytt til seg om at ein skal ha minst ein lærling pr. 1000 innbyggar. I Budsjettvedtaket for 2016 fekk rådmannen signal om at dette skulle aukast. I 2016 tok kommunen difor imot 10 nye lærlingar. 31.12.16 hadde kommunen 18 lærlingar.

# Kompetanse og læring.

Etter at kommunen la om til elektronisk søknad om støtte til utdanning har det kome inn fleire søknader om støtte til vidareutdanning enn føregåande år. Budsjettet for kompetansehevande tiltak på tvers av kommunen ble likevel redusert til 50.000,- for 2016. Noko som ikkje ga rom for å tildele støtte for nye søknader i 2016. Årsrekneskapet for 2016 viser eit overforbruk på 27.230,- sjølv om kommunen berre har betalt ut støtte til dei som kommunen allereie hadde inngått avtale med i 2015, samt naudsynt oppdatering i forhold til fagsystemet Visma rekruttering.

I 2016 har kommunen følgd nasjonale satsingsområder på kompetanse- og innovasjonstilskot 2016. Det er 7 leiarar i pleie- og omsorg som har vore på leiarutdanning i løpet av 2016 og 4 av desse ble ferdig med studiet i løpet av 2016. Resterande 3 er forventa å bli ferdig i løpet av 2017.

Kommunen har fortsatt fokus på å gje ufaglærte med lang realkompetanse hjelp og støtte til å ta grunnutdanning på deltid. 11 tilsette er i gang med desentralisert sjukepleie og 7 tilsette ble ferdig med desentralisert vernepleie i løpet 2016. Elles kan det nemnast at 6 tilsette dreiv med vidareutdanning på høgare plan, kor 3 av dei vart ferdig med studiet i løpet av 2016. Vidareutdanning innan psykisk helsearbeid og rusarbeid, eldreomsorg/demens og habilitering/rehabilitering er døme på utdanningar som ble prioritert både frå kommunen og fylkesmannen. Det ble også gjennomført kurs i kvardagsrehabiliterings i kommunal regi, med pengestøtte frå fylkesmannen.

2016 var også eit år kor sektor for omsorg, helse og sosial satsa på vidareutdanning innan «Helse og omsorg i plan» og «Omsorgsteknologi». Sektoren har brukt av kompetansefondet som tilhøyrar sektoren, for å starte vidareutdanning for 5 innan «Helse og omsorg i plan» og 9 innan «Omsorgsteknologi». Utdanninga starta haust 2016 og er forventa ferdig i 2017. Det ble også brukt frå nemnde fond i samband med implementering og gjennomgang av nye informasjonssikkerheitsrutinar i internkontrollsystemet Compilo.

Innan sektor oppvekst er det større grad av statlege vidareutdanningar. Dette står omtalt i samband med meldinga frå sektoren.

# ÅRSMELDING 2016 FOR POLITIKK

Politikk omfattar ansvara Politikk 3100 (som er felles for ordførar, politikarar i kommunestyre, formannskap, levekårskomite, forvaltningskomite, administrasjonsutval og klageutval. Investeringsutval, politisk sekretariat, eigedomskattenemnd, stønad politiske parti, val og kontrollutval har alle eigne ansvar inne under dette området.



# Oversikt møte i 2016:

Kommunestyret – 8 møte med i alt 84 saker

Kommunestyret har også gjennomført 2 dagar folkevaltopplæring

Formannskapet – 13 møte – 110 saker

Forvaltningskomiteen – 8 møte – 158 saker

Levekårskomiteen – 8 møte – 43 saker

# Økonomiske resultat

Budsjettet for området Politikk vart redusert tilbake i 2015, fordi tal på komitear vart redusert. I tillegg vart dei politiske møta flytta til ettermiddag/kveldstid, for å gje innsparing i tapt arbeidsforteneste. I 2016 har denne måten å organisera området politikk halde fram.

**Økonomiske resultat for Politikk:**

Det endelege rekneskapet for 2016 syner eit overskot slik:

| POLITIKK | Regnskap 2016 | Budsjett 2016 | Avvik kr | Forbruk % |
|---|---|---|---|---|
| | **5 187 635** | **5 254 880** | **-67 245** | **98,72** |
| **LØNN OG SOSIALE UTGIFTER** | 3 456 958 | 3 616 328 | -159 370 | 95,59 |
| **FORBRUKSMATERIELL,KURS, REISER** | 905 107 | 1 002 914 | -97 807 | 90,25 |
| **INVENTAR, UTSTYR, VEDL., MATERIELL** | 584 748 | 632 378 | -47 630 | 92,47 |
| **KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE** | 378 946 | 218 000 | 160 946 | 173,83 |
| **OVERFØRINGER** | 245 439 | 258 009 | -12 570 | 95,13 |
| **SALGSINNTEKTER** | -26 962 | -11 906 | -15 056 | 226,46 |
| **REFUSJONER** | -43 318 | 0 | -43 318 | 0,00 |
| **OVERFØRINGER** | -226 451 | -210 429 | -16 022 | 107,61 |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANS.TRANS.** | -86 832 | -250 414 | 163 582 | 34,68 |

# SEKTOR FOR OPPVEKST OG KULTUR

## Om sektoren

I sektor for oppvekst er det tjuetre einingar;  elleve skular, tre oppvekstsenter, seks barnehagar, ein kulturskule, eitt bibliotek og tiltak og teneste for barn og unge (TTBU) som omfattar barnevern, helsestasjon og pedagogisk, psykologisk teneste (PPT).

I samband med omorganiseringsprosessen i Kvinnherad har det vore mindre justeringar innafor oppvekst. Fleire oppvekstsentre er blitt oppløyste, noko som har ført til at barnehagar har blitt eigne einingar. Vaksenopplæringa har gått over til sektor for omsorg og helse og biblioteket og kulturskulen er blitt sjølvstendige einingar i sektor for oppvekst.

Sektoren har ansvar for  tenestetilbodet til barn og unge mellom 0 – 20 i kommunen og har i oppgåve å samarbeida og handla saman på tvers av einingane for å gje alle best mogleg tilbod innafor dei rammene ein har. Saman med dei andre sektorane er satsinga på «betre tverrfagleg innsats» (BTI) eit tiltak for å auka samhandlinga og samarbeidet. Kommunen vil søkja helsedirektoratet om midlar og deltaking i prosjektet våren 2017.

Det er ei styrt utvikling at tenestetilboda skal ytast nærast mogleg brukaren og sektoren er prega av mange små  og desentraliserte einingar.

## Skulane

### ELEVAR -  LÆRARAR -  SKULAR

Tal frå Utdanningdirektoratet sin digitale portal «skoleporten» viser at både tal på skular, elevar og lærarar har gått ned  i Kvinnherad dei siste fem åra.

| Indikator og nøkkeltall | 2012-13 | 2013-14 | 2014-15 | 2015-16 | 2016-17 |
|---|---|---|---|---|---|
| Talet på elevar | 1 775 | 1 754 | 1 745 | 1 730 | 1 698 |
| Talet på skolar | 18 | 17 | 17 | 17 | 15 |
| Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon | 144 | 142 | 142 | 138 | 133 |
| Talet på lærarar | 223 | 221 | 226 | 219 | 212 |

Kvinnherad kommune, Grunnskole, Elevar, lærarar, skolar, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

I 2016 var det ein reduksjon med 32 elevar i grunnskulen i Kvinnherad. To skular vart avslutta. Brekke skule på Fjelberg hadde berre ein elev att og foreldra på Varaldsøy valde å søkja borna sine frå Trå skule til Hatlestrand skule på Nordsida Oppvekstsenter.

| Indikator og nøkkeltall | 2012-13 | 2013-14 | 2014-15 | 2015-16 | 2016-17 |
|---|---|---|---|---|---|
| Årsverk for undervisningspersonale | 187,2 | 183,2 | 180,8 | 177,4 | 170,4 |
| Antall elever per årsverk til undervisning | 11,0 | 11,1 | 11,0 | 11,3 | 11,6 |
| Antall assistentårsverk i undervisningen | 33 | 32 | 28 | 28 | 24 |
| Antall elever per assistentårsverk i undervisningen | 53,7 | 54,6 | 62,7 | 61,4 | 72,2 |
| Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk | 17,7 | 17,5 | 15,4 | 15,9 | 13,8 |
| Lærertetthet 1.-7. trinn | 11,6 | 11,6 | 11,7 | 11,7 | 12,6 |
| Lærertetthet 8.-10. trinn | 12,9 | 13,5 | 13,0 | 14,3 | 13,3 |
| Lærertetthet i ordinær undervisning | 14,5 | 14,6 | 14,7 | 15,1 | 15,7 |
| Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning | 97,0 | 98,4 | 97,2 | 96,0 | 92,6 |
| Lærertimer som gis til undervisning | 114 772 | 112 096 | 112 160 | 108 661 | 104 178 |
| Undervisningstimer totalt per elev | 65 | 64 | 64 | 63 | 61 |

Kvinnherad kommune, Grunnskole, Undervisningspersonell, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Av tabellen over kan ein sjå at ressursane til grunnskulen i Kvinnherad har blitt redusert kvart år dei siste åra. Det er naturleg at ressursane går ned i takt med elevtalet, men tabellen syner at ressursane er gått meir ned enn det reduserte elevtalet skulle tilseia. Lærartettheten på alle trinn syner nedgang. Det vil seia at kvar lærar har fleire elevar i gruppene. Lærartetthet i den ordinære undervisninga ( då er spesialundervisninga teke bort) har gått frå 14,5 til 15,7 dei siste fem åra.

I tabellen under kan me samanlikna tala for Kvinnherad i tabellen over med Hordaland fylke og Nasjonen i 2016. Me ser då at Kvinnherad kommune ligg under både fylke og nasjonen i tal elevar per årsverk til undervisning og i lærartetthet. Lærartetthet i ordinær undervisning ligg på 17 i Hordaland og 16,8 nasjonalt. Når gjennomsnittet i Kvinnherad ligg på 15,7 er det viktig å ta med seg at storleiken på skulane varierer mykje i kommunen vår og at snittet på elevtal i undervisningsgruppene er ulikt frå skule til skule. Dei største skulane har mange elevar i gruppene medan dei minste skulane har svært få. Variasjonen her er frå Husnes ungdomsskule som har eit snitt på 22,6 elevar i undervisningsgruppene medan Åkra skule har eit snitt på 7,5 elevar.

| Indikator og nøkkeltall | Kvinnherad kommune | Hordaland fylke | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Årsverk for undervisningspersonale | 173,7 | 5 806,1 | 58 421,0 |
| Antall elever per årsverk til undervisning | 11,6 | 12,3 | 12,1 |
| Antall assistentårsverk i undervisningen | 25 | 854 | 8 868 |
| Antall elever per assistentårsverk i undervisningen | 69,4 | 74,0 | 71,0 |
| Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk | 14,4 | 14,7 | 15,2 |
| Lærertetthet 1.-7. trinn | 12,6 | 13,3 | 13,2 |
| Lærertetthet 8.-10. trinn | 13,3 | 14,7 | 14,0 |
| Lærertetthet i ordinær undervisning | 15,7 | 17,0 | 16,8 |
| Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning | 92,7 | 98,1 | 95,5 |
| Lærertimer som gis til undervisning | 106 394 | 3 657 252 | 36 990 466 |
| Undervisningstimer totalt per elev | 61 | 58 | 59 |

Kvinnherad kommune, Grunnskole, Undervisningspersonell, Alle eierformer, 2016-2017, Alle trinn, Begge kjønn

# Driftsutgifter i skulane

Tabellen og diagrammet under viser netto driftsutgifter til grunnskule pr innbyggjar 6 – 15 år dei siste fire åra i Kvinnherad, Hordaland og nokre samanliknbare kommunar.

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 92 742 | 96 328 | 95 782 | 99 980 |
| Hordaland | 79 279 | 80 790 | 82 705 | 84 060 |
| Kostragruppe 11 | 85 629 | 87 971 | 89 369 | 91 343 |
| Mandal | 64 682 | 70 230 | 72 985 | 75 681 |
| Stord | 76 162 | 79 063 | 81 268 | 82 792 |
| Voss | 84 702 | 88 871 | 92 158 | 93 411 |




I Kvinnherad kommune var netto driftsutgifter per grunnskuleelev om lag 100 000 kr i 2016. I samanlikning med andre kommunar og fylket ligg forbruket i grunnskulen i Kvinnherad på eit høgt nivå. Dette heng saman med det låge elevtalet i mange klassar. Lærartettleiken i mange grunnskular i Kvinherad er stor. I skulebruksplanen ( Politisk vedtak i 2015) er tilhøvet mellom økonomi og storleik på skular/klassar omhandla. Her vart det synt til at skular med elevtal på rundt 300 elevar og med to parallelle klassar er økonomisk effektive i drift. Alternativet for struktur som vart vald, var ikkje det mest økonomisk fordelaktige alternativet og Kvinnherad kommune har eit politisk vedtak om ein skulestruktur som er økonomisk kostbar. Høge driftsutgifter per elev er såleis ein forventa konsekvens av eit politisk vedtak.

# Kvalitet i skulen

Elevundersøkinga er ei nettbasert spørjeundersøking som blir gjennomført kvart år. Her får elevane seie meininga si om læringsmiljøet og dei tilhøva som er viktige for å lære og trivast på skolen. Skala:

1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat for alle indeksane unnateke mobbing. Når det gjeld mobbing, vil låg verdi seie lite mobbing. Tabellen under syner resultata for 10. trinna i skulane.

| Indikator og nøkkeltall | Kvinnherad kommune skoleeier | Kommunegruppe 11 | Hordaland fylke | Nasjonalt |
|---|---|---|---|---|
| Læringskultur | 3,9 | 3,8 | 3,7 | 3,8 |
| Elevdemokrati og medvirkning | 3,6 | 3,3 | 3,2 | 3,3 |
| Faglig utfordring | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 4,2 |
| Felles regler | 4,1 | 3,9 | 3,9 | 3,9 |
| Trivsel | 4,2 | 4,2 | 4,1 | 4,2 |
| Mestring | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 4,0 |
| Utdanning og yrkesveiledning | 4,0 | 3,8 | 3,6 | 3,8 |
| Støtte fra lærerne | 4,1 | 4,0 | 3,9 | 4,0 |
| Motivasjon | 3,5 | 3,5 | 3,4 | 3,5 |
| Vurdering for læring | 3,4 | 3,3 | 3,2 | 3,3 |
| Støtte hjemmefra | 4,1 | 4,0 | 4,0 | 4,0 |
| Mobbet av andre elever på skolen | 1,2 | 1,3 | 1,3 | 1,3 |

Kvinnherad kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2016–2017, Trinn 10, Begge kjønn

Kvinnherad har resultat som er betre enn både fylket og nasjonen. Elevane svarar at dei trivest godt på skulen og me ser at innafor dei fleste område er elevane våre like nøgde eller meir nøgde enn dei me samanliknar oss med. Det er positivt at det er  færre elevar på 10. trinnet i Kvinnherad som melder om mobbing enn både i fylket og nasjonen. I spørjeundersøkinga er det også eit spørsmål som registrerer elevar som har opplevd mobbing 2-3 ganger i månaden eller oftare . Diagrammet under syner elevar på 10. trinnet som melder om dette. Også på dette spørsmålet er andel elevar lågare i Kvinnherad enn i Hordaland og samanliknbare kommunar. Tala er positive for kommunen sjølv om målet sjølvsagt er totalt mobbefrie skular.



Årsmeldinga for sektoren vil ikkje omhandla faglege resultat i skulane. Rådmannen leverer årleg kvalitetsmelding til kommunestyret som politisk skuleeigar. Ein syner difor til kvalitetsmeldinga for meir uttømande informasjon om skulesektoren

# Tilsette

Interessa frå tilsette  for å få delta på det statlege vidareutdanningstilbodet har vore høg. Faga matematikk og engelsk har vore prioriterte i Kvinnherad. Desse faga får kommunen mest støtte frå staten til. Sytten lærarar deltok på vidareutdanninga og fordelinga på faga var slik; åtte deltakarar i matematikk, seks på engelsk, to i andrespråkspedagogikk og norsk. Vidare deltok to på rektorskulen, ein på praktisk, pedagogisk utdanning og ein på utdanning innan PPT (Pedagogisk, psykologisk teneste)

Ein av skulane, Rosendal ungdomsskule, har fått tildelt arbeidsmiljøprisen for 2016. Denne fekk dei for det faglege utviklingsarbeidet i «ungdomstrinn i utvikling», og organisasjonsutviklinga som inkluderte alle tilsette.

# Økonomi

| Skulene | | | 187 115 650 | 193 708 838 | -6 593 188 | 96,60 | | 185 676 326 | 182 619 766 | 101,67 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 10 | LØNN OG SOSIALE UTGIFTER | 178 771 619 | 180 050 908 | -1 279 289 | 99,29 | | 175 830 978 | 170 870 513 | 102,90 |
| | 11 | FORBRUKSMATERIELL,KURS, REISER M. | 19 644 310 | 19 724 968 | -80 658 | 99,59 | | 20 010 003 | 18 959 498 | 105,54 |
| | 12 | INVENTAR, UTSTYR, VEDL., MATERIELL | 4 434 973 | 3 605 158 | 829 815 | 123,02 | | 5 399 787 | 2 711 573 | 199,14 |
| | 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 13 528 729 | 679 189 | 12 849 540 | 1 991,89 | | 2 843 012 | 1 829 189 | 155,42 |
| | 14 | OVERFØRINGER | 4 310 107 | 7 464 216 | -3 154 109 | 57,74 | | 3 983 884 | 4 808 554 | 82,85 |
| | 15 | FINANSUTG. OG FINANS.TRANSAKSJO | 381 255 | 0 | 381 255 | 0,00 | | 490 618 | 0 | 0,00 |
| | 16 | SALGSINNTEKTER | -15 929 307 | -5 148 823 | -10 780 484 | 309,38 | | -5 118 508 | -4 445 640 | 115,14 |
| | 17 | REFUSJONER | -13 683 079 | -12 666 778 | -1 016 301 | 108,02 | | -16 414 424 | -12 113 921 | 135,50 |
| | 18 | OVERFØRINGER | -4 342 957 | 0 | -4 342 957 | 0,00 | | -1 098 018 | 0 | 0,00 |
| | 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANS.TRANS | 0 | 0 | 0 | 0,00 | | -251 005 | 0 | 0,00 |
| | | | | | | | | | | |

Skulane hadde i 2016 eit forbruk på 96,6%. Dette utgjer eit mindreforbruk på kr 6 593 189. Lønspostane ligg tett opp til 100%. Post 13 «Kjøp av varer og tenester», er svært høg. Denne utgiftsposten syner utgifter til gjesteelevar (barnevernsbarn plassert i andre kommunar), elevar som har fått vedtak om skulegang i andre kommunar. Posten syner også fordeling av ressursar til gjesteelevar ut i einingane og fordeling av statlege vidareutdanningsmidlar ut i eigne einingar.

# Barnehagane

# Prioriterte område og satsingar i 2016.

1. Læringsmiljøet..
2. Språk.
3. Realfag.

Indikatorar – henta frå Kostra

| | Kvinnherad 2015 | Kvinnherad 2016 | Mandal | Stord | Voss | Hordaland | Kostragruppe 11 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av | 12,5 % | 12,8 % | 13,6 % | 17,2 % | 12,2 % | 16,1 % | 12,8 % |

| | Kvinnherad 2015 | Kvinnherad 2016 | Mandal | Stord | Voss | Hordaland | Kostragruppe 11 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| kommunens totale netto driftsutgifter | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager | 134 329 | 143 275 | 132 331 | 135 788 | 124 415 | 139 734 | 136 627 |
| **Produktivitet** | | | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage | 183 102 | 192 810 | 184 318 | 191 450 | 164 922 | 197 129 | 183 614 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr) | 63 | 65 | 59 | 63 | 56 | 63 | 61 |
| Korrigerte oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager | 10 231 | 10 416 | 11 651 | 12 400 | 12 247 | 11 757 | 11 046 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år | 2,8 % | 1,8 % | 3,1 % | 9,4 % | 2,0 % | 5,8 % | 3,8 % |
| Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år | 78,5 % | 82,5 % | 81,4 % | 87,7 % | 79,0 % | 83,1 % | 81,9 % |
| Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år | 95,6 % | 95,2 % | 98,3 % | 98,8 % | 97,7 % | 96,9 % | 97,5 % |
| Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage | 55,3 % | 53,8 % | 24,0 % | 22,3 % | 53,9 % | 36,3 % | 51,0 % |
| Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass | 6,3 % | 8,6 % | 9,6 % | 11,0 % | 8,8 % | 12,7 % | 11,4 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | |
| Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning | 95,3 % | 96,4 % | 99,0 % | 97,9 % | 98,0 % | 96,0 % | 92,0 % |
| Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager | 5,6 | 5,5 | 5,9 | 6,5 | 6,6 | 6,2 | 6,1 |
| Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) | 6,6 | 6,5 | 5,4 | 4,9 | 5,3 | 5,4 | 6,1 |

Bemanninga i barnehagane har vore framme i den politiske debatten i kommunen ved fleire høve. Dei kommunale barnehagane held seg til eit politisk vedtak som gjev føringar for dei. I tabellen under går det fram at dei kommunale barnehagane i 2016 har 5, 5 barn per vaksen.

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 6,0 | 5,7 | 5,6 | 5,5 |
| Hordaland | 6,2 | 6,1 | 6,1 | 6,2 |
| Kostragruppe 11 | 6,2 | 6,2 | 6,1 | 6,1 |
| Mandal | 6,3 | 6,4 | 6,0 | 5,9 |
| Stord | 6,8 | 6,5 | 6,7 | 6,5 |
| Voss | 7,0 | 6,9 | 6,8 | 6,6 |




Kvinnherad kommune har ei blanding av kommunale og private barnehagar. Det som pregar bilete er at dei private barnehagane er at dei er store med fleire avdelingar, medan mange av dei kommunale barnehagane er mindre barnehagar med ein eller få avdelingar. Det er storbruksfordeler med å vera ein stor barnehage. Ved start og slutt på dagen treng ein ikkje å vera ein på kvar avdeling. Her kan ein samarbeida om å ta vare på borna og vera fleksibel i bemanninga i dei periodane på dagen når det er få born til stades. Denne fleksibiliteten har ikkje små barnehagar. Her må ein kanskje setja inn fleire vaksne i periodar med få barn for å ta vare på tryggleiken. Eit anna element som også må takast med er at nokre av dei minste barnehagane har svært få barn, og om det er få barn i ein barnehage så kan ein gå med ein konstant med «overbemanning» og tala til kommunen på antal barn per vaksen går ned.

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 6,0 | 5,7 | 5,6 | 5,5 |
| Hordaland | 6,2 | 6,1 | 6,1 | 6,2 |
| Kostragruppe 11 | 6,2 | 6,2 | 6,1 | 6,1 |
| Mandal | 6,3 | 6,4 | 6,0 | 5,9 |
| Stord | 6,8 | 6,5 | 6,7 | 6,5 |
| Voss | 7,0 | 6,9 | 6,8 | 6,6 |

# Drifta i barnehagane

Tabellen og diagrammet under syner netto driftsutgifter for barn i barnehagen 1 – 5 år.

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 126 236 | 138 063 | 134 329 | 143 275 |
| Hordaland | 122 546 | 130 058 | 134 673 | 139 734 |
| Kostragruppe 11 | 115 952 | 126 675 | 128 650 | 136 627 |
| Mandal | 114 737 | 121 289 | 125 776 | 132 331 |
| Stord | 105 710 | 117 322 | 120 030 | 135 788 |
| Voss | 109 252 | 112 380 | 124 873 | 124 415 |




Som det går fram av illustrasjonane over kostar ein barnehageplass i Kvinnherad mykje samanlikna med andre kommunar, kostragruppe 11 og gjennomsnittet i Hordaland fylke. I 2015 var driftskostnader våre per barn på snitt med Hordaland fylke, men for 2016 ligg me over alle dei me samanliknar oss med. Dette bilete av situasjonen er den same som for grunnskule, og det er grunn til å tru at utfordringane er om lag dei same. Kvinnherad er ein langstrakt og desentralisert kommune med mange små bygder. Det er eit sterkt og uttalt ynskje å ha barnehage- og skuletilbod mest mogleg der folk bur, og den desentraliserte strukturen med få barn får økonomisk følgjer. Konsekvensane av desse vala er at tenestetilboda vert økonomisk kostbare og når tala vert framstilt på denne måten kan det sjå ut som om kommunen sløser med ressursane. Slik er det ikkje, men kommunen klarar ikkje å ta ut storbruksfordeler med vår måte å organisera tenestene på.

Eit anna moment som gjer det økonomiske området innan barnehagesektoren komplekst, er at dei private barnehagane sine tilskot/overføringar frå kommunen skal vera på storleik med det kommunen sjølv brukar til drift i sine barnehagar. Når dei private då kan ta ut fleire storbruksfordeler og kommunen ikkje kan det, får dei private barnehagane store overføringar frå kommunen. Viss ein samanliknar dei private barnehagane i vår kommune med dei som driv i kommunar med fleire større barnehagar har dei svært godt økonomisk utbyte i Kvinherad.

Problemstillinga i barnehagane er såleis meir utfordrande enn i skulane då kommunen i tillegg til å driva dei mest kostnadskrevjande barnehagane sjølve, også må overføra ekstra store økonomiske ressursar til dei private barnehagane.

# Tilsette

Tabellen under syner i prosent kor mange av styrarar og pedagogiske leiarar som har barnehagelærarutdanning.

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 94,4 % | 96,5 % | 95,3 % | 96,4 % |
| Hordaland | 94,7 % | 95,7 % | 97,1 % | 96,0 % |
| Kostragruppe 11 | 90,0 % | 91,6 % | 93,4 % | 92,0 % |
| Mandal | 99,0 % | 100,0 % | 99,0 % | 99,0 % |

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Stord | 97,0 % | 96,1 % | 99,3 % | 97,9 % |
| Voss | 91,4 % | 96,1 % | 96,9 % | 98,0 % |




For kompetansen i barnehagane er det positivt at det er ei auke i styrarar og avdelingsleiarar som har barnehageutdanning frå 2015 til 2016. Det er også positivt at Kvinnherad nå ligg over både Hordaland og Kostragruppe 11 på dette området.

# Økonomi

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnehagene | | | 99 523 363 | 95 899 162 | 3 624 201 | 103,78 | | 96 020 251 | 95 829 466 | 100,20 |
| | 10 | LØNN OG SOSIALE UTGIFTER | 65 301 500 | 66 417 693 | -1 116 193 | 98,32 | | 63 985 877 | 61 696 717 | 103,71 |
| | 11 | FORBRUKSMATERIELL,KURS, REISER M. | 2 938 105 | 3 310 045 | -371 940 | 88,76 | | 3 105 650 | 3 135 574 | 99,05 |
| | 12 | INVENTAR, UTSTYR, VEDL., MATERIELL | 489 582 | 341 013 | 148 569 | 143,57 | | 2 704 273 | 239 358 | 1 129,80 |
| | 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 46 725 286 | 42 324 888 | 4 400 398 | 110,40 | | 43 591 922 | 44 324 888 | 98,35 |
| | 14 | OVERFØRINGER | 663 354 | 544 646 | 118 708 | 121,80 | | 647 740 | 532 668 | 121,60 |
| | 15 | FINANSUTG. OG FINANS.TRANSAKSJO | 62 745 | 0 | 62 745 | 0,00 | | 115 897 | 0 | 0,00 |
| | 16 | SALGSINNTEKTER | -11 397 508 | -12 111 622 | 714 114 | 94,10 | | -10 010 056 | -10 725 724 | 93,33 |
| | 17 | REFUSJONER | -5 159 701 | -4 927 501 | -232 200 | 104,71 | | -8 092 005 | -3 374 015 | 239,83 |
| | 18 | OVERFØRINGER | -50 000 | 0 | -50 000 | 0,00 | | 0 | 0 | 0,00 |
| | 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANS.TRANS | -50 000 | 0 | -50 000 | 0,00 | | -29 047 | 0 | 0,00 |

Barnehagane hadde i 2016 eit overforbruk på 3,78 %. Dette utgjer kr 3 624 201. Dei kommunale barnehagane gjekk i balanse, men overskridingane skuldast tilskotet til private barnehagar som auka med 3,2 millionar frå året før. Post 13 kjøp av tenester frå andre hadde eit overforbruk på 10,4 % og Post 14 overføringar hadde 21,9 % overforbruk. Refusjon til dei private barnehagane blir rekna ut frå rekneskapstala to år tilbake.

# Kulturskulen

Kvinnherad kulturskule har eit stabilt elevtal.  95 elevar har fått fleire tilbod i kulturskulen. Samla  har ein hatt 543 elevplassar i 2016.Kulturskulen  har undervisningstilbod innan mange ulike område. I 2016 vart det tilsett ny rektor på kulturskulen. Kulturskulen er ein aktiv og synleg deltakar i det lokale kulturlivet og er eit kultur- og resurssenter i kommunen

# Oppgåver og resultat

Dei fleste elevane i kulturskulen er i grunnskulealder, men 12 elevar er under grunnskulealder, 28 elevar er over grunnskulealderen.
Resultat: I forhold til nasjonale mål om at 30 % av elevmassen skal ha eit kulturskuletilbod ligg Kvinherad kommune svært bra an med at 26 % av alle grunnskuleelevar i kommunen hatt eit eller fleire tilbod i Kvinnherad kulturskule i 2016. Dette er eit godt resultat. (Gjennomsnittet i landet er  på 13 %).

67 elevar har stått på venteliste grunna manglande ressursar. Dette talet er blitt noko redusert med at ein har fylt på eksisterande grupper med barn frå ventelistene.
Resultat: Fleire barn vart tildelt plass, ventelista vart noko redusert i 2016

Kulturskulen har i 2016 gitt friplassar til nokre barn som kjem frå familiar med vanskelege økonomisk tilhøve.
Resultat: Born frå fattige familiar i kommunen vart inkludert og har fått eit tilbod i kulturskulen i 2016.

Kulturskulen har også i 2016 hatt  samarbeid med andre kommunane i Sunnhordaland regionen om spesielt tilbod for elevane med særskilt talent. Sunnhordland kammerorkester har base på Stord, men samarbeider over kommunegrensene. Der har 3 flinke ungdomar frå Kvinnherad kommune  i 2016 utdjupa talenta sin og fått inspirasjon for vidare utvikling.
Alle elevane med særskilt talent har òg tilbod om utvida undervisningstime i  faget sitt (dobbeltime).

Kulturskulen har hatt stor aktivitet. I 2016 har kulturskulen hatt rundt 35 konsertar/tilstellingar og andre aktivitetar i kommunen og utanfor grensene til kommunen. I oktober 2016 vart kulturskule sitt 40 års jubileum feira med ei stor tilstelling i Husnes kulturhus. Tilstellinga var ein stor suksess og viste både høg kvalitet, mangfald og breidde i tilbodet.

I tråd med den nye organisasjonsplanen til Kvinnherad kommune, samarbeider og samhandlar kulturskulen  med andre tenester i kommunen som vaksenopplæringa, TTBU  og andre. Hausten 2016 deltok fleire av kulturskulen sine tilsette på Internasjonal  kulturfest, 20.-21. oktober. Fleire workshops og kurs vart arrangert av kulturskulen for flyktningar og fleirkulturelle brukarar i kommunen i regi av kulturfesten. Kurs og workshops hadde ein suksess.

I samarbeid med teneste for mindreårige flyktningar har mindreårig fått tildelt gratis plass på kulturskulen.

I samarbeid med UKM Kvinnherad og systematisk arbeid gjennom år 2016 har kulturskulen bidrege til ei verkeleg utvikling og auke av mengd deltakarar på UKM Kvinnherad 2017. 55 deltakarar (40 i 2016). 5 deltakarar frå kulturskulen gjekk vidare til fylkesmønstringa der dei skal representera Kvinnherad kommune, i USF Verftet, Bergen, 28. - 30. april.

Netto driftsutgifter til kommunale musikk – og kulturskular, per innbyggar 6 – 15 år




| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 2 859 | 2 415 | 2 417 | 2 911 |
| Mandal | 1 152 | 1 201 | 1 262 | 1 381 |
| Stord | 2 277 | 2 693 | 2 713 | 2 923 |
| Voss | 2 210 | 2 343 | 2 435 | 2 273 |
| Hordaland | 2 207 | 2 227 | 2 121 | 2 239 |
| Kostragruppe 11 | 3 080 | 3 235 | 3 161 | 3 284 |

# Tilsette

Totalt fråvær på kulturskulen i 2016 er på 2,3%. Dette er eit svært bra resultat. Dei tilsette i kulturskulen melder om at dei trivest på jobb og at kulturskulen er ein attraktiv arbeidsplass. Tilsette ved kulturskulen har i løpet av året delteke i fleire fagsamlingar og kurs. Dette bidreg til større engasjement og auka kompetanse hos dei tilsette. Personalmøta, samarbeidstimar og felles pausar syner seg som ein særs viktig samlingsarena for lærarane på ein arbeidsplass der mange arbeider i små stillingar på ulike dagar, klokkeslett og stader i kommunen.

# Økonomi

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kulturskule | | | 4 920 232 | 5 057 912 | -137 680 | 97,28 | | 4 561 189 | 4 616 292 | 98,81 |
| | 10 | LØNN OG SOSIALE UTGIFTER | 6 333 718 | 6 652 802 | -319 084 | 95,20 | | 5 979 023 | 6 036 024 | 99,06 |
| | 11 | FORBRUKSMATERIELL,KURS, REISER M. | 482 515 | 483 691 | -1 176 | 99,76 | | 499 134 | 576 068 | 86,64 |
| | 12 | INVENTAR, UTSTYR, VEDL., MATERIELL | 198 153 | 143 705 | 54 448 | 137,89 | | 183 887 | 202 000 | 91,03 |
| | 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 92 304 | 115 000 | -22 696 | 80,26 | | 95 020 | 120 000 | 79,18 |
| | 14 | OVERFØRINGER | 118 408 | 75 000 | 43 408 | 157,88 | | 87 226 | 75 000 | 116,30 |
| | 16 | SALGSINNTEKTER | -2 125 123 | -2 250 586 | 125 463 | 94,43 | | -2 117 876 | -2 356 600 | 89,87 |
| | 17 | REFUSJONER | -179 743 | -161 700 | -18 043 | 111,16 | | -165 224 | -36 200 | 456,42 |
| | | | | | | | | | | |

Eininga har eit forbruk på 97,28 %, noko som er eit god resultat.  Innsparing på kr. 137 680 skuldast mindre forbruk av løn.

# Bibliotek

# Oppgåver og resultat

Kvinnherad bibliotek har hovudbibliotek på Husnes. Biblioteket har bokbuss som vitjar skular, barnehagar, institusjonar, og andre over heile kommunen.

Biblioteket er ein tydeleg kulturaktør i kommunen. Med mange arrangement med stor variasjon tilbyr biblioteket noko for alle.  Biblioteket er eit lågterskeltilbod for heile befolkninga og er med på jamne ut skilnadane mellom innbyggjarane og er såleis viktig for å sikre demokratiet.

Kvinnherad bibliotek vart eit «meirope bibliotek» 31. oktober 2016. Meirope bibliotek gjer biblioteket tilgjengeleg  kvar dag heile året 0800-2200, også på sundagar og helgedagar. Dette er eit stort pluss for å skape eit levande sentrum på Husnes. Fleire nyttar seg av tilbodet, slik som t.d. barnefamiliar, studentar, bokringar og lokale lag- og foreiningar.

HOVUDTALA (samanlikning mellom Bømlo, Voss og Kvinnherad)

| | Bømlo | Voss | Kvinnherad |
|---|---|---|---|
| Utlån | 43 167 | 78 342 | 83 359 |
| Innbyggjarar | 11 778 | 14 425 | 13 271 |
| Utlån pr innbyggjar | 3,6 % | 5,4% | 6,2% |
| Besøk | 27 022 | 65 000 | 61 567 |
| Publikum på arrangement | 2196 | 2869 | 3496 |

BESØK OG ARRANGEMENT:

| Arrangement og besøk | 2015 | 2016 | % |
|---|---|---|---|
| Besøk, Husnes | 33 550 | 47 725 | +42,2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Besøk Bokbuss | 15 437 | 13 842 | -10,3 |
| Totalt besøk | 48 986 | 61 567 | +25, 6 |
| Talet på arrangement, barn | 28 | 88 | +214,2 |
| Talet på arrangment, vaksne | 27 | 40 | +48,1 |
| Totalt tal på arrangement | 55 | 128 | +132,7 |
| Talet på publikum, barn | 1623 | 2761 | +70,1 |
| Talet på publikum, vaksne | 400 | 735 | +83,7 |
| Totalt publikum på arrangment | 2023 | 3496 | +72,8 |

Biblioteket hadde i 2016 – det høgaste utlånet på ti år. Det er ein stor auke i utlån av skjønnlitteratur. Biblioteket merker godt at skulane har fleire lese-prosjekt, og det kan til tider vere vanskeleg å dekke behovet for bøker. Utlånet på bokbussen utgjer 32 379 av det totale utlånet på 83 359. Storparten av utlånet på bokbussen er til barn og unge. Det høge utlånet på bokbussen syner eit tydeleg behov. Som resten av landet går utlånet på andre medier som musikk og film noko ned. Samanlikna med andre kommunar i Hordaland på same storleik – Bømlo og Voss - gjer Kvinnherad det svært godt. Kvinnherad har høgare utlån og fleire folk på arrangement enn Bømlo og Voss. På Voss har dei litt meir besøk enn Kvinnherad.

Biblioteket vert brukt meir og meir og hadde ein oppsiktsvekkande stor auke i besøk i 2016, opp heile 42.2 %. Oppstart av «meirope bibliotek» i oktober 2016, godt omdøme, og det at det er mykje som skjer, gjer at biblioteket er populært og vert brukt av stadig fleire.

Aktiviteten på biblioteket i 2016 var høg. Det var stor auke både i talet på arrangement og i talet på publikum på arrangementa. Biblioteket får mykje positiv omtale av arrangementa dei har. Det kan sjå ut for at ein treff godt målgruppene ein har.

# Tilsette

Fråværet på 3,9% er eit godt resultat. Medarbeidarsamtalar og vernerundar er gjennomført og alle medarbeidarane har vore på kurs eller delteke på opplæring i internkontroll.

Biblioteket har hatt ein høg aktivitet og gjort endringar i drifta dette året. Dei tilsette har lågt sjukefråvær og har auka aktiviteten i tenesta.

# Økonomi

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Biblioteket | | | 5 289 360 | 5 507 419 | -218 059 | 96,04 | | 5 719 183 | 5 850 854 | 97,75 |
| | | 10 LØNN OG SOSIALE UTGIFTER | 3 565 335 | 4 024 889 | -459 554 | 88,58 | | 3 544 938 | 4 138 070 | 85,67 |
| | | 11 FORBRUKSMATERIELL,KURS, REISER M. | 727 574 | 569 540 | 158 034 | 127,75 | | 640 746 | 561 123 | 114,19 |
| | | 12 INVENTAR, UTSTYR, VEDL., MATERIELL | 885 221 | 817 175 | 68 046 | 108,33 | | 1 370 100 | 1 055 097 | 129,86 |
| | | 13 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 8 444 | 0 | 8 444 | 0,00 | | 0 | 0 | 0,00 |
| | | 14 OVERFØRINGER | 225 140 | 166 464 | 58 676 | 135,25 | | 286 300 | 166 464 | 171,99 |
| | | 16 SALGSINNTEKTER | -22 073 | -50 649 | 28 576 | 43,58 | | -56 680 | -49 900 | 113,59 |
| | | 17 REFUSJONER | -101 080 | -20 000 | -81 080 | 505,40 | | -66 221 | -20 000 | 331,11 |
| | | 18 OVERFØRINGER | 800 | 0 | 800 | 0,00 | | 0 | 0 | 0,00 |

Biblioteket hadde eit overskot på 2,25%, det vil seia kr 218 059. Forbruket til eininga var 97,75% i 2016.

# Tiltak og teneste for barn og unge TTBU

## Oppgåver og resultat

TTBU representerer størstedelen av det førebyggjande arbeidet for barn og unge i kommunen utanom barnehage og skule. I 2015 hadde eininga 49 årsverk. I løpet av 2016 vart det tilsett 25 nye medarbeidarar i samband med etablering av bufellesskap for einslege mindreårige. TTBU engasjerer om lag 100 støttekontaktar, besøksheimar og andre oppdragstakarar. Eksterne oppdragsgjevarar vert i einskilde saker leigde inn.

## Barnevernstenesta:

| År | Mottekne meldingar | Avslutta undersøkingar | Fristbrot | Barn i hjelpetiltak pr 31.12.2016 | Barn i omsorgstiltak pr 31.12.2016 |
|---|---|---|---|---|---|
| 2016 | 164 barn | 164 barn | 7 barn | 78 barn | 29 barn |
| 2015 | 164 barn | 134 barn | 9 barn | 87 barn | 24 barn |
| 2014 | 181 barn | 160 barn | 20 barn | 84 barn | 20 barn |

Oppgåvene i barneverntenesta kan i hovudsak skillast i tre områder; mottak og undersøking, oppfølging av hjelpetiltak og oppfølging av barn under omsorg.

Når det gjeld fristbrot, har det fleire og ofte samansette årsaker. I løpet av 2016 har det vore stor utskifting i barneverntenesta. Fleire søkte seg over i nye stillingar ved etablering av bufellesskap for einslege mindreårige. Tilsetjing og opplæring av nye medarbeidarar tek tid. Barneverntenesta har over tid hatt eit høgt sjukefråvær, noko som også har vore gjeldande i 2016.

Under her syner tabellen nokre nøkkeltal for barnevernet i Kvinnherad:

| | **Kvinnherad 2015** | **Kvinnherad 2016** | **Mandal** | **Stord** | **Voss** | **Hordaland** | **Kostragruppe 11** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |

| | Kvinnherad 2015 | Kvinnherad 2016 | Mandal | Stord | Voss | Hordaland | Kostragruppe 11 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252) | 61,9 % | 61,5 % | 60,7 % | 62,0 % | 59,7 % | 57,8 % | 60,5 % |
| Andel netto driftsutgifter til barn som ikke er plassert av barnevernet (f.251) | 19,2 % | 22,9 % | 12,6 % | 8,9 % | 17,4 % | 12,3 % | 10,3 % |
| Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244) | 18,8 % | 15,5 % | 26,6 % | 29,1 % | 22,8 % | 29,9 % | 29,2 % |
| Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak | 157 116 | 144 890 | 184 028 | 168 409 | 203 763 | 0 | 0 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten | 8 532 | 8 397 | 12 714 | 7 213 | 9 854 | 8 750 | 9 161 |
| **Produktivitet** | | | | | | | |
| Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk | 16,7 | 19,4 | 20,7 | 18,7 | 16,1 | 0,0 | 0,0 |
| Brutto driftsutgifter per barn (funksjon 244) | 37 365 | 31 061 | 42 169 | 32 629 | 41 321 | 0 | 0 |
| Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252) | 313 137 | 313 061 | 505 748 | 409 197 | 510 167 | 0 | 0 |
| Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) | 43 912 | 46 577 | 39 925 | 22 811 | 55 663 | 0 | 0 |
| Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak | 127 634 | 122 494 | 232 614 | 144 933 | 217 132 | 0 | 0 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år | 5,4 % | 5,8 % | 6,9 % | 4,3 % | 4,8 % | 0,0 % | 0,0 % |
| Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år | 5,2 % | 6,0 % | 5,7 % | 3,7 % | 3,5 % | 0,0 % | 0,0 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | |
| Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder | 74,0 % | 70,0 % | 93,0 % | 82,0 % | 76,0 % | 87,0 % | 82,0 % |
| Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år | 4,3 | 3,8 | 4,7 | 3,2 | 4,0 | 4,7 | 4,3 |
| **Andre nøkkeltall** | | | | | | | |
| Effektivitet Barnevern | 114 | 120 | 89 | 104 | 81 | 0 | 0 |

Tabell og diagram under syner netto driftsutgifter per innbyggar 0-17 år for barneverntenesta i kommunen. For 2016 nyttar kommunen mindre ressursar per barn enn Hordaland og kostragruppe 11. Stord kommune ligg på eit lågare forbruk enn Kvinnherad.




| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 5 149 | 7 399 | 8 532 | 8 397 |
| Mandal | 7 302 | 9 060 | 9 645 | 12 714 |
| Stord | 5 454 | 6 398 | 6 865 | 7 213 |
| Voss | 6 691 | 7 872 | 8 682 | 9 854 |
| Hordaland | 6 894 | 7 744 | 8 202 | 8 750 |
| Kostragruppe 11 | 7 240 | 7 941 | 8 670 | 9 161 |

# Bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar:

Den 18.06.2015 vart det vedteke at Kvinnherad kommune skulle ta i mot og busetja 20 ekstra flyktningar i 2015 og 20 ekstra flykningar i 2016. På grunn av flyktningkrisa som oppstod hausten 2015, vart oppmodingstalet frå fylkesmannen auka, og kommunen vart blant anna anmoda om å ta i mot 15 einslege mindreårige i løpet av 2016. Dette vart det gjort vedtak om 17.12.2015. I løpet av våren 2016 vart det etablert bufellesskap for å ivareta behova til dei einslege mindreårige. I løpet av året, tok vi i mot 9 einslege mindreårige fordelt på to bufellesskap. Oppstart av et tredje bufellesskapet og busetting av dei resterande 6 ungdommane, vart utsett til 2017.

# PP-tenesta:

PP-tenesta er heimla i opplæringslova og har ei todelt oppgåve. Tenesta skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. I tillegg skal tenesta sørgje for at det blir utarbeidd sakkunnige vurderingar der lova krev det. I 2016 hadde kontoret følgjande saker;

| År | Aktive saker | Nye tilmeldingar | Nye tilmeldingar - jenter | Nye tilmeldingar - gutar | |
|---|---|---|---|---|---|
| 2016 | 496 | 95 | 44 | 51 | |
| 2015 | 505 | 130 | 52 | 78 | |
| 2014 | 492 | 100 | 42 | 58 | |

PP-tenesta har i 2016 gitt skular og barnehagar  kurs og rettleiing på klasseleiing blant anna gjennom Marte meo- og PMTO-metodikk. Tilmeldte born får utgreiing, hjelp og rettleiing i høve utviklingsmessige sosiale eller skulefaglege problemstillingar. Tenesta yter også noko hjelp til vaksne med behov for logoped, for vidare tilvising.

# Helsestasjonen:

Jordmortenesta, psykisk helsearbeid, helsestasjons og skulehelsetenesta er organisert under same gruppe som helsestasjonen. Det same er utekontakt og SLT koordinator.

| År | Gravide | Konsultasjonar | Følgje til sjukehus | Fødsel utanfor institusjon | Deltakarar fødselsførebuande kurs |
|---|---|---|---|---|---|
| 2016 | 130 | 706 | 63 | 0 | Ikkje gjennomført kurs. |
| 2015 | 135 | 1032 | 92 | 1 | 22 – 18 m/ledsagar |
| 2014 | 126 | 827 | 67 | 6 | 11 – 8 m/ledsagar |

I samband med særavtalen Kvinnherad kommune har inngått med Helse Fonna om beredskap og følgjetenester for gravide og fødande, har kommunen hatt ei bemanning på 196,7 % stilling. Helsestasjonen er eit lågterskeltilbod og har i tillegg fått ei auke i tilrådde oppgåver frå sentralt hald.

| År | 6-vekerskontroll | Heimebesøk etter fødsel | 2-årskontroll | 4-årskontroll | Skulestart-undersøking |
|---|---|---|---|---|---|
| 2016 | 109 | 95 | 130 | 123 | 149 |
| 2015 | 141 | 122 | 135 | 155 | 157 |
| 2014 | 119 | 115 | 134 | 135 | 102 |

Mange barn og unge i kommunen søker hjelp i høve psykisk helse. Gjennom samtalar og grupper får dei støtte til positive endringar i livet sitt. Med  bakgrunn i den statlege satsinga på psykisk helse, har

Kvinnherad etablert tre stillingar: to psykisk helsearbeidar- og ein psykologstilling. Tenesta er pr 31.12.2016 tverrfagleg samansett med barnevernpedagog, helsesøster og psykolog. Tilbodet vert i stor grad nytta av foreldre, ungdomar og andre medarbeidarar i kommunen og vidaregåande skule. Hovuddelen av arbeidet er med born og deira familiar. Tidleg intervensjon i form av rettleiing til foreldre til born i yngre aldersgrupper har fokus både individuelt (Marte meo og PMTO) og som systemarbeid i form av COS-p. Det vert nytta mykje tid på samtalar/samarbeid/rettleiing til med medarbeidarar i andre kommunale instansar (lege, helsestasjon, fysioterapi, barnevern, skule) og vidaregåande skule. Det tek ofte berre ein dag, og sjeldan meir enn ei veke frå nokon tek kontakt og til dei får eit tilbod. Vi registrerer at fleire saker vert tilvist av lege fordi BUP har avslått saka med grunngjeving at dette er kommunale tenester.

Kommunen er også pålagd å ha eit avlastingstilbod til foreldre med barn med store omsorgsbehov. Det er ei utfordring å møta omfanget av behovet for avlasting i kommunen.

| År | Støttekontakt | Privat besøksheim | Opphald i avlastings-bustad | Omsorgsløn | Private avlastings-tenester | Personleg assisten/ miljøarbeidar |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2016 | 11 | 8 | 7 | 7 | 2 | 1 |
| 2015 | 11 | 6 | 7 | 6 | 2 | 1 |
| 2014 | 16 | 10 | 8 | 7 | 0 | 0 |

For ungdom representerer utekontakten gode og trygge vaksne som driv oppsøkande verksemd og gir tilbod til ungdom både individuelt og i gruppe. Dei samarbeider mykje med andre tenester. Utekontakten har også i 2016 gått oppsøkande på Husnes ungdomsskule, Rosendal ungdomsskule, Øyatun ungdomsskule og KVV. Då SLT-koordinator stillinga har vore vakant i store deler av 2016, har utekontaktane overteke ansvaret for å gjennomføre tiltaket «Ung i Kvinnherad. Dei har gjennomført lærarkurs, gruppeleiarkurs og 16 samlingar/foreldremøte med hovudvekt på 7.trinn.

| År | 1-3 samtalar | Meir enn 4 samtalar | Oppsøkande – Husnes ungdomsskule | Oppsøkande-Rosendal ungdomsskule | Oppsøkande – Øyatun ungdomsskule | Oppsøkande-Kvinnherad vidaregåande skule |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2016 | Ca 100 | 25-30 | Ja | Ja | Ja | Ja |
| 2015 | 116 | 73 | 40 | 28 | 25 | 25 |
| 2014 | 99 | 34 | 36 | 31 | 30 | 31 |

| Tiltaks-nivå | Kart-legging | PMTO-terapi (nye saker) | PMTO-rådgjeving | Konsultasjon (skule/barnehage) | Sosial ferdighetstrening | Informasjons-arbeid |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2016 | 21 | 6 | 7 | 4 | 0 | |
| 2015 | 21 | 6 | 5 | 7 | 0 | |
| 2014 | 13 | 5 | 3 | 7 | 2 | 4 møter/kurs |

Konsultasjonsteamet mot vald og seksuelle overgrep:

| Årstal | Saker i teamet – konsultasjon til andre | Saker i teamet – konsultasjon internt knytt til saker | Telefon-konsultasjon | Kurs/ Informasjon til einingar/ arbeidsstader | Rettleiing individ | Team-møter |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | teammedlemer er ein del av | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2015 | 4 | 8 | Ukjent | Ukjent | Ukjent | 11 |
| 2016 | 4 | 10 | 3 | 18 | Ukjent | 11 |

Tabell og diagrammet under syner Kvinnherad sine netto driftutsutgifter til forebygging, helestasjons- og skolehelseteneste pr innbyggar 0 – 20 år. Samanlikna med andre  brukar me om lag like store ressursar på dette området som Kostragruppe 11 og Stord. Fylket samla ligg på eit lågare nivå i forbruk.




| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 1 999 | 2 194 | 2 222 | 2 329 |
| Mandal | 1 956 | 1 957 | 2 225 | 2 939 |
| Stord | 1 868 | 2 280 | 2 261 | 2 401 |
| Voss | 1 836 | 1 703 | 2 114 | 2 081 |
| Hordaland | 1 745 | 1 969 | 1 997 | 2 120 |
| Kostragruppe 11 | 1 998 | 2 158 | 2 200 | 2 391 |

# Tilsette

Fråværet i TTBU har gått ned dei siste åra. Variasjonen innan einingane i dei ulike avdelingane er stor.

| Avdeling | Fråvær i % 2014 | Fråvær i % 2015 | Fråvær i % 2016 |
|---|---|---|---|
| **Totalt TTBU** | **10,3** | **8,4** | **8,3** |

Omfanget av oppgåver i TTBU er stort. Det er ein arbeidsplass med stor variasjon i oppgåver og samarbeidspartnerar. Arbeidspresset er til tider svært høgt og fråværet har vore høgt over tid. Det blir naudsynt at ein i året som kjem analyserer desse tala og set av tid til å arbeida med utfordringane knytt til det. Høgare nærvær på jobb blant dei tilsette, vil koma både medarbeidarar og brukarar til gode.

# Økonomi

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| TTBU | | | 50 537 479 | 46 524 973 | 4 012 506 | 108,62 | 44 510 215 | 43 285 000 | 102,83 |
| | 10 | LØNN OG SOSIALE UTGIFTER | 46 048 747 | 43 793 277 | 2 255 470 | 105,15 | 38 949 112 | 39 947 967 | 97,50 |
| | 11 | FORBRUKSMATERIELL,KURS, REISER M. | 5 683 507 | 3 627 181 | 2 056 326 | 156,69 | 4 888 826 | 3 606 326 | 135,56 |
| | 12 | INVENTAR, UTSTYR, VEDL., MATERIELL | 1 773 381 | 926 924 | 846 457 | 191,32 | 1 576 182 | 919 316 | 171,45 |
| | 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 4 988 579 | 4 263 734 | 724 845 | 117,00 | 4 958 691 | 4 597 734 | 107,85 |
| | 14 | OVERFØRINGER | 3 813 305 | 4 280 060 | -466 755 | 89,09 | 3 820 622 | 1 780 060 | 214,63 |
| | 15 | FINANSUTG. OG FINANS.TRANSAKSJO | 465 | 0 | 465 | 0,00 | 680 779 | 0 | 0,00 |
| | 16 | SALGSINNTEKTER | -486 832 | -324 800 | -162 032 | 149,89 | -209 508 | -400 000 | 52,38 |
| | 17 | REFUSJONER | -5 747 483 | -9 491 000 | 3 743 517 | 60,56 | -7 420 488 | -6 866 000 | 108,08 |
| | 18 | OVERFØRINGER | -4 944 075 | -550 403 | -4 393 672 | 898,26 | -2 734 002 | -300 403 | 910,11 |
| | 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANS.TRANS | -592 114 | 0 | -592 114 | 0,00 | 0 | 0 | 0,00 |

TTBU hadde i 2016 eit overforbruk på 2,83 %. Dette utgjer kr 4 012 506. Overforbruket er innafor fleire område. Avlastingstiltak og fosterheimstiltak er eit slikt område. Statsrefusjon for ressurskrevjande brukarar og refusjon frå det statlege barnevernet for ressurskrevjande fosterheimstiltak, dekker ikkje reelle utgifter. Lover, statlige retningslinjer, og spesialisttenestene sine forventningar legg stadig nye omsorgsoppgåver over på kommunalt nivå. Det er eit krav at kommunen i større grad må etablere og sikre tilfredsstillande omsorgstilbod til dei borna som treng det. Det kostar, og er ikkje lett å budsjettere.

Også dette året har barneverntenesta vore nøydd til å gjennomføre fleire hasteplasseringar. Dette er inngripande tiltak for dei det gjeld, og slike tiltak krev mykje ressursar. I saker der vald, overgrep eller anna alvorleg omsorgssvikt blir avdekka, er det likevel naudsynt.

TTBU har  ytt tiltak jfr. Helse og omsorgstenestelova til fleire særskilt ressurskrevjande brukarar. Kostnader med tiltak her, saman med utgifter til omsorg i fosterheim, er ein av årsakene til overskriding av budsjett for 2016.

TTBU har også dette året gått til innkjøp av tenester utanfrå. Framover må det sikrast eigen kompetanse og reduksjon av private tiltak og konsulent-teneste.

# Resultat for sektoren samla

Leiarane i einingane har leiarmøte kvar månad. I desse møta har ein lagt vekt på å bli kjende med kvarandre og kva tenestetilbod einingane kan tilby. Sektoren har felles «brukargruppe» ; alle barn og føresette i kommunen. Me eig borna saman og det er det samla tilbodet me kan gje som er viktig. Samarbeid og samhandlinga for å gje eit heilskapleg godt tilbod er fokus..

## Gjennomgåande styringsindikatorar for sektoren frå økonomiplanen 2017 - 2010

| Tekst | Mål 2016 | 2017 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Budsjettbalanse | 0% avvik | 0% avvik | 0 % avvik |
| Medarbeidarsamtale for dei over 50 % | 100% | 100% | 100% |

| | | | |
|---|---|---|---|
| stilling | | | |
| Sjukefråvære | 7,1 | 7,0 | 6,9 |
| Brukarundersøking | 100% | 100% | 100% |

# 1. Mål styringsindikator: Budsjettbalanse 0% avvik

| Grp. kont | | Regnskap 201 | Budsjett 201 | Avvik kr | Forbruk % | | Regnskap | Budsjett inkl. endri | Forbruk i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **ALLE** | **347 386 085** | **346 698 304** | **687 781** | **100,20** | | **336 486 915** | **332 201 378** | **101,29** |
| 10 | LØNN OG SOSIALE UTGIFTER | 300 020 918 | 300 939 569 | -918 651 | 99,69 | | 288 289 927 | 282 689 291 | 101,98 |
| 11 | FORBRUKSMATERIELL,KURS, REISER M.N | 29 476 011 | 27 715 425 | 1 760 586 | 106,35 | | 29 144 108 | 26 838 589 | 108,59 |
| 12 | INVENTAR, UTSTYR, VEDL., MATERIELL N | 7 781 309 | 5 833 975 | 1 947 334 | 133,38 | | 11 234 229 | 5 127 344 | 219,10 |
| 13 | KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE | 65 343 341 | 47 382 811 | 17 960 530 | 137,91 | | 51 488 645 | 50 871 811 | 101,21 |
| 14 | OVERFØRINGER | 9 130 314 | 12 530 386 | -3 400 072 | 72,87 | | 8 825 773 | 7 362 746 | 119,87 |
| 15 | FINANSUTG. OG FINANS.TRANSAKSJON | 444 465 | 0 | 444 465 | 0,00 | | 1 287 294 | 0 | 0,00 |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -29 960 842 | -19 886 480 | -10 074 362 | 150,66 | | -17 512 628 | -17 977 864 | 97,41 |
| 17 | REFUSJONER | -24 871 085 | -27 266 979 | 2 395 894 | 91,21 | | -32 158 361 | -22 410 136 | 143,50 |
| 18 | OVERFØRINGER | -9 336 232 | -550 403 | -8 785 829 | 1 696,25 | | -3 832 020 | -300 403 | 1 275,63 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANS.TRANS. | -642 114 | 0 | -642 114 | 0,00 | | -280 052 | 0 | 0,00 |

Sektoren er svært nøgd med eit forbruk på **100,20 %.** Det er eit overforbruk på kr 687 781, og med eit budsjett på mest 347 millionar, er det eit godt resultat. Skulane har halde seg godt innafor rammene i 2017 budsjettet, det same har dei kommunale barnehagane. Dei økonomiske utfordringane i sektoren ligg først og fremst innafor barnevernet. Denne tenesta er det vanskeleg å budsjettera med, og tiltaka er ofte kostbare og omfattande. Ei anna utfordring er overføringane til private barnehagar som har auka med 3, 2 millionar frå 2015 – 2016.

# 2. Mål styringsindikator 100% gjennomført medarbeidarsamtale for dei med over 50 % stilling

Det er gode rutinar for gjennomføring av medarbeidarsamtale i einingane. I og med at trivselsundersøkinga ikkje har vore gjennomført i 2016, har ein ikkje noko tal på kor mange medarbeidarsamtalar som er gjennomførte. Med innføring av kvalitetssystemet Compilo er det mulig at dette vil kunna dokumenterast frå 2017. For 2017 vil også trivselsundersøkinga blant dei tilsette syna fleire resultat for dei tilsette.

# 3. Mål styringsindikator: Sjukefråvære under 7,0 %

Sektoren har for 2016 eit samla sjukefråvære på 6,1 %. Variasjonen mellom einingane er stor. Det blir jobba bra med å redusera sjukefråværet i alle einingar.

# 4. Mål styringsindikator: Brukarundersøking 100 %

Innafor dette området er det nokre av einingane som har gjort ein god jobb. Alle kommunale barnehagar har hatt brukarundersøkingar. Resultata dei har fått frå foreldra gjev eit bilete av at foreldra er tilfreds med tilboda barnehagane gjev.

Skulane har gjennomført den obligatoriske elevundersøkinga. Resultata er lagt ut lengre framme i denne årsmeldinga. Resultata for 2016 syner at elevane trivest på skulen og at det er mindre mobbing i skulane i Kvinnherad enn i resten av landet. For 2017 vil ein gjennomføra foreldreundersøking for skulane på same måte som i barnehagane.

# Sektoren har i inneverande økonomiplanperiode 3 satsingsområde

## 1. Tidleg innsats

Dei aller fleste barn og unge treng eit normaltilbod frå kommunen. Det kan vera vanleg opplæring i skule og barnehage, eller at dei følgjer eit vanleg tenestetilbod med oppfølging av helsesøster. Nokre barn treng eit ekstra omsorgstilbod frå kommunen, enten fordi dei har vanskar sjølve eller fordi familien dei er i, har vanskar. For desse barna er det viktig at den hjelpa dei treng kjem i gang tidleg.

Tidleg innsats er eit satsingsområde i sektoren. Med dette meinast at ein må koma tidleg inn med hjelpetiltak til dei som treng det, og at ein må setja inn innsatsen så raskt som mogleg. Til tidlegare tiltak vert sette inn, jo større sjanse har ein for å lukkast med hjelpetiltaket. Uansett alder er det viktig å handla raskt slik at ting ikkje dreg ut i tid. Situasjonen har nok altfor ofte vore slik at ein ventar og ser om ikkje ting kan «gå over». Det gjer dei sjeldan av seg sjølv.

Hjelpetiltaka til barn og unge har kome seint i gang, og tiltaka har ofte auka i omfang etter alder. Å snu denne trenden er eit mål. Dette er ei vanskeleg oppgåve. Her må heile sektoren samarbeida om å avdekka behov og setja i gang gode og adekvate tiltak, tidleg.

Det tek tid å snu heile sektoren på dette området. Her må alle gode krefter arbeida saman for å få ei endring. Utfordringa er å  vri ressursbruken frå dei eldste borna nedover til dei yngste slik at hjelpetiltaka kan koma tidleg i gang. For 2016 var det  tildeling til tidleg innsats til elevane på 1. – 4, trinnet. Dette vart brukt til ekstra lærardekning på dei lågaste trinna. Kommunen fekk i tillegg ekstra tildeling frå staten til dette.

Tidleg innsats er eit område som det må arbeidast med over tid for å få resultat og endringar. Arbeidet er i gang.

# Tverrfagleg innsats.

Samhandling og samarbeid på tvers av einingar og sektorar er satsingsområde. I 2016 vart det tilsett ei koordinator i 20% stilling som skal leia dette arbeidet. Koordinatoren er tilsett ved hjelp av midlar frå  KORUS og starta arbeidet med ein heilskapleg plan for å sikra gode og samanhengande tiltak innan heile sektoren. Det vert arbeidd etter modellen «Betre tverrfagleg samarbeid».

Spørjeundersøking som skal danna grunnlag for arbeidet er gjennomført blant dei tilsette. Desse data vert no brukt som grunnlag for vidareføring av prosjektet. Arbeidet er i gang, og me har ein lang veg å gå saman.

## Kvalitetsutvikling.

I 2016 har sektoren har hatt ei stor satsing på barnehageprogrammet «Vera saman» . Auka kvalitet i samspelet mellom barn og vaksne er målet.

Leiarane i barnehage og skule har delteke på leiarkonferanse i FOS-regi med fokus på kvalitet og utvikling i oppvekstområdet. Nye læreplanar har vore fokus.

Kulturskulen har saman med dei andre kulturskulane i Sunnhordland og norsk kulturskuleråd starta det lokale arbeidet med den nye rammeplanen.

17 lærarar har deletek på den statlege vidareutdannings-satsinga.

# SEKTOR OMSORG, HELSE OG SOSIAL 2016

Kvinnherad kommune er i ein omorganiseringsprosess og dette har medført store organisatoriske endringar. Sektor for omsorg , helse og sosial vart oppretta og tidlegare verksemder vart delt i nye einingar.

Endringane tredde i kraft 1.1.2017 og årsmeldinga er difor i stor grad basert på den organiseringa som var i 2016.
Budsjett og rekneskap vart delt i høve dei nye einingar i løpet av 2016 og dette medfører at det ikkje alltid er samsvar mellom årsmeldingane sin økonomidel og rekneskapen for sektoren.

## Institusjonar og open omsorg

### RESULTAT FOR BRUKARANE.

Med bakgunn i « omsorgstrappa» har det vore eit mål i tenesta å gje rett tilbod til rett person til rett tid. Tenesta har lagt vekt på å gjennomføre dette så langt som råd.

Grunna ombygging av Rosendalstunet har ein i 2016 hatt sjukeheimsdrift på Varaldsøy, på Ølve og i omsorgsbustadar på Rosendalstunet.

I tillegg så har Halsnøytunet og hatt sjukeheimsdrift i omsorgsbustadar. Dette har medført at ein i 2016 har hatt fleire institusjonsplassar enn tidlegare, og færre plassar i heildøgns omsorgsbustadar.

| **Institusjonar** | **Institusjonsplassar 2015** | **Institusjonsplassar 2016** |
|---|---|---|
| Halsnøytunet | 22 | 25 |
| Husnestunet | 51 – 2 av dei er KAD Plassar | 51 - 2 av dei er KAD plassar |
| Rosendalstunet | 32 | 28 |
| Varaldsøy | 0 | 16 |
| Ølve | 2 | 5 |
| Totalt | 107 | 125 |

Beleggsprosenten på institusjonane:

| | |
|---|---|
| Halsnøy | 95% |
| Husnes | 103,2% |
| Husnes KAD plassar | 50% |
| Rosendal | 100,5% |

KAD plassar er kommunale akutt plassar.

Det er framleis noko å gå på når det gjeld utnytting av KAD-plassar, men sjølv om beleggsprosenten ikkje er optimal er den blant dei beste i Helse Fonna. Dei andre institusjonane har hatt ein del overbelegg. Halsnøy auka antal institusjonsplassane i løpet av året og dette slår ut på beleggsprosenten

I fht. overliggedøgn på sjukehus så viser det seg at det er ein del toppar i løpet av året som vil vere vanskeleg å løyse på anna måte. Kostnadane for overliggedøgn var i 2015 på vel 2 million og for 2016 på vel 1.2 millionar.

**OVERLIGGEDØGN**

| | **Januar** | **Februar** | **Mars** | **April** | **Mai** | **Juni** | **Juli** | **August** | **September** | **Oktober** | **November** | **Desember** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **2014** | 10 | 53 | 26 | 27 | 23 | 3 | 7 | 12 | 58 | 25 | 8 | 1 | 253 |

| | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **2015** | 42 | 18 | 4 | 5 | 23 | 18 | 12 | 7 | 29 | 44 | 135 | 90 | 427 |
| **2016** | 77 | 0 | 26 | 14 | 6 | 1 | 0 | 3 | 27 | 56 | 7 | 5 | 222 |

**Kjøp av rehabiliteringsplasser i Odda kommune**: 95 liggedøgn fordelt på 6 opphald.

(tilsvarande i 2014: 85 liggedøgn og 2015: 125 liggedøgn)

Vedtak på heimetenester vart i 2016 gjort lokalt i verksemdene i samarbeid med tildelingskontoret og ein opplever at nærhet til brukarane til tider medfører at omfanget av hjelpa vert betre tilpassa. I Husnessona har dette bidratt til at det det i løpet av 2016 vart ein reduksjon i tenestene i open omsorg på 60 timar pr. veke.

I Rosendalssona er talet på brukarar i heimetenestene redusert frå 282 i 2015 til 244 i 2016. Brukarane ein går til er meir pleietrengjande enn tidlegare år. Talet på demente aukar

| **Status** | **Antal saker** | **Antal brukera** | **Gj.snitt beh.tid** |
|---|---|---|---|
| Innvilga | 1374 | 681 | 14 |
| Avslått | 76 | 71 | 42 |
| Avslått utan beh. | 82 | 76 | 26 |
| Totalt | 1532 | 726 | 16 |

Innafor, langtid-, korttid- og avlastningsplassar samt tildeling av omsorgsbustadar har tildelingskontoret sakshandsama og tildelt fylgjande:

| **Langtidsopphald** | **Korttidsplassar** | **Avlastning** | **Omsorgsbustad HDO** | **Omsorgsbustad** |
|---|---|---|---|---|
| 39 plassar | 253 opphald | 143 opphald | 11 bustadar | 16 bustadar |
| 21 avslag | 13 avslag | 4 avslag | | |

Kreftkoordinator
Hausten 2016 vart det gjennomført endringar i høve stillinga som kreftkoordinator. Stillinga er no overført til heimebasert teneste sør, men vil framleis ha oppgåvene som kreftkoordinator har hatt. I heimebasert teneste nord vil kreftsjukepleiar i den eininga ha tilsvarande ansvar og oppgåver.

Rus -og psykiatri
Innanfor rus- og psykisk har det vore nokolunde stabil drift i tenestene. Det har vore mangel på kvalifisert personell i periodar både på grunn av sjukdom, og på grunn av innsparingar. Dette har resultert i at arbeidsbelastninga på kvar tenesteutøvar i tenestene har vore stor i periodar.
Det har og vore nødvendig å auke bemanninga einskilde plassar for å sikre tryggleiken til brukarar. Dette har vore positivt i fht. avvik og medisinering.

Delinga på døgntenester og dagtenester har etter kvart  fungert betre og betre med tanke på oppgåvefordeling. Planlegging av nytt bufellesskap for tenesta i Rosendal har hatt stort fokus dette året for dei som vert berørt av dette.

På aktivitetsentra vert det gjort eit flott arbeide som betyr svært mykje for mange brukarar. Her har det også vore samarbeidsprosjekt med NAV i UNG MEISTRING.

Kvinnherad kommune ligg godt an i høve til andre kommunar når det gjeld satsingar på rus- og psykiske helsetenester.

# Resultat for medarbeidarane

Sjukefråvær

| Verksemd | 2015 | 2016 |
|---|---|---|
| Halsnøy | 6,8% | 8,3% |
| Husnes | 14,3% | 12% |
| Rosendal | 7,2% | 8,4% |

I hovudsak er det mange langtidssjukemeldingar og ein del sjukefråvær i samband med graviditet. Verksemdene arbeidar kontinuerleg for å redusere fråværet med å tilretteleggje arbeidsoppgåver og samarbeider med lege, jordmor og NAV i tillegg til god kontakt og individuell oppfylgjing av dei tilsette.

Kompetansehevande tiltak som pågår eller er gjennomført i 2016 er desentralisert sjukepleiar- og vernepleiarutdanning, leiarutdanning, og ulik vidareutdanning innanfor fagområda.  Det er læringsnettverk knytt til legemiddelhåndtering i heimetenesta og førebygging av fall og trykksår. Eldreomsorgens ABC har pågått over fleire år og  vart avslutta i 2016.

Verksemdene har jamlege  møter med tillitsvalde og verneombud.
Medarbeidarsamtalar har til dels vore gjennomført med tilsette over 50% stilling , men ein har diverre ikkje klart å gjennomføre dette med alle grunna kapasitetsproblem.

# Resultat for samfunnet

Samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar er sentralt i det daglege og har stor betydning for livskvaliteten til  brukarane på institusjon og i open omsorg. Det vert arrangert ulike kulturtilbod, aktivitetar , besøkstenester i samarbeid med frivillige. Tenesteområda er opptekne av samarbeidet og  tilrettelegg  for at frivllig arbeid skal bli møtt og gjennomført på ein god måte.
Skule og barnehagar er viktige innslag  som bebuarane på sjukeheimane set stor pris på.
Tenesta har samarbeid med flyktningetensta i høve språkpraksis og med Nav i høve arbeidspraksis

# ØKONOMISK RESULTAT

Dette er  det økonomiske resultatet ut frå korleis tenesta var orgranisert i 2016 for  fylgjande verksemder. Meir om årsaker til økonomisk resultatet kjem i siste del av årsmeldinga.

| Verksemd | Rekneskap 2016 | Budsjett 2016 | Forbruk  % | Avvik kr. |
|---|---|---|---|---|
| Halsnøysona | 37 098 812 | 36 343 000 | 102,08 | 755 812 |
| Husnessona | 101 792 000 | 97 990 000 | 103,88% | 3 802 000 |
| Rosendalssona | 99 981 485 | 93 471 000 | 106,97 | 6 510 485 |

# HERØYSUND KOMPETANSESENTER RESULTAT FOR BRUKARANE.

| | 31.12.2015 | 31.12.2016 |
|---|---|---|
| Mottakarar av heimetenestar | 38 | 42 |
| Mottakarar av avlastning | 2 | 1 |
| Mottakarar av dagtilbod | 19 | 20 |
| Tildelte timer pr. veke | 2902 | 2992 |
| Tenestemottakarar med over 200 timar pr. veke | 3 | 3 |

Verksemda har hatt som mål å yte kvalitativt gode tenesta til brukarane. Grad av måloppnåing har blitt evaluert saman med personalgruppa og brukar/pårørande.
Det har også i 2016 vore fokus på brukarmedverknad, og verksemda har samarbeid med organisasjonen for funksjonshemma (NFU) for å sikre dette. Som resultat av dette ble det etablert et brukarråd samt laga ein mal for samarbeidsavtale mellom brukar/pårørande/ verje og verksemda.
Det er ein auke på 90 timar tildelte timar pr. veke frå hausten  2016.

# Resultat for medarbeidarane

Sjukefråvær 2016:   8,1% — Av dette er korttidsfråværet: 2,7%

Sjukefråvær 2015:  10,8% — Av dette er korttidsfråværet: 2,6%

Fråværet har gått ned med 2,7%  i 2016.
Ein del av fråværet skuldast fleire langtidssjukemeldte i høge stillingar og graviditet. Det er utarbeidd handlingsplan i fht sjukefråvær  og tilsette med høgt fråvær vert tett oppfylgt med individuelle oppfylgjingsplanar og møter med lege, jordmor og Nav. I 2016 er lovverket

handheva strengare både i høve eigenmeldingar og sjukemeldingar og det er gjennomført både samtalar og tilretteleggingstiltak med tilsette som har høgt fråvær. Det kan være resultat av dette arbeidet som no kjem til syne.
Verksemda har og hatt fokus på ulike turnusordningar for å imøtekomme tilsette sine ynskjer. På den måten kan ein bidra til å redusera fråveret når det samstundes er ei gunstig løysing for brukarane og deira behov.

Kompetanseutvikling.
Fem tilsette i verksemda var i løpet av 2016 ferdig med desentralisert vernepleiarutdanning og to tilsette held på med desentralisert sjukepleiarutdanning.
To tilsette starta hausten 2016 på vidareutdanning i velferdsteknologi. Utover dette har ein del tilsette delteke på dags kurs og e-læringskurs.

Arbeidsmiljø
Ein god del av dei tilsette opplever ein krevjande arbeidssituasjon der truslar og angrep er ein del av kvardagen. Det føregår kontinuerleg arbeid med opplæring, tryggleiksrutinar og vegleiing for å førebyggja skadar.
Verksemda har eit godt system på handtering av ulike avvik saman med verneombod og tillitsvalde og utarbeidar årleg eigen HMT årsrapport som gjev oversikt over omfang og tiltak innanfor dette området
Det er gjennomført medarbeidarsamtalar med dei fleste tilsette i verksemda i 2016, men leiarane har av mangel på tid ikkje hatt kapasitet til å gje alle dette tilbodet i løpet av året. Dei som gjenstår vil alltid bli prioritert fyst neste år.

# Resultat for samfunnet

Verksemda samarbeidar med vidaregåande skular og tar i mot elevar som skal ha praksis og lærlingar innanfor helsefag. Vi samarbeidar med Nav og Viergo i høve arbeidspraksis og med flyktningetenesta i høve språkpraksisplassar. Utover dette samarbeidar vi med ulike einingar innafor Helse Fonna. Internt har vi samarbeidd med andre kommunale verksemder og i lokalmiljøet med barnehager og med frivilligheitssentralen

## ØKONOMISKE RESULTAT

| Eining | Rekneskap 2016 | Budsjett 2016 | Avvik kr. | Forbruk % | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Forbruk % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bu og Hab N | 23 580 825 | 27 780 504 | -4 199 679 | 84,88 | 21 3622 848 | 21 953 988 | 97,31 |
| Bu og Hab S | 39 182 067 | 38 158 620 | 1 023 447 | 102,68 | 34 951945 | 30 634 012 | 114,1 |

Storparten av driftsutgiftene er lønskostnadar som har samanheng med tildelte tenestar. Tryggleiksgrunnar medfører at det er fleire som har ei bemanning på 2:1.
Verksemda har over lang tid hatt fokus på sparing og det er etablert ein kultur og praksis i verksemda på å vere strenge ved inntak av vikar og nytte kortast mulig vakter når vi ikkje kan unngå innleige. Vidare løyser vi ting på tvers, flyttar oppdrag og låner/flyttar personale mellom gruppene både kvardagar, helg og høgtid for å redusere lønnskostnadar.

Verksemda har i 2016 brukt kr. 3.176 232,- mindre enn budsjettert. Om lag halvparten skuldast auka refusjon av ressurkrevjande brukarar.

# Eining for Helse

Eininga omfattar legevakt, drift av legekontor, smittevern, miljøretta helsevern, folkehelse, frisklivsentral og nokre kommunale lærings- og meistringstilbod.

# Resultat for brukarane.

Tabellen nedafor syner tal innbyggjarar som soknar til dei ulike helsesentra, listekapasitet og ledige listeplasser. Det var totalt 536 ledige listeplasser i Kvinnherad per 01.01.17.

| | Fastlegar | Innbyggjarar | | | | Liste-kapastitet | Ledige listeplasser | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 01.01.16 | 01.01.14 | 01.01.15 | 21.01.16 | 01.01.17 | 01.01.16 | 01.01.16 | 01.01.17 |
| Hatlestrand helsesenter | 1 | 1 041 | 1 023 | 814*) | 810*) | 800 | 82 | 82 |
| Rosendal helsesenter | 5 | 3 917 | 3 939 | 4 169*) | 4 178*) | 4200 | 231 | 187 |
| Husnes helsesenter | 7 | 6 202 | 6 215 | 6 239 | 6 188 | 6400 | 54 | 99 |
| Halsnøy helsesenter | 3 | 2 051 | 2 024 | 2 004 | 2 033 | 2200 | 146 | 168 |
| Utan oppgjeven adr. | | 13 | 1 | 2 | 3 | | | |
| **Totalt:** | **16** | **13 224** | **13 201** | **13 228** | **13 203** | **13 600** | **513** | **536** |

Ventetid for time:

| | Frå: | Til: |
|---|---|---|
| Halsnøy helsesenter | 2 | 10 dagar |
| Husnes helsesenter | 1 veke | 5 - 6 veker |
| Rosendal helsesenter | 2 dagar | 3 veker |
| Hatlestrand helsesenter | 0 dagar | 1 veke |

Legetenesta

Ledig listekapasitet er noko betre fordelt enn i 2016, men ikkje godt nok i forhold til busetnad og arbeidsplasser. Legekontora er opne kvar vekedag, med eit unntak; Hatlestrand helsesenter som har 3 dagar med rein kurativ teneste. Legevakt er for tida 12-delt og i hovudsak dekka av fastlegar i Kvinnherad.

Førebyggjande helsearbeid

Frisklivsentralen gjev tilbod om individuelle helsesamtalar med råd og rettleiing. I tillegg gjev frisklivssentralen tilbod om gruppeaktivitetar med tilpassa og kvalitetssikra fysisk aktivitet tre stader i kommunen.

Lærings- og meistringskurs for personar med diabetes er gjennomført og i samarbeid med Helse Fonna er det utvikla  og gjennomført eit nytt lærings- og meistringskurs for personar med KOLS.
Det er i tillegg sikra midlar til oppstart av Kurs i meistring av belastningar (KiB), dette er eit viktig ledd i Kvinnherad kommune sitt innsats i forhold til ei av dei største folkehelse - utfordringar vi har i kommunen, det at alt for mange slit med psykiske symptom og lidingar.

# Resultat for medarbeidarane

11 av 16 fastlegar er spesialistar i allmennmedisin, 5 er  no i spesialisering.

Legar i vaktrullering og tilsette ved Kvinnherad legevakt er byrja sikra obligatorisk kompetanseheving for å innfri krav i ny forskrift om akuttmedisin.

Miljøkonsulent og folkehelsekoordinator tek vidareutdanning i Helse og omsorg i plan. Eining for helse har stabilt og godt kvalifisert personale i alle deler av verksemda.
Gjennomsnittleg nærvær var 95,45 % for eininga samla i 2016. Det er eit godt resultat, då det er svært lite korttidsfråvær.

Det er utført ombygging både ved Rosendal helsesenter og ved Kvinnherad legevakt som gjer arbeidskvardagen betre for dei tilsette og som ivaretek omsyn til personvern og sikkerhet på ein meir tilfredsstillande måte.

# Resultat for samfunnet

Nokre nøkkeltal frå KOSTRA  per 15.03.17

| | Kvinnherad | Kostragrp.11 | Hordaland | Landet u/Oslo | Landet |
|---|---|---|---|---|---|
| Legeårsverk per 10 000 innb. | 10,7 | 11,8 | 10,2 | 10,7 | 10,6 |
| Årsverk av legar per 10 000 innb. 0 - 5 år | 9,0 | 7,2 | 7,1 | 6,1 | 5,8 |
| Årsverk av legar per 10 000 innb. kommuneoverlege og miljøretta helsevern | 0,3 | 0,7 | 0,5 | 0,5 | 0,5 |
| Årsverk av legar per 10 000 innb. kurativ teneste) | 8,8 | 9,6 | 7,8 | 8,6 | 8,6 |
| Legetimar per veke per bebuar i sjukeheim | 0,44 | 0,51 | 0,66 | 0,55 | 0,54 |

KOSTRA tal viser at Innbyggjarane Kvinnherad  har ei god legeteneste med i hovudsak stabile fastlegar, og legevakt med lokale legar med god kunnskap om kommunen vår og spesialisthelsetenesta i nærområdet vårt. KOSTRA-tal syner at vi har større innsats når det gjeld legetenester til barn i aldersgruppa 0 – 5 år enn gjennomsnittleg innsats i kostragruppe 11, Hordaland og landet elles, og lågare innsats når det gjeld legetimar per veke per bebuar i sjukeheim.

Førebyggjande helsearbeid - Folkehelse

Arbeid med å sikra folkehelseperspektivet i kommunalt planarbeid er ein kontinuerleg prosess med føremål å skape eit helsefremjande lokalmiljø. Prosjektet Kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde har teke tid og er no ferdigstilt. Arbeid for å sikra at Kvinnherad kommune vert godkjend som Trafikksikker kommune er starta opp i 2016 og vil halda fram i 2017.

Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern skal medverka til å  fremje god folkehelse for innbyggjarane i kommunen. Miljøretta helsevern er med og sikrar omsyn til helse i plan ved å gje uttale til nye byggeprosjekt. Det vert arbeidd med å kartleggja behov for utbetringar som trengst for å stetta krav til universell utforming i offentlege bygg og uteområde innan 2025. Det er gjennomført tilsyn av  1 skule og 5 barnehagar i 2016.

Ansvar omfattar deler av ureiningslova og søknader om utsleppsløyver. Det vart gjeve 18 utsleppsløyver i 2016.  Det vart handsama 10 ureiningssaker. Døme på ureiningssaker er: klagesaker på private avløpsanlegg, støysaker, melding om forureining, klage om lagring av skrot.

### ØKONOMISKE RESULTAT

| Eining | Rekneskap 2016 | Budsjett 2016 | Avvik kr | Forbruk % | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Forbruk % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Helse | 18 270 220 | 16 906 828 | 1 363 392 | 108,06 | 17 960 487 | 16 973 159 | 105,8 % |

Eininga har hatt ein stram økonomi i 2016, og har dessverre brukt kr 1 363 392 meir enn tildelt budsjettramme. Dette skuldast m.a. at vi ikkje greidde forhandla ned kostnad for legevaktsamarbeid med Tysnes kommune, innføring av nytt naudnett, nytt regelverk for legevakt og høgare utgifter til drift av legekontora enn budsjettert samt  forventa innsparing ved revisjon av ulike avtalar som har slege feil. I tillegg så er lønsauken større enn budsjettert samt pensjon og sosiale omkostningar for godtgjersle legevakt og ekstra bruk av vikarmidlar i samband med opplæring

Eininga har ansvar for utgifter til nokre eksterne samarbeidspartar som vi i liten grad kan påverka. Desse utgiftene er totalt sett litt lågare i 2016 enn i 2015:

| | **2014** | **2015** | **2016** |
|---|---|---|---|
| Basistilskot til andre kommunar (gjeld innb. m/fastlege i a. kommunar) | 72 242 | 70 839 | 68 391 *) |
| Medisinsk naudmeldingsteneste, Helse Fonna (samarb. kring naudnummer) | 532 957 | 538 250 | 552 783 |
| Samarb.avtale m/Tysnes kommune, legevakt for Ølve/Hatlestrand | 664 000 | 653 508 | 687 222 |
| Pasientskadeerstatning | 297 422 | 436 795 | 324 267 |
| **Totalt:** | **1 566 621** | **1 699 392** | 1 632 663 |

# EINING FOR ERGO-OG FYSIOTERAPITENESTA

## Resultat for brukarane.

Kostratal for 2016

| | **Kvinnherad** | **Kostragruppe 11** | **Hordaland** | **Landet** |
|---|---|---|---|---|

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innb.* | 9,2 | 9,7 | 8,6 | 9,1 |
| Ergoterapiårsverk pr. 10 000,- innb. ** | 1,9 | 3,4 | 4,3 | 3,9 |

*Fast tilsette og avtalefysioterapeutar **Kostratal ergoterapi i rapporten er feil. Der står at vi har 5,8 ergoterapeutar pr. 10 000 innbyggjarar.

Vi ligg under i årsverk både for ergoterapi og fysioterapi samanlikna med Kostragruppe 11.
Vi har 6 driftstilskot for avtalefysioterapeutar. 3 på Husnes og 3 i Rosendal.

Fysioterapeutar med driftstilskot driv anten i kommunale lokale eller i eigne. Innbyggjarar som har trong for kurativ behandling går i hovudsak til desse terapeutane. Tyngre rehabiliteringsoppgåver, behandling av born, behandling i institusjonar, på helsestasjon og i skulehelseteneste vert ivareteke av dei fast tilsette. 70% stilling har vore knytt til samhandlingsavdelinga

Ved utgongen av 2016 var både kommunale terapeutar og fysioterapeutar med driftstilskot knytt til Norsk Helsenett. Vi har framleis ikkje felles venteliste, og vi nyttar ulike fagprogram.

Venteliste pr des. -16

| **Område/sone** | **Kommunal fysioterapi** | **Ergoterapi** | **Fysioterapeutar med driftstilskot** |
|---|---|---|---|
| Halsnøy | 7 | | |
| Husnes | 15 | 9 | 57 |
| Rosendal | 8 | 6 | 16 |

Fagressursar vert nytta til merkantile oppgåver og sentralbordfunksjon. Grunna dette, vakansane i tenesta og engasjement på andre arenaer har vi redusert kurativ behandling utført av fastløna fysioterapeutar. Dette har auka presset på terapeutar som driv privat praksis, og gjeve lengre ventetid. Særleg ser ein dette på Husnes.

Ergoterapeutanes arbeid er i hovudsak knytt til bustadtilpassing og trening av aktivitetar i dagleglivet etter ein funksjonsvikt, hjelpemiddelformidling og koordineringsoppgåver ved Individuell plan. Nye direktiv frå NAV hjelpemiddelsentral har gjeve auka arbeidspress samstundes med at tenesta har mista ressursar. Dette har gjeve lengre ventetid for hjelp av ergoterapeut.

Brukarretta drift av Varmebassenget ligg og til tenesta. Bassenget vert nytta i behandling av ulike pasientgrupper, til eigentrening, som offentleg bad og til utleige

# Resultat for medarbeidarane

Ergo-og fysioterapitenesta har stabilt og godt kvalifisert personale. I -16 fullførte ein ergoterapeut vidareutdanning innan almenhelse, medan ein fysioterapeut held fram med sin mastergrad innan kunnskapsbasert praksis.

Gjennomsnittleg fråvær i tenesta er 4,7 %. Hos ergo- og fysioterapeutane er fråværet 2,1% medan fråværet i varmebassenget er 22,1%. Dette skuldast at begge dei to fast tilsette er på AAP eller langtidssjukemelde.

# Resultat for samfunnet

Eininga ser ikkje ut til å dekke behovet for verken ergoterapi eller fysioterapi. Det arbeidast no med ein prioriteringsnøkkel etter ASSS-standard,for å sikra at henvisningar vert prioritert i tråd med gjeldande lover og retningsliner og at innbyggjarane i kommunen får eit likeverdig tilbod.

Det ser heller ikkje ut til at vi fullt ut får nytta ressursen varmebassenget er. Det er ca. 20 ledige utleigetimar i veka, inkl. laurdag og sundag.

Parallelt med at at leigeprisane i varmebassenget vart auka i -15, har talet på leigetakarar gått ned og dette medføre  færre inntekter til kommunen.

# Økonomiske resultat

| Eining | Rekneskap 2016 | Budsjett 2016 | Avvik kr | Forbruk % | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Forbruk % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ergo/fysioterapi | 7 822 234 | 7 960 172 | -137 938 | 98,27 | 7 355 906 | 7 394 946 | 99,47 |

Det er stadig fleire personar som vel å få sin fysioterapibehandling i Spania. Kostnaden med dette er det eininga som får. Vi har ingen kontroll med desse rekningane, og kan ikkje forutsjå kor store utgiftene vert. I 2016 hadde vi budsjettert med kr. 80 000,- til dette, men betalte nærare kr. 175 000,-.

# EINING NAV KVINNHERAD

# Resultat for brukarane.

I 2016 fekk 315 personar utbetalt sosialhjelp, totalt vart det gjort 1776 vedtak om sosialhjelp. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for søknadane var 15 dagar. Ingen av søkjarane var under 18 år. Talet på søkjarar på sosialhjelp aukar med kring 15 personar kvart år, og det er fleire enn før som treng hjelp i opp mot og over eit år. Det er også fleire som får utbetalt meir enn 100.000 kroner i løpet av året.

Det vart sendt 8 klagesaker til fylkesmannen, kontoret fekk medhald i 7 av desse.

Talet på deltakarar i kvalifiseringsprogrammet auka frå 10 i januar til 18 ved utgongen av året.

«OMA» (Oppfølging mot arbeid) vart starta opp i august med mål om å få mottakarar av sosialhjelp til å møta opp om morgonen og spisa frukost i lag, før dei med hjelp av rettleiarar frå NAV søker på ledige jobbar, oppsøker aktuelle arbeidsgjevarar eller vert søkte inn i arbeidsretta tiltak. I fjor var 56 personar oppmeldt til OMA, av desse var 7 ikkje aktuelle, 6 trakk søknaden om sosialhjelp, 7 kom i arbeid og 22 starta opp i arbeidsretta tiltak.

I snitt fekk til ei kvar tid 2-3 personar arbeidstrening gjennom «Vedprosjektet», og i alt var 22 personar i tiltaket «Ung meistring» - 18 av desse oppmeldt frå NAV- kontoret.

248 hushaldningar fekk hjelp av bustøtteordninga i NAV-kontoret, i snitt 1.719 kroner.

Det vart innvilga 14 nye startlån, medan det vart gitt 18 avslag og 2 saker vart avslutta.

Flyktningane

Det vart busett 36 personar, av desse ein familie på 8 som vart direkte overført frå flyktningeleir. Det var ved utgongen av året 50 personar i introduksjonsprogrammet.

Kontoret kom i 2016 godt ut av brukarundersøkinga som NAV gjennomfører kvart år. I 2015 deltok vi ikkje grunna mangel på høvelege lokale, men samanlikna med 2014 syner undersøkinga at brukarane er meir nøgd med kontoret både når det gjeld service og oppfølging..

NAV Kvinnherad hadde eit særs aktivt og produktivt år i fjor. NAV- kontoret er eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom kommunen og arbeids- og velferdsetaten med både statleg og kommunalt tilsette. Saman har kontoret oppnådd særs gode resultat på alt ein vert målt på og ein har hatt høg overgang til arbeid og rekordhøg tiltaksbruk gjennom året. Dette trass i ein vanskeleg arbeidsmarknad med høg arbeidsløyse, permitteringar og konkursar.

# Resultat for medarbeidarane

Dei tilsette fekk flytta frå lite brukande mellombelse lokale til godt brukande mellombelse lokale i

modulbygget på Husnes. Det gjorde at det fysiske arbeidsmiljøet vart mykje betre og at samhandlinga internt vart forenkla.

I 2016 var sjukefråværet for dei kommunalt tilsette på 6 % (K= 8,1 M= 2,4). Dette er lavare enn dei siste åra.

Det var ingen alvorlege hendingar ved kontoret i fjor. Nokre episodar med trugsmål/ verbal utskjelling vart rapportert og fulgt opp av leiar. Det er installert alarm i lokala, og det er etablert prosedyre ved alarm. Kontoret har eigen beredskapsplan, sikkerhetsinstruks og branninstruks.

Alle tilsette hadde medarbeidarsamtale i fjor.

Det er eit etablert samarbeidsforum mellom leiar, tillitsvalde og verneombod i eit MBA (medbestemmelsesaparat) som har møte kvar månad.

NAV gjennomfører kvart år ei anonym medarbeidarundersøking, HKI-undersøkinga. I fjor scora kontoret særs lågt mellom ein del av dei tilsette, og det vert arbeidd med å finna ut kvifor og eventuelt setja inn tiltak. Til dette får vi hjelp av bedriftshelsetenesta.

# Resultat for samfunnet

Kontoret bistår næringslivet/ arbeidsgjevarar i samband med nedskjæringar og permitteringar og ved å finna fram til eigna kandidatar til ledige stillingar.

Kontoret bidrar å redusere fattigdom gjennom arbeidsretta oppfølging av personar utan arbeid og ved å sikra dei inntekt eller bistand . Gjennom deltaking i Fattigdomsprosjektet bidrar eininga til å spreie kunnskap og forståing om dette feltet i resten av organisasjonen og hos publikum generelt.

Kontoret bidrar til integrering av framandspråklege i lokalsamfunnet gjennom busetjings-, informasjons- og oppfølgingsarbeidet i høve flyktningar.

## Økonomiske resultat

| Eining | Rekneskap 2016 | Budsjett 2016 | Avvik kr | Forbruk% | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Forbruk % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nav | 23 287 184 | 17 870 682 | 5 416 502 | 130,31 | 20 394 881 | 13 539935 | 150,6% |

Det er i hovudsak sosialhjelpsutgiftene som er årsaken til eininga sitt meirforbruk i 2016. Trass i tiltaka (OMA, auka tiltaksbruk) ein sette i verk i fjor for å redusera utgiftene til sosialhjelp, så har desse utgiftene fortsatt å auka. Det er likevel tydeleg at utan slike tiltak ville auken vore enno større. Sidan 2013 har desse utgiftene auka med over 4 millionar kroner

I samband med at flyktningetenesta vart overført til NAV i 2015, fekk ein eit kraftig nedtrekk i budsjettramma, basert på at den verksemda som hadde flyktningetenesta fekk stort overskot på drifta. No ser det ut til at overskotet ikkje kjem den aktuelle eininga til gode lenger.

# VAKSENOPPLÆRINGA

## Resultat for brukarane.

Husnes Mottaksenter starta opp 15.mars 2016 og det kom omlag 150 asylsøkjarar til Kvinnherad kommune omtrent over natta
«Vaksenopplæringa etablerte tilbod om norskopplæring til vaksne asylsøkjarar og tilbodet var allereie i gang frå 4.april 2016. Berre i løpet av første veka registrerte vi 35 asylsøkjarar og talet auka til 98 asylsøkjarar per 4.mai.

I september vart det kjent at Husnes mottak kom til å bli avvikla i løpet av hausten. To grupper vart avvikla i veke 40, og to grupper i veke 42, medan dei to siste gruppene heldt fram til veke 47.

Introduksjonsprogrammet:
Individuell plan for kvar einskild deltakar som byggjer på tidlegare skulegang og kompetanse.

I 2016 var det 33 nykomne innvandrarar/flyktningar som var deltakarar i introduksjonsprogrammet

Norskopplæring:
VO tilbyr kurs på dagtid i norsk på ALFAnivå, nybyrjar- og vidarekomne- og avansert nivå. I 2016 har vi arrangert tre parallelle kurs på kveldstid vårsemesteret og haustsemesteret.

VO arrangerer norskprøven to ganger kvart år. Det var 27 elevar som tok norskprøven i 2016.

Samfunnskunnskap:
VO arrangerer 50 timars kurs ved behov. Det vart arrangert nettkurs på tigrinja våren 2016 og arabisk hausten 2016. Det var 23 elevar som tok samfunnskunnskapsprøven i 2016.

Grunnskuletilbodet: Hausten 2016 starta 8 elevar opp i første klasse i grunnskuletilbodet ved vaksenopplæringa.

Det var to elevar ved vaksenopplæringa som tok grunnskuleeksamen vår 2016. Dei tek eksamen på lik line med elevane i 10.klasse ved ungdomsskulane i Kvinnherad.

# Resultat for medarbeidarane

Arbeidstilhøva har vore særs utfordrande for tilsette ved Vaksenopplæringa i 2016. I tillegg til den ordinære undervisninga måtte dei tilsette organisera tilbod til dobbelt så mange elevar i store delar av året. Trass utfordringane har lærarane nok eit år skapt stabile tilhøve for våre elevar og gjennomført undervisninga på ein flott måte.

VO har hatt 16 tilsette og 14,5 årsverk store delar av 2016.
Etterutdanning: 12 tilsette var på kurs i Bergen arrangert av Kompetansenorge i nov. 2016.

Vidareutdanning: To tilsette fullførte utdanninga «*Undervisning av minoritetsspråklige i grunnopplæringa for vaksne*» ved Lærarhøgskulen i Bergen, 15 studiepoeng vår 2016.

HMT: Møte med politiet, auka beredskap ved skulen. Særleg med tanke på asylsøkjarar som fekk avslag. Totalt fråvær: 3,1%

Tilsette ved Vaksenopplæringa har hatt medarbeidarsamtalar og milepælsamtalar i 2016.

# Resultat for samfunnet

Vaksenopplæringa har motteke asylnorsktilskudd for 93 asylsøkjarar i perioden og norsktilskot for 90 flyktningar i perioden ( 43 flyktningar i 2015).

Introduksjonsprogrammet:
Vaksenopplæringa har eit aukande tal deltakarar i programmet. I løpet av dei siste åra har talet på deltakarar meir enn dobla seg.

Samarbeidsavtalen mellom NAV og Kvinnherad kommune underteikna hausten 2015 held fram.

Integreringsprosjektet «Bli her» som starta opp juli 2014 har halde fram i heile 2016. Det er i samarbeid med Frivilligsentralen. Hausten 2016 arrangerte vi mellom anna Internasjonal fest i samband med TV-aksjonen

# Økonomiske resultat

| Eining | Rekneskap 2016 | Budsjett 2016 | Avvik kr. | Forbruk % | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Forbruk % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Integrering opplæring | -5 943 400 | -4 353 849 | -1 589551 | 136,51 | -1 776 770 | -1680 305 | 105,7 |

Asylnorsktilbodet vart organisert på ein slik måte at inntekter og utgifter skulle balansera.

**Kommentarar:**

Auke i tal tilsette har ført til eit overforbruk på løn på over kr 600 000 på art 10101. Fritt skulemateriell, undervisningsmateriell og innkjøp av elevpcar har medført eit overforbruk.

Straum og kopiering har overforbruk i høve budsjett på grunn av at VO betalar sine eigne utgifter pluss halvparten av Kulturskulen sine straum og kopieringsutgifter.

Reingjering for 2015 vart ført på 2016. Inntektene som gjeld betalingselevane på anna brukarbetaling er budsjettert for høgt.

Samsvar mellom budsjett og rekneskap er ikkje så godt som i vanlege år. Det skuldast tilhøve som kom til etter at budsjettet var laga og som korkje skulen eller kommunen var herre over.

Året 2016 har vore utfordrande sett med leiar sine auge på grunn av nye arbeidsoppgåver og meirarbeid i høve asylnorsk. Det har ikkje letta situasjonen at skulen frå før hadde ein vanskeleg situasjon når det gjaldt undervisning- og kontorlokal. Ein del av leiar si tid har gått med til å gjera arbeidsdagane tilfredstillande for dei tilsette med tanke på arbeidstilhøva, og det har også vore viktig å bruka tid på dei einingane vi samarbeider tett med i kvardagen Trass utfordringar så har skulen klart å halda oppe drifta i samsvar med lover og vedtak og elevane har fått den undervisninga dei har krav på

# AKTIV FRITID

## Resultat for brukarane.

Målgruppa er menneske som av ulike årsakar har behov for hjelp til aktivitet, meiningsfull fritid, oppleving av meistring og sosiale nettverk.

Pr. desember 2016 har 90 personar vedtak på Aktiv fritid. Vedtak varierer frå 2-6 timar/veke pr tenestemottakar. Totalt antall timar 333 per veke. 19 brukarar er tilknytt bemanna bufelleskap. Antall personar med vedtak om Fritid med bistand i 2016 er 13 stk. Aktiv fritid er med i samarbeidsprosjektet Ung meistring. Her er vedtak fatta av Nav. 18 ungdomar har fått vedtak i prosjektperioden 01.09 2015 til 31.12 2016.

Lavterskel tilboda handballag og fritidsklubb vert nytta av ca. 50 personar. 4 personar har oppdragsavtale med Kvinnherad kommune for å driva desse tiltaka.

Talet på vedtak har vert stabilt dei siste åra. Ein kan sjå ein tendens til at fleire får vedtak på 2 timar. Ein har redusert antall vedtak på brukarar som er knytt til bemanna bufelleskap. Det har vert sendt inn ein klage til Fylkesmannen på ei slik sak. Kommunen fekk medhald.

Aktiv fritid har pr. 31.12 2016 ca. 80 støttekontaktar i oppdrag. Lønnsutgifter knytt til støttekontakt er ca kr 2 200 000,-. Støttekontaktar får rettleing av tilsette i aktiv fritid.

I periodar har det vert vanskeleg å rekruttere nye støttekontaktar i 2016. Det har medført at nokre vedtak ikkje vert i verksatt. Pr. desember 2016 var det 8 vedtak på midlertidig opphør.

# Resultat for medarbeidarane

Totalt antall årsverk: 3.85

Vakante årsverk i 2016: 0.4

Fråvær 2016: Totalt: 15,2% Korttid : 8% Langtid 13,5%

Høgt sjukefråvær i gruppa kan forklarast med ein 65% stilling har vært langtidsjukemeld. Gruppa har få årsverk og det gjer stort utslag.

# Resultat for samfunnet

Positive konsekvensar ved å styrkje enkeltmennesket gjennom opplevingar på fritida:

- Færre innleggingar i spesialisthelsetenesta
- Mindre behov for andre helsetenestar i kommunen, eksempelvis fastlegar og psykisk helsearbeid.
- Tilbakeføring til skule/utdanning/arbeid.
- Mindre kriminelle handlingar knytt til rusbruk.
- Oppretthalde funkjsonsniva som fører til at ein klarar å fullføre skulegang/arbeid.
- Førebygge rusbruk og psykisk lidelse.

Fagansvarleg for Aktiv fritid har hatt samarbeid med Nasjonalt kompetansesenter for barn og unge med funksjonsnedsettelser i skriving av fagbok «Sammen med andre. Fritidens betydning for alle.» Hensikta med fagboka er å presentere praksis- og forskningsbasert kunnskap om korleis ein kan arbeide med sosialt arbeid på kultur- og fritidsarenaen ovanfor barn, unge, vaksne og eldre.

# Økonomisk resultat

| Eining | Rekneskap 2016 | Budsjett 2016 | Avvik kr. | Forbruk% |
|---|---|---|---|---|
| Aktiv fritid | 4 433 685 | 4 633 608 | -199 923 | 95,32 |

Aktiv fritid har fått tilskot frå Fylkesmannen på kr 859 369,-. Det er siste året ein har desse midlane. Det er søkt om nye tilskotsmidlar til prosjektet Ung meistring.

Rapporten viser eit forbruk i overkant av 95%. Den store differansen i overføringar skuldast at det er ikkje er overført kr 1 235 000,- til Kvinnherad vekstbedrift frå dette ansvaret.

# ØKONOMISKE KONSEKVENSAR.

| Eining | | Regnskap 201 | Budsjett 201 | Avvik kr | Forbruk % | | Regnskap 2015 | Budsjett inkl. endri | Forbruk i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **ALLE** | **354 356 983** | **343 283 218** | **11 073 765** | **103,23** | | **334 918 486** | **316 795 283** | **105,72** |
| 400 | Sektorkontor for Omsorg, Helse og Sosi | 8 721 908 | 10 435 750 | -1 713 842 | 83,58 | | 10 623 217 | 10 510 837 | 101,07 |
| 401 | Institusjon Halsnøy | 22 578 156 | 20 990 978 | 1 587 178 | 107,56 | | 19 735 213 | 20 294 958 | 97,24 |
| 402 | Institusjon Husnes | 50 728 648 | 48 097 023 | 2 631 625 | 105,47 | | 45 218 113 | 45 465 631 | 99,46 |
| 403 | Institusjon Rosendal | 41 428 652 | 36 056 465 | 5 372 187 | 114,90 | | 33 622 184 | 33 485 581 | 100,41 |
| 404 | Heimetenester Sør | 43 026 689 | 43 366 410 | -339 721 | 99,22 | | 42 659 646 | 41 473 756 | 102,86 |
| 405 | Heimetenester Nord | 44 913 407 | 43 643 654 | 1 269 753 | 102,91 | | 45 763 656 | 41 760 167 | 109,59 |
| 406 | Bu- og Habilitering Nord | 23 580 825 | 27 780 504 | -4 199 679 | 84,88 | | 21 362 484 | 21 953 988 | 97,31 |
| 407 | Bu- og Habilitering Sør | 39 182 067 | 38 158 620 | 1 023 447 | 102,68 | | 34 951 945 | 30 634 012 | 114,10 |
| 408 | Rus og psykisk helsevern | 31 769 095 | 33 326 987 | -1 557 892 | 95,33 | | 32 780 572 | 32 024 360 | 102,36 |
| 409 | Helse | 18 270 220 | 16 906 828 | 1 363 392 | 108,06 | | 17 960 487 | 16 973 159 | 105,82 |
| 410 | Sosiale tenester | 23 287 184 | 17 870 682 | 5 416 502 | 130,31 | | 20 394 881 | 13 539 935 | 150,63 |
| 411 | Støtteteneste matfors og hjelpem. | 4 991 298 | 3 042 994 | 1 948 304 | 164,03 | | 4 266 951 | 2 964 258 | 143,95 |
| 412 | Ergo/fysioterapi | 7 822 234 | 7 960 172 | -137 938 | 98,27 | | 7 355 906 | 7 394 946 | 99,47 |
| 413 | Eining for integrering og opplæring | -5 943 400 | -4 353 849 | -1 589 551 | 136,51 | | -1 776 770 | -1 680 305 | 105,74 |

Rekneskapen for  sektoren i 2016 viser eit  forbruk på 103,23 %, dette utgjer kr.11 073 765 i overforbruk.

Sektoren har ikkje klart å halde tildelt budsjettramme for 2016.

I kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2016 pkt. 10 står det:

«Arbeidet med å i redusere driftsutgiftene og då spesielt lønsutgiftene skal intensiverast. Ein gjennomgang for å få redusert talet på tilsette slik at vi kjem ned på eit driftsnivå som samsvarar med inntektene til kommunen skal leggjast fram i samband med revidert budsjett i juni 2016. Då skal alle konsekvensar av slik reduksjon leggjast fram, og det skal skiljast mellom lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver. Vidare skal minimumsnivå på tenestene gå fram. «

Arbeidet med å redusere driftsutgiftene har pågått heile året, utan att ein har oppnådd budsjettbalanse.  Det resterande i dette punktet er ikkje gjennomført.

I pkt. 11 står det» I påvente av reduksjon i tal tilsette skal senke driftsutgiftene blir det i første halvår 2016 innført tilnærma tilsetjingstopp.»
I høve dette punktet har ein for betre kontroll måtta avklara all fast tilsetting  med rådmannen i store deler av 2016.

Dei største overskridingane finn ein innanfor institusjon og open omsorg.

Ut frå Kostra  og korrigerte brutto driftsutgifter ser vi at kommunen hadde noko høgare utgifter på kvar institusjonsplass enn andre kommunar i Kostragruppe 11 , på landsbasis og andre samanliknbare kommunar med unntak av Stord.

**Produktivitet - Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass**




| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 1 252 120 | 1 263 259 | 1 294 510 | 1 195 750 |
| Hordaland | 952 521 | 996 646 | 1 004 436 | 1 065 312 |
| Kostragruppe 11 | 944 634 | 1 002 593 | 1 028 792 | 1 070 695 |
| Mandal | 977 087 | 1 007 825 | 1 080 738 | 1 151 879 |
| Stord | 1 125 284 | 1 147 619 | 1 196 831 | 1 284 765 |
| Voss | 851 010 | 934 352 | 1 025 588 | 1 040 668 |

Utgiftene er i denne framstillinga er korrigerte for refusjon av sjukelønn.

Kommunen har i 2016 hatt institusjonsdrift på 5 plassar. Dette er ei kostbar driftsform i forhold til dei stordriftsfordelane ein får når ein samlar institusjonsplassane. Sjølv om kommunen ligg høgare enn dei fleste samanliknbare kommunar er kostnadane på institusjonsplassane redusert med  omlag 100 000 sidan 2015.
Kostnadane kan truleg reduserast ytterlegare når nye Rosendalstunet opnar i 2018.

**Produktivitet - Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester**




| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Kvinnherad | 420 220 | 445 239 | 446 362 | 486 952 |
| Hordaland | 387 261 | 413 991 | 399 826 | 419 767 |
| Kostragruppe 11 | 360 138 | 385 433 | 384 109 | 463 222 |
| Mandal | 385 802 | 429 414 | 436 329 | 441 396 |
| Stord | 429 660 | 465 831 | 469 779 | 503 065 |
| Voss | 323 568 | 344 349 | 381 089 | 366 796 |

Kostra viser at kommunen i 2016 og låg høgt på korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av kommunal helse og omsorgsteneste.

Neste tabell syner at:

Kommunen ligg på eit høgare antal timar tildelt heimesjukepleie enn kommunegruppe 11 og andre samanliknbare kommunar, med unntak av Stord.

Når det gjeld tildelte timar praktisk bistand i heimen ligg kommunen under Kostragruppe 11 og ein del av dei andre kommunane.

Tala syner at det har vore ei lita auke innafor begge tenestane i kommunen frå 2015 til 2016.

Om ein ser på bistandsbehovet hos dei ulike aldersgruppene av heimebuande som mottek tenester så er bistandsbehovet høgare enn Kostra gruppe 11 for alle gruppene og samanliknbare kommunar. Dette er nok forklaringa på auken i tenestomfanget. Kommunen har eit mål om at innbyggjarane skal få bu heime lengst mogeleg, og dette er truleg ein følgje av denne prioriteringa. Ein institusjonsplass ville ha kosta meir i dei aller fleste tilfelle.

| | Kvinnherad 2015 | Kvinnherad 2016 | Mandal | Stord | Voss | Hordaland | Kostragruppe 11 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo | 5,0 % | 4,4 % | 5,0 % | 6,6 % | 5,0 % | 6,6 % | 4,5 % |
| Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, hjemmesykepleie | 6,7 | 7,0 | 5,9 | 10,6 | 3,4 | 5,9 | 4,9 |
| Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand | 7,2 | 8,1 | 2,8 | 8,2 | 6,6 | 8,5 | 10,4 |
| Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo | 42,6 % | 42,3 % | 48,3 % | 31,2 % | 60,4 % | 46,0 % | 41,7 % |
| Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter | 36,4 % | 37,1 % | 31,3 % | 31,9 % | 33,5 % | 30,9 % | 33,6 % |
| Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo | 52,5 % | 53,3 % | 46,7 % | 62,2 % | 34,6 % | 47,4 % | 53,8 % |
| **Produktivitet** | | | | | | | |
| Andel kommunale institusjonsplasser av totalt antall institusjonsplasser | 100,0 % | 98,4 % | 100,0 % | 100,0 % | 98,4 % | 77,4 % | 98,3 % |
| Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter | 12,0 | 12,2 | 11,7 | 11,5 | 14,2 | 13,6 | 12,9 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) | 282 362 | 315 895 | 246 460 | 365 769 | 159 442 | 258 755 | 302 762 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester | 446 362 | 486 952 | 441 396 | 503 065 | 366 796 | 419 767 | 463 222 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | 1 294 510 | 1 195 750 | 1 151 879 | 1 284 765 | 1 040 668 | 1 065 312 | 1 070 695 |
| Utgifter per beboerdøgn i institusjon | 3 363 | 3 466 | 3 621 | 3 751 | 2 904 | 3 173 | 3 702 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov: Langtidsopphold | 97,0 % | 96,9 % | 83,8 % | 93,0 % | 71,2 % | 83,0 % | 85,2 % |
| Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov: Tidsbegrenset opphold | 68,0 % | 60,0 % | 46,7 % | 66,7 % | 44,4 % | 42,1 % | 44,0 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0- | 28,5 % | 29,9 % | 12,8 % | 29,8 % | 22,9 % | 23,2 % | 20,2 % |

| | Kvinnherad 2015 | Kvinnherad 2016 | Mandal | Stord | Voss | Hordaland | Kostragruppe 11 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 66 år | | | | | | | |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år | 22,4 % | 23,9 % | 8,6 % | 24,4 % | 11,0 % | 16,1 % | 15,0 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over | 23,0 % | 20,0 % | 13,8 % | 30,5 % | 5,4 % | 12,7 % | 13,6 % |
| Plasser i institusjon i prosent av mottakere av pleie- og omsorgstjenester | 14,1 % | 16,9 % | 18,8 % | 12,1 % | 21,8 % | 20,2 % | 18,3 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | |
| Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc | 72,5 % | 71,4 % | 93,7 % | 95,1 % | 97,9 % | 88,6 % | 88,7 % |
| Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner | 72,5 % | 75,4 % | 100,0 % | 95,1 % | 97,9 % | 93,8 % | 96,0 % |
| Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning | 74,0 % | 71,0 % | 87,0 % | 74,0 % | 77,0 % | 74,0 % | 75,0 % |

Dekningsgrad: Kommunen har ei høgare på dekningsgrad for brukarar på institusjon og ulike aldersgrupper enn Kostragruppe 11 og dei andre kommunane vi samanliknar oss med, unntaket er plassar i institusjon i prosent av pleie- og omsorgstenester.

Når det gjeld einerom og eige bad/wc ligg kommunen lavt på grunn av at vi brukar ein del omsorgsbustadar til institusjonsdrift. Dette medfører at dei to som bur i omsorgsbustaden må dele bad.

Alle tre verksemdene innanfor institusjon og open omsorg hadde eit overforbruk i 2016. Det var stor skilnad i estimert budsjett frå verksemdene for 2016 og tildelte rammer. Sparetiltak vart sett i verk, men har ikkje gjeve så stor utteljing at det vart budsjettbalanse. Ein del av grunnane er tap av inntekter og nye kostnadar.

Felles for verksemdene institusjon og open omsorg er auka utgifter knytt til nye resurskrevjande brukarar og brukara som til tider treng styrka bemanning, gjerne i samband med demensutvikling. Dersom ein må styrkje bemanninga på fleire plassar i løpet av året vert dette svært kostbart og dette har vore nødvendig i 2016.
Mangel på sjukepleiarar grunna feriar, sjukdom, permisjonar og vakansar har og medført ekstra kostnadar då ein har måtta kjøpa denne kompetansen gjennom vikarbyrå.

Halsnøysona fekk ekstra utgifter i fht ny brukar og stort forbruk av vikarbyrå.

For Husnessona sin del så vart det ein del ekstra kostnadar i samband med oppstart av sentralkjøkken (diverse utstyr) og løn som utgjer 0,350 mill. I tillegg vart det kjøpt inn bilar for omlag 0,5 million for å kunne gjennomføre tenestane i open omsorg.

Rosendal sona fekk nye kostnadar på grunn av 3 nye bustadar med heildøgnbemanning og heilårsdrift som ikkje var budsjettert.

Herøysund kompetansesenter fekk ca 2 millionar meir i refusjonar enn det som vart lagt til grunn i budsjettet. Saman med høg innsats på sparing kom verksemda ut med eit overskot.

Nav har hatt høgare utgifter på sosial stønad enn det som var budsjettert, i tillegg til reduksjon i ramme og inntekter har dette medført budsjettoverskriding.

Integrering og opplæring har heller ikkje klart å halde budsjettramma. Året 2016 var spesielt i høve Asylmopttaket som vart oppretta og antal nye innbyggjarar som hadde krav på norskundervisning.

Kompetanse:

Samla sett innafor sektoren så er det mange tilsette som er i ferd med å auke kompetansen sin. (sjå tabell)

| Des. sjukepleie | Modular i leiing | Des. vernepleie | Diabetes | Rus og psykiatri | Omsorg-teknologi | Helse i plan | Master i leiing |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 11 | 3 | 6 | 2 | 3 | 8 | 5 | 2 |

Sjukefråvær:

Samla fråvær for sektoren var på 8,7% i 2016 mot 9,2% i 2015.

Høgast fråvær var det innanfor pleie og omsorg. Sjølv om ein arbeidar kontinuerlig med sjukefråværet innanfor denne tenesta, er ikkje resultatet så langt i tråd med kommunen si målsetting.

I einskilde verksemder har likevel fråværet betra seg, og dette vert viktig å byggje vidare på.

Det er utført mykje godt arbeid i sektoren som har komme innbyggjarane i kommunen til gode i 2016. Det er likevel alvorleg at drifta og budsjettet ikkje er i balanse.
Dette byr på store utfordringar for alle partar framover, og føreset at vi saman arbeidar aktivt for å finne dei gode løysingane for framtidig drift i sektoren.

# TEKNIKK OG MILJØ

## Presentasjon av sektoren

Sektoren består av sektorstab underlagt sektorleiar og 6 einingar underlagt kvar sin einingsleiar. Slik er organiseringa:

- Sektorstab
- Eining for bygg og eigedom
- Eining for prosjektering og utbygging
- Eining for vatn og avløp
- Eining for veg og park
- Eining for brann og redning
- Eining for reinhald

**Talet på årsverk/tilsette:**

| **Sektor for Teknikk og miljø** | Per. 01.01.2016 | Per. 31.12.2016 |
|---|---|---|
| Årsverk | 85,0 | 84,7 |
| Tilsette | 167 | 164 |

Det store gapet mellom talet på årsverk og talet på tilsette skuldast 2 tilhøve:

- 67 stillingar er frivillige brannkonstablar i 1,03 % stilling.
- Dei fleste reinhaldarane har redusert stillingsprosent.

**Samla driftsomsetning 2016**

Sektor for Teknikk og miljø: **Kr. 125.384.000,-**

I tillegg kjem SIM IKS si omsetning for Kvinnherad

(renovasjon og slamtøming): **Kr. 12.600.000,-**

**Samla investeringar 2016**

Sektor for Teknikk og miljø: **Kr. 114.868.000,-**

**Driftsresultat for sektoren 2016 sortert etter eining:**

| Eining | Rekneskap i 1000 kroner | Budsjett i 1000 kroner |
|---|---|---|
| Sektorstab | 1.345 | 952 |
| Bygg og eigedom | 14.308 | 10.825 |
| Prosjektering og utbygging | 2 | 0 |
| Vatn og avløp | 30 | 0 |
| Veg og park | 9.280 | 9.760 |
| Brann og redning | 11.649 | 11.607 |
| Reinhald | 18.274 | 18.821 |
| **Total** | **54.888** | **51.965** |

Merknadar:

- Eining for prosjektering og utbygging får lønnsrefusjon frå investeringsbudsjettet.
- Eining for vatn og avløp er sjølvkostområde, dvs. rente- og avdragskostnadar på investert kapital vert belasta drifta. Driftsresultatet vert «nulla ut» mot fond.
- Størst underskot har eining for bygg og eigedom, noko som i hovudsak skuldast reduserte inntekter.
- Underskot sektorstab skuldast at kr. 680.000,- i «indirekte kostnadar» vart ført til stabskontor (felleskontor) utan at rammene vart korrigert tilsvarande.

**Driftsresultat for sektoren 2016 sortert etter art/gruppekonto:**

| Eining | Rekneskap i 1000 kroner | Budsjett i 1000 kroner |
|---|---|---|
| 10 Løn og sosiale utgifter | 57.049 | 59.613 |
| 11 Forbruksmateriell m.m. | 22.948 | 24.074 |
| 12 Inventar, utstyr, vedlikeh. | 21.576 | 17.207 |
| 13 Kjøp av tenester | 3.325 | 2.656 |
| 14 Overføringar | 6.130 | 7.965 |
| 15 Finansutgifter | 14.356 | 13.329 |
| 16 Salgsinntekter | -62.769 | -66.830 |

| | | |
|---|---|---|
| 17 Refusjonar | -2.653 | -2.999 |
| 18 Overføringar | -1.937 | 0 |
| 19 Finansinntekter | -3.137 | -3.050 |
| **Total** | **54.888** | **51.965** |

# Sektorstab

Ein vesentleg del av oppgåvene i sektorstab er knytt til merkantile oppgåver, bl.a. personal- og økonomioppgåver på tvers i sektoren. Sektoren har frå 01.01.2017 også fått ansvaret for den kommunale bilparken, dette inkluderer blant anna koordinering av driftsoppgåver knytt til bil og maskinar. Førebuing av dette arbeidet tok til i slutten av 2016.

Hovudfokus i byrjinga har vore å få oversikt over bilparken og å få gjennomført avvikling av leasingavtalar. Vidare vil det bli viktig å gjera ei kartlegging av bilparken og behovet for utskifting av gamle bilar.

Vidare er kommunal eigedomsforvaltning lagt til sektorstab.

I meldingsåret har eigedomsforvaltninga arbeidt med m.a. desse sakene:

**Grunnkjøp:**

- Grunn til Opsangervegen
- Grunn til veg gjennom Lundsneset
- Innløysing av grunn skuleområdet Husnes
- Grunn til Rosendalstunet
- Innløysing av industriareal HIT, Husnes
- Innløysing av grunn til «Kollektivknutepunkt Rosendal»
- Parkeringsplass Ænes
- Vassverk Matre
- Grunn til gang og sykkelveg Neslia øvre

**Grunnavtalar:**

- Ny vassleidning Baroniet-Muradalen.
- Spillvassleidning Rosendalstunet.

**Sal av grunn:**

- Næringstomter Bjoaneset.

- Næringstomter Børneset.

**Næringsutvikling:**

- Ny avkøyrsle F48 - Husnes industriområde grunna rekkefølgekrav i reguleringsplan «Stripo».
- Ny avkøyrsle F 49 – Skarvatun grunna rekkefølgekrav i reguleringsplan for hyttefelt «Troppo».
- Kobbebukta fiskerihamn, forprosjekt og søknad til Kystverket.

Eiendomsforvaltninga har gjennomført sal av næringstomter, bustadtomter, grensejusteringer mm. Det er også gjennomført kjøp av kommunale bustader for vanskelegstilte og fleire grunnkjøp i samband med kjøp og feste av areal til ulike føremål både innan veg, VA-anlegg og bygg. Det har vore ein del arbeid med festeavtaler, leigeavtaler, grunnavtaler, reguleringsplaner, hefte/rettigheter, nabovarsling til kommunale eigedommar.

# Eining for Bygg og Eigedom

Eininga har i hovudsak ansvaret for drift av formålsbygg og utleige av bustadar. I tillegg har eininga koordineringsansvaret på tvers i organisasjonen vedr. prioriteringar og planar for mindre rehabiliteringar av kommunale bygg (skular, barnehagar og institusjonar m.m.).

**Byggdrift ANS 5120**

Byggdrift ligg også i år på omlag 6000 innmeldte og handsama aktivitetar for formålsbygga. Desse aktivitetane kjem frå brukarbehov, internkontrolloppgåver og avvik frå tilsyn. Det har vore over middels aktivitet på vedlikehaldsoppgåver då med eige fokus på malingsvedlikehald, noko som resulterte i eit lite overforbruk på ansvarsområdet. Byggdrift har også bidrege Prosjektavdelinga i mindre ombyggingsprosjekt som t.d. oppgradering Undarheim barnehage og bebuarrom på Husnestunet.

**Offentlige toalett ANS 5124**

Ansvarsområde 5124 har ein eigen budsjettpost som skal ivareta leige av toalettanlegget i Rosendal, det var sett av kr 100 000.- i driftsmidlar. Balanse mellom budsjett og kostnadar ser ut til og liggja innanfor det som var forventa. I samband med planlegging av «Kollektivknutepunkt Rosendal» vert det lagt opp til at kommune/fylkeskommune skal etablere toalett i eit nytt mindre terminalbygg, noko som dermed vil gi reduserte driftskostnadar.

**Utleige av kommunale bustadar ANS 5150**

Kvinnherad kommune disponerer i alt 245 leilegheiter i 2016.  Det var ein kalkulert vakans på 6% i året. Det er tre faktorar som påverkar rekneskapen i negativ retning: Omdisponering av utleigeleilegheiter til institusjonsplassar ved Halsnøytunet og Rosendalstunet har gitt ein

inntektsreduksjon på kr 615.000,-.  Klargjering av bustadar for flyktningar og tomgangsleige i påvente av innflytting har kosta kr 605.000,-.  Kommunestyret vedtok under budsjettbehandlinga av Budsjettet for 2016 at differansen mellom subsidierte husleiger og gjengs leige skulle belastast NAV-budsjettet.  Denne differansen utgjorde kr 2.414.000,- for 2016.

Total inntektsreduksjon for ANS 5150 i 2016: 3.634.000,-

**Utleige av kommunale utleigebygg ANS 5152**

Utleige av kommunale utleigebygg har blitt bokført med for lite kostnadar, deler av dette er belasta Ansvar 5120 Byggdrift. Totalt sett vil desse ansvara utlikne kvarandre meir eller mindre.

# Eining for prosjektering og utbygging




Eininga har gjennomført vedtekne investeringsprosjekt i budsjett- og økonomiplan, innanfor ansvarsområda «50 Vatn», «51 Avløp», «52 Veg- park og idrett», «53 Bygg», «54 Eigedom» og delvis «59 Andre prosjekt».

Den nye eininga tok form i siste del av 2016, og det vart tilsett einingsleiar frå 01.01.2017. Eininga har starta arbeidet med å få til betre samsvar mellom politiske vedtak i budsjett/økonomiplan og faktisk framdrift. Det er viktig at budsjett/økonomiplan er realistisk (som bl.a. vil resultera i rette låneopptak) og at ein har tilstrekkeleg og rett bemanning til å gjennomføra i tråd med vedtekne investeringsprosjekt.

Det er arbeidd med nye felles digitale system for prosjektgjennomføring. Desse skal bl.a. bidra til auka produksjon, redusert kostnadsnivå og miljørette løysingar som bidrar til reduksjon av framtidige drifts- og vedlikehaldsutgifter.

# AKTIVE PROSJEKT SOM IKKJE ER FERDIGSTILTE i 2016:

P5000 VATN UTBYGGING GENERELT - FORTLØPANDE TILTAK

P5015 NYE VA LEIDNINGAR OPSANGERVEGEN - BYGGJEFASE

P5017 TILTAK SVARTAVATNET HUSNES - FERDIG PROSJEKTERT AVVENTAR LØYVE NVE

P5021 VASSLEIDNING FOSSBERG-BARONIET- PROSJEKTERINGSFASE

P5022 TILTAK NEDSLAGSFELT VARALDSØY- IKKJE STARTA

P5023 TILTAK NEDSLAGSFELT HERØYSUND - IKKJE STARTA

P5024 AUKA KAPASITET HUSNES VBA - PROSJEKTERINGSFASE

P5025 OVERFØRINGSLEIDNING SANDVOLL-VALEN - PROSJEKTERINGSFASE

P5026 TILTAK MATRE VASSVERK- PROSJEKTERINGSFASE

P5030 ÆNES VASSVERK UV HBASS –IKKJE STARTA

P5032 TRYKKFORST.LANDA – IKKJE STARTA, AVVENTA BEHOV

P5033 UTSK.ETERNITT HUSNES VBA- IKKJE STARTA

P5100 UTBYGGING GENERELT - FORTLØPANDE TILTAK

P5115 AVLØPSSANNERING RØSSLAND-KALDESTAD - PROSJEKTERINGSFASE

P5117 AVLØPSSANERING VALEVÅGEN - PROSJEKTERINGSFASE

P5118 AVLØPSTILTAK ÆNES - IKKJE STARTA

P5119 SLAMAVSKILLAR LØFALLSTRAND - IKKJE STARTA

P5123 AVLØPSLEIDNINGAR NY OPSANGERVEG - BYGGJEFASE

P5125 NY HOVEDLEIDNING LANGS SKÅLAELV- PROSJEKTERINGSFASE

P5126 AVLØPSTILTAK HUSNES IND.OMRÅDE - IKKJE STARTA AVVENT BEHOV

P5129 SLAMAVSKILLAR ÆNES - IKKJE STARTA

P5131 SLAMAVSKILLAR BERGET HERØYSUND - IKKJE STARTA

P5132 SLAMAVSKILLER KROSANDEN HERØYSUND - IKKJE STARTA

P5135 SLAMAVSKILLAR HEIO ERSLAND - IKKJE STARTA

| | |
|---|---|
| P5336 | TRAFIKKSIKRING - FORTLØPANDE TILTAK |
| P5370 | BYGGING KOMM.VEGAR - FORTLØPANDE TILTAK |
| P5372 | KOMMUNALE VEGAR/KAIER - FORTLØPANDE TILTAK |
| P5400 | VEGLJOS - FORTLØPANDE TILTAK |
| P5430 | KOBBEBUKTA FISKERIHAVN - FORPROSJEKTFASE |
| P5443 | TRAFIKKSIKRINGSPLAN HERØYSUND - IKKJE STARTA |
| P5445 | PARKERING SUNDE FERGEKAI - IKKJE STARTA |
| P5446 | TRAFIKKSIKRINGSPLAN KALDESTADV - IKKJE STARTA |
| P5451 | KAI BØRNESET - TILSTANDSRAPPORT |
| P5452 | VEGKRYSS FV 48 HUSNES IND - PROSJEKTERINGSFASE |
| P5453 | KOLLEKTIVKNUTEPKT ROSENDAL - PROSJEKTERINGSFASE |
| P5455 | OPSANGERVEGEN - BYGGJEFASE |
| P5467 | RV 48 LUNDSNESET - PROSJEKTERINGSFASE |
| P5908 | HUSNES GRAVPLASS - PROSJEKTERINGSFASE |
| P5910 | PARKERING ÆNES KYRKJE - BYGGJEFASE |
| P5441 | KAIFRONT ROSENDAL - VIDAREFØRING AV KAI TIL FERDIGSTILLING AV UTEOMRÅDET VED FOLGEFONNSENTERET |

| | |
|---|---|
| P1008 | UTBETRING LEIKEPLASSAR - FORTLØPANDE TILTAK |
| P1063 | REHAB.SKULAR BARNEHAGAR - FORTLØPANDE TILTAK |
| P2001 | BAD/ROM HUSNESSONA - FORTLØPANDE TILTAK |
| P2051 | OMSTUN (Borgjo bu felleskap) - BYGGJEFASE |
| P2052 | UTBYGGING/OMMBYGGING ROSENDALSTUNET - BYGGJEFASE |
| P2080 | OMBYGG SKADESTOVA HUSNES - BYGGJEFASE |
| P2069 | OMBYGGING AKSEN - MULIGHETSSTUDIE |
| P2076 | KJØP AV BUSTADER FOR VANSKELEGSTILTE (MODUL)- MONTERING PÅGÅR |
| P3015 | VENTILASJON RÅDHUSET - PRØVEDRIFT FERDIG |
| P5461 | RADONKARTLEGGING - FORTLØPANDE TILTAK |
| P5458 | ENERGIMERKING BYGG - IKKJE STARTA |
| P5728 | SUNDE KYST OG LITTERATURSENTER - PROSJEKTERINGSFASE |

# PROSJEKT SOM VART FERDIGSTILLT I 2016:

Vedrørande meirverdiavgift vert dette presisert:

- Mva. blir ikkje belasta prosjektrekneskapen når det gjeld VA- investeringar.
- For alle andre prosjekt vert Mva. belasta prosjekta sjølv om kommunen får all mva. refundert.
- For alle prosjekt med heil eller delvis ekstern finansiering (HFK og andre), vert det lagt til grunn at refusjon av mva. på denne delen går inn som ein del av finansieringa av tiltaka.

| Prosjektnr. | Namn | Total budsjett kr. | Total forbruk kr. inkl. mva dersom ikkje motsett er oppgitt |
|---|---|---|---|
| P3011 | RÅDHUSET (Blokk C) | 1 500 000 | 1 820 000 |
| P5909 | KONTORBYGG FELLESRÅDET VALEN | 4 500 000 | 4 440 000 (eks.mva) |
| P5731 | SANDBANE HUSNES | PRIVAT FINANSIERING | 580 000 (eks.mva) |
| P2079 | OMBYGGING LEGEKONTOR HUSNES | 300 000 | 363 000 |
| P5020 | VASSFORSYNING ÅRSNES | 6 428 000 | 4 593 000 |
| P5027 | NY PUMPELEDNING TOFTEVÅGEN | 6 326 000 | 4 939 000 |
| P5034 | NY HOVEDVASSLEDNING BOGSNES | 572 000 | 1 119 000 (meirforbruk finansiert med P5000, «diverse investeringar vatn» |
| P5029 | NYTT VASSBEHANDLINGSANLEGG ØLVE | 38 000 000 | 35 817 000 |
| P5114 | AVLØP ØLVE | 11 370 000 | 10 132 000 |
| P5124 | UTVIDING AV LEIDNINGSNETT SKÅLAFJØRO | 3 489 000 | 3 392 000 |
| P5130 | SLAMAVSKILLAR | 600 000 | Brukte midlar i tråd med |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | ROSENDALTUNET | | budsjett skal utgiftsførast avløp, og inntektsførast P2052 «Rosendalstunet», der utgiftene er ført |
| P5449 | GANG OG SYKKELVEG BOGSNES | 1 123 000 | 1 338 000 |
| P5454 | VIKA BRU ÅKRA | 1 800 000 | 1 621 000 |
| P5468 | VEGLJOS LONGÅT | 1 700 000<br>(Tilskot HFK) | 1 735 000 inkl. grunnkjøp |
| P5441 | KAIFRONT ROSENDAL | 9 441 000 | 11 695 000, overskriding inndekkast av P5372 (generelle midlar vegar/kaiar) |
| P5463 | NYTT HELSESENTER HATLESTRAND | 1 685 000<br>Tilskot-Tiltakspakken | 1 924 000 (eks.mva) |
| P5464 | OMBYGGING HELLVIKHUSET, BUSTAD FOR MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR | 500 000<br>Tilskot - Tiltakspakken | 607 000 (eks.mva) |
| P5716 | FORPROSJEKT IDRETTSHALL HUSNES | 100 000 | 44 000 |
| P5733 | TUFTEPARK , PRIVAT FINANSIERING | Privat finansiering | 903 000 (eks.mva) |
| P2001 | BAD/ROM HUSNESTUNET<br>- Oppussing av 5 bad på Husnestunet | 2 000 000 | 1 825 000 |
| P1063 | REHAB. SKULAR BARNEHAGAR<br>- Ombygging SFO Hatlestrand skule<br>- Utbygging direktevarsling brannvarslingsanlegg Husnes Ungdomsskule<br>- Utbygging direktevarsling brannvarslingsanlegg Undarheim skule<br>- Nytt golv Undarheim Barnehage | 7 975 000 | 5 847 000<br>Rest overførast i rev. budsjett 2017 til P 5320 «Ombygging kommunale bygg» |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | - Reperasjon varmepumpe Kvinnherad<br>- Kulturskulesenter<br>- Etablering av lydabsorbenter symjebasseng Rosendal<br>- Skjermvegg Rosendal Ungdomsskule<br>- Varmepumpe Hatlestrand skule<br>- Utbygging av lokalt mobilnett Hatlestrand skule<br>- Ferdigstilling av uteområde Valen skule, etter trafikksikring.<br>- Ferdigstilling uteområde etter riving av bustad ved Sunde skule.(trafikksikring | | |
| P2063 | REHAB. SJUKEHEIMAR | 946 000 | 1 173 000 |
| | - Glykol sprinkleranlegg fryserom Husnestunet<br>- Tilgangskontroll Husnestunet<br>- Medisinrom Husnestunet<br>- Bytte av kjøkken 3 etg. Halsnøytunet<br>- Etablering av kjøkken i bufellesskap 3 etg Blokk C Husnestunet<br>- Utbygging direktevarsling brannalarmanlegg Ølve alderspensjonat. Etablering av skjerma avdeling Halsnøytunet. | | Overskriding belastast P 5320 «Ombygging kommunale bygg» |
| P 5818 | FOLGEFONNA | 30 100 000 | 31 136 000 |

NASJ/INFOSENTER

Einingsleiar tar forbehald om at alle rapporterte tal stemmer. Ny eining vart oppretta frå 01.01.2017 og det pågår for tida arbeid med å innføra nye rutinar for betre oversikt og betre rapporteringar.

# Eining for vatn og avløp

Eining for vatn og avløp har ansvar for drift og forvaltning innan desse

tenesteområda:

a) Drikkevassforsyning

b) Avløpshandtering

c) Renovasjon

d) Tøming private slamavskillarar

I tillegg bidrar eininga prosjektavdelinga, og er «Bestillar» av alle nye VA- investeringsprosjekt i tråd med «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2013 – 2024». Ansvarsområda er underlagt sjølvkostprinsippet, dvs. at alle utgifter, også renter og avdragskostnadar på investert kapital, er finansiert med tilsvarande gebyrinntekter.

**Tekniske nøkkeltal:**

- 9 kommunale vassverk, 5.301 abonnentar, noko som er ein auke på 238 stk. i 2016
- 23 kommunale avløps- reinsedistrikt, 4.355 abonnentar, ein uke på 123 stk. i 2016
- 5.711 renovasjons abonnentar, hus
- 1.752 renovasjons abonnentar, fritidshus
- 2.493 slamtømeabonnentar
- 45 overbygde pumpestasjonar
- Overvaking/fjernstyring av alle VA anlegg (PC / nettbrett). Vi overvaker 949 komponentar.
- Kvar av desse overvakast på fleire punkt som temp./ ampere/ mengder/ driftstid/ start/ stopp/ andre parametrar
- 220 km med kommunale VA leidningar
- 15 tilsette, Heilkontinuerleg/dobbel vaktordning, eigen maskinpark

**Resultat for brukarane**

Verksemda si aller viktigaste oppgåve er å levera hygienisk/helsemessig drikkevatn i tråd med Drikkevassforskrifta og målsettingar i hovudplan. Kommunen som vassverkseigar har krav på seg til å levera vatn i tilstrekkelig mengde og med godkjent kvalitet til forbrukar. Mattilsynet fører tilsyn med at desse krava blir oppfylt, bl.a. gjennom krav til ROS- analysar og beredskapsplanar. For å kontrollera at ein tilfredsstiller kravet om godkjent kvalitet har kommunen eit program for å overvaka drikkevasskvaliteten. I eige laboratorium på Husnes analyserer vi kvar veke prøvar av råvatn, reintvatn og drikkevatn ute på nettet etter ein prøvetakingsplan som er godkjent av Mattilsynet. Drikkevassforskrifta set krav til kva parametrar som skal analyserast. Dette er koliforme bakteriar, e.koli, kimtal, pH, fargetal, leidningsevne og turbiditet. Ei statistisk omarbeiding av analyseresultata blir kvart år rapportert til Mattilsynet. Desse vert registrert i Vassverksregistert (VREG) som ligg på Folkehelsa si heimeside: www.fhi.no/vannverksregisteret. I 2016 er det teke ut om lag 720 prøvar frå vassverka, av dette er ca. 500 teke ute på nettet. Med omsyn til koliforme bakteriar, som er den viktigaste parameteren, så er det ikkje registrert eit einaste avvik på nettprøvane i 2016.

Innsamling av avløp skjer i tråd med Forureiningsforskrifta og målsettingar i hovedplan. Kvinnherad kommune er medlem og medeigar av DIHVA IKS, og deltar i fleire større interkommunale samarbeidsprosjekt, som t.d. felles VTA (sikring av dam- anlegg), felles VA-norm, felles mal for beredskapsøvingar, felles VA- gebyrforskrift m.m. Kvinnherad kommune er medlem og medeigar av SIM IKS, og samarbeider om avfallshandtering og slamtøming, i tråd med avfallsplan og slamplan.

**Best i landet**

Folkehelseprofil 2017 laga av Folkehelseinstituttet viser grafisk vasskvalitet og leverings stabilitet på vassverka i Kvinnherad for 2015, samanlikna med Hordaland fylke og på landsbasis. (Tala for 2016 er ikkje klare før i 2018 rapporten.)



**Resultat for medarbeidarane**

I rapporteringsåret har Vatn og Avløp hatt særs høg aktivitet, med mange større operasjonar. Nokon av operasjonane har vore 3 stk. brot på hovudvassleidningen i Opsangervegen, diverse rehabilitering av kummar samt fleire separeringsjobbar. Alle operasjonar krev høgt fokus på HMS for at ingen skader på personell, materiell og miljø skal oppstå. Me utfører mange arbeidsoppgåver for hand men og ein del maskinbruk. For å oppnå best mulig HMS fokus er det gjennomført fylgjande aktivitetar:

Risikovurdering

Det er gjennomført fleire mindre risikovurderingar som er aktivitets bestemte.

Internrevisjon

Det er gjennomført internrevisjon av «mindre arbeidsoppgåver»

Driftsmøter

Det er gjennomført 9 driftsmøter og 2 personalmøter i rapporteringsåret, der HMS er ei naturlig første sak. Det vert diskutert forbetringar og hendingar som ein kan ta lærdom av. Bakgrunnen for desse diskusjonane er at flest mogleg skal kunna koma med forbetringsforslag.

AMU

Me har hatt ein representant i AMU på arbeidsgivar sida.

Bedriftshelsetenesta

International SOS har delteke på driftsmøte og snakka om smittefare. Dette spesielt retta mot avløps stasjonar og arbeidet med spillvatn / reinseanlegg.

Verneombod

Verneombodet er aktiv deltakar på driftsmøter, revisjonar, risikovurderingar, vurdering av arbeidsoperasjonar, samt deltar på deler av leiarmøta.

Hovudverneombod

Me har ikkje hatt hovudverneombodet på besøk i 2016

Skader

0 skader med fråvær i rapporteringsåret.

Sjukefråvær

Sjukefråværet for 2016:

VA hadde eit samla fråvær på 2%. Dette er på same nivå som 2014. Årsaka til høgare fråvær i 2015 var at det var fleire personar som var langtids sjukemeldt pga. operasjonar.




Avvik

Me har registrert og behandla 3 direkte avvik.

Handlingsplan 2016

Viser til eige dokument i Ephorte, sak 2016/2. Dei fleste oppgåvene er gjennomført, ei er flytta over til ny eining, og nokre få er flytta over til 2017 handlingsplanen.

Medarbeidarsamtalar

I løpet av februar/mars vart det gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette i vår verksemd. Hovudtrekka frå samtalane er at trivselen og samhaldet i gruppa er svært bra.

SJA (Sikker Jobb Analyse)

Det er gjennomført 22 sikker jobb analysar. I tillegg vert det gjennomført SJA på alle arbeidsvarslingsplanar. Med denne auken i bruken av SJA, får me fleire medarbeidarar som er delaktige i HMS arbeidet og HMS tankegangen.

Vernerundar

Det er gjennomført 13 vernerundar, og laga handlingsplan for funna. Alle funn er lukka. Vernerundane er gjennomført av verneombodet og arbeidskoordinator.

**Driftsresultat for eining for vatn og avløp 2016:**

| Eining | Grp. konto | | Regnskap 2016 | Budsjett 2016 | Avvik kr | Forbruk % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **503** | | **TOTAL** | **30 093** | **0** | **30 093** | **0,00** |
| | 10 | LØNN OG SOSIALE UTGIFTER | 13 660 978 | 14 213 664 | -552 686 | 96,11 |
| | 11 | FORBRUKSMATERIELL,KURS, REISER M.M. | 6 599 137 | 7 041 947 | -442 810 | 93,71 |
| | 12 | INVENTAR, UTSTYR, VEDL., MATERIELL M. | 8 195 931 | 8 198 705 | -2 774 | 99,97 |
| | 14 | OVERFØRINGER | 808 432 | 800 000 | 8 432 | 101,05 |
| | 15 | FINANSUTG. OG FINANS.TRANSAKSJONER | 14 355 038 | 13 327 810 | 1 027 228 | 107,71 |
| | 16 | SALGSINNTEKTER | -39 743 720 | -40 289 342 | 545 622 | 98,65 |
| | 17 | REFUSJONER | -660 060 | -243 225 | -416 835 | 271,38 |
| | 18 | OVERFØRINGER | -48 706 | 0 | -48 706 | 0,00 |
| | 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANS.TRANS. | -3 136 936 | -3 049 559 | -87 377 | 102,87 |

| 2016<br>Etterkalkyle selvkost | Vatn | Avløp | Totalt |
|---|---|---|---|
| Gebyrinntekter | 22.187.969 | 16.893.691 | 39.081.660 |
| Øvrige driftsinntekter | 1.707.725 | 447.251 | 2.154.976 |
| Driftsinntekter | 23.895.694 | 17.340.942 | 41.236.636 |
| Direkte driftsutgifter | 17.009.210 | 12.214.691 | 29.223.901 |
| Avskrivningskostnad | 6.070.581 | 3.814.871 | 9.885.452 |
| Kalkulatorisk rente (1,68 %) | 2.788.411 | 1.675.418 | 4.463.829 |
| Indirekte netto driftsutgifter | 448.124 | 352.266 | 800.389 |
| Driftskostnader | 26.316.326 | 18.057.246 | 44.373.572 |
| Resultat | -2.420.632 | -716.304 | -3.136.936 |
| Kostnadsdekning i % | 90,8 % | 96,0 % | 92,9 % |
| Selvkostfond 01.01 | 8.262.808 | 9.904.734 | 18.167.542 |
| - Bruk av selvkostfond | -2.420.632 | -716.304 | -3.136.936 |
| + Kalkulert renteinntekt selvkostfond (1,68 %) | 118.764 | 160.764 | 279.528 |
| Selvkostfond 31.12 (inkl. rente) | 5.960.940 | 9.349.194 | 15.310.134 |
| Gebyrinntekter | 22.187.969 | 16.893.691 | 39.081.660 |
| Gebyrgrunnlag | 24.608.601 | 17.609.995 | 42.218.596 |
| Finansiell dekningsgrad i % (gebyrinntekter/gebyrgrunnlag) | 90,2 % | 95,9 % | 92,6 % |

| Regnskapsføringsforslag balanse | Vatn | Avløp | Totalt |
|---|---|---|---|
| +/- 2.51xxxx Selvkostfond | -2.301.868 | -555.540 | -2.857.408 |
| +/- 2.92xxxx Memoriakonto selvkostfond | 0 | 0 | 0 |
| **Regnskapsføringsforslag driftsregnskap** | **Vatn** | **Avløp** | **Totalt** |
| 1550 Avsetninger til bundne fond | 0 | 0 | 0 |
| 1950 Bruk av bundne fond | -2.301.868 | -555.540 | -2.857.408 |

| Normalgebyr | Vatn | Avløp | Totalt |
|---|---|---|---|
| Normalgebyr eksklusiv mva. | 4.075 | 3.788 | 7.863 |
| Normalgebyr inklusiv mva. | 5.093 | 4.735 | 9.829 |

*Prognose-, budsjett- eller økonomiplan (velg år i cellen under):*

| 2017 | Vatn | Avløp | Totalt |
|---|---|---|---|
| Gebyrinntekter | 21.909.279 | 16.551.781 | 38.461.060 |
| Øvrige driftsinntekter | 1.742.500 | 11.023 | 1.753.523 |
| Driftsinntekter | 23.651.779 | 16.562.804 | 40.214.583 |
| Direkte driftsutgifter | 15.540.087 | 13.630.581 | 29.170.668 |
| Avskrivningskostnad | 6.319.613 | 3.886.341 | 10.205.954 |

**Balanse og fondsoversikt vatn og avløp per 31.12.2016:**

| | |
|---|---|
| Utg. balanse vatn 20 år avskriving | 25.207.000,- |
| Utg. balanse vatn 40 år avskriving | 141.183.000,- |
| Utg. balanse avløp 20 år avskriving | 6.779.000,- |
| Utg. balanse avløp 40 år avskriving | 92.635.000,- |
| **Total lånegjeld sjølvkost** | **265.804.000,-** |
| **Fond Vatn, avsette driftsmidlar** | **5.960.000,-** |
| **Fond Avløp, avsette driftsmidlar** | **9.349.000,-** |

## Kvinnherad kommune
### Rekneskapsoversikt slam 2016.

| | Resultat 31.12.16 | Budsjett 31.12.16 |
|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | |
| Slamavgift hus | 964 225 | 975 483 |
| Slamavgift hytter | 205 069 | 206 340 |
| **Sum inntekter** | **1 169 294** | **1 181 823** |
| **Driftskostnader** | | |
| Slamtømming hus | -945 | 0 |
| Slamtømming hytter | -2 270 | 0 |
| Adm kostn. KK slam | -30 000 | -30 000 |
| **Sum driftskostnader** | **-33 215** | **-30 000** |
| **Finanspostar** | | |
| Purregebyr | 3 000 | |
| Annan finanskostnad | -692 | |
| **Netto finanspostar** | **2 308** | **20 000** |
| **Ordinært resultat** | **1 138 388** | **1 171 823** |

**FONDSUTVIKLING 2016**

| | | |
|---|---|---|
| Fond 01.01.16 | kr | 540 762 |
| Tilført fond | kr | 1 138 388 |
| Fond 31.12.16 | kr | 1 679 150 |




## Kvinnherad kommune
### Rekneskapsoversikt renovasjon 2016

| | Resultat 31.12.16 | Budsjett 31.12.16 |
|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | |
| Renovasjonsgebyr hus | 3 413 845 | 3 431 172 |
| Renovasjonsgebyr hytter | 1 615 880 | 1 631 564 |
| Renovasjonsgebyr dunker | 6 399 264 | 6 366 853 |
| **Sum inntekter** | **11 428 988** | **11 429 590** |
| **Driftskostnader** | | |
| Abonnementsgebyr hus | -3 411 900 | -3 454 046 |
| Abonnementsgebyr hytter | -1 609 608 | -1 587 705 |
| Kostnad til SIM dunkgebyr | -6 362 026 | -6 366 853 |
| Adm kostn. KK renovasjon | -120 000 | -125 000 |
| Bankgebyr | -28 927 | -20 000 |
| **Sum driftskostnader** | **-11 532 461** | **-11 553 605** |
| **Finanspostar** | | |
| Annan renteinntekt | 9 812 | |
| Purregebyr | 23 251 | |
| Annan finanskostnad | -19 701 | |
| **Netto finanspostar** | **13 362** | **25 000** |
| **Ordinært resultat** | **-90 111** | **-99 015** |

**FONDSUTVIKLING 2016**

| | |
|---|---|
| Fond 01.01.16 | kr 490 536 |
| Brukt av fond | -kr 90 111 |
| Fond 31.12.16 | kr 400 425 |



# Balanse 2016

| | |
|---|---|
| Kundekrav | 442 279 |
| Krav Kvinnherad kommune | 130 505 |
| Andre kortsiktige krav | 22 019 |
| Til gode mva | 721 938 |
| **Sum fordringer** | **1 316 741** |
| | |
| Kontantar, bank | 955 246 |
| **Sum driftskostnader** | **955 246** |
| | |
| **Sum eignelutar** | **2 271 987** |
| | |
| Leverandørgjeld | 150 000 |
| **Sum leverandørgjeld** | **150 000** |
| | |
| Skuldig renovasjonsfond | 400 425 |
| Skuldig Slamfond | 1 679 150 |
| Kortsiktig gjeld | 42 412 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | **2 121 987** |
| | |
| **Sum gjeld** | **2 271 987** |

## Noter til rekneskapen

Note 1

Krav Kvinnherad kommune er kommunen sitt fond. Det er for mykje innbetalt frå renovasjons- og slamabonnentane. Fondsmidlane er ikkje overført til SIM.

| **Kundekrav og fordringar** | |
|---|---|
| Kundekrav | 442 279 |
| Krav Kvinnherad kommune | 130 505 |
| Andre kortsiktige krav | 22 019 |
| **Sum fordringar** | **594 803** |

Note 2

| **Kortsiktig gjeld** | |
|---|---|
| Til gode poster kunder | 22 019 |
| Skuldig rente SIM | 20 393 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | **42 412** |

Note 3

Renovasjons- og slamfonda vert vist som gjeld i balansen. Fonda er for mykje innkrevde gebyr frå abonnentane i kommunen og skal over tid tilbakebetalast til abonnentane.

| **Skuldig renovasjonsfond:** | |
|---|---|
| Fond 01.01.16 | 490 536 |
| Resultat 2016 | -90 111 |
| **Fond 31.12.16** | **400 425** |

| **Skuldig slamfond:** | |
|---|---|
| Fond 01.01.16 | 540 762 |
| Resultat 2016 | 1 138 388 |
| **Fond 31.12.16** | **1 679 150** |

# Eining for Veg og Park

Eining for veg og park er nyoppretta i samband med organiseringa av «Nye Kvinnherad». Fagområda Veg og Park er skild ut av verksemdene VVA (veg, vatn og avløp) og BBE (brann, bygg og eigedom). Årsmeldinga vil dermed rapportera på dei fagområda som no er samla i ny eining. Einga er pr. 01.01.2017 bemanna med 4 fagarbeidarar, ein arbeidsleiar og einingsleiar. Eininga rår over ein mindre maskinpark for drift av fagfeltet.

Eining for Veg og Park er tillagt drift og vedlikehald av følgjande fagfelt:

- 173 km kommunale vegar
- 22 km kommunale fortau
- 10 kommunale kaiar
- 40 kommunale bruer
- Kommunale fotball- og idrettsbanar
- Kommunale parkar og friområde
- Drift av vegljos på kommunale og fylkeskommunale vegar

**Park og Idrett ANS 5145**

Kvinnherad kommune driftar tre kommunale idrettsanlegg i Rosendal, Husnes og Halsnøy. Desse anlegga er av varierande standard frå nyare anlegg på Husnes til noko lågare standard i Rosendal og Halsnøy. I tillegg er det ein del kunstgrasbanar i kommunen der ein utfører vedlikehald i samarbeid med idrettslaga. Friområda og turstiar vert drifta i eigenregi og i samarbeid med Friluftsrådet Vest. Hovudansvaret vårt er stort sett grovare vedlikehald på skog og kratt samt løysing for avfall. Eininga har to større «parkanlegg» i kommunen som er knytt opp mot Rosendal sentrum og Husnes.

**Veg ANS 5148**

Eininga har drifta det kommunale vegnettet etter «beste evne». Ein har dei seinare år heva standarden på ein god del av det kommunale vegnettet med betra vedlikehaldsrutinar og oppfylging. I 2016 har ein lagt 1800 tonn asfalt på det kommunale vegnettet (reasfaltering). Ein har også utført vedlikehald av bruer og kaiar og utført påkravd tilsyn. Vinterdrift vert i hovudsak utført av kontraktørar etter inngåtte kontraktar. Vegljos vert drifta av dei to lokale kraftlaga etter avtale med kommunen. Det var i løpet av året ein del skadar som fylgje av flaum og ras som vart belasta på budsjettet.

Eininga har ikkje registrert skader på miljø, personell eller utstyr gjennom året som fylgje av drifta, og trivsel og arbeidsmiljø er godt.

# Eining for Brann og redning

Det vart tilsett ny brannsjef frå 01.12.2016, og namnet på eininga vart endra til «Brann og redning». Kvinnherad brann og redning er Hordalands største deltidsbrannvesen pga. mange stasjonar og deltidsbrannfolk. Vi er 4 heiltidstilsette ved eininga. Kvinnherad brann og redning skal framstå som ein «JA» etat der vi set behova til kommunen sine innbyggarar i fokus når det gjeld førebyggande og beredskapsmessige oppgåver.

**Førebyggande avdeling**

Den 01.01.2016 trådte «Forskrift om brannførebygging» i kraft. Den nye forskrifta gir kommunen større fridom til å nytta ressursane på førebyggande avdeling best mogleg. Blant anna er kravet til hyppigheit på tilsyn i særskilde brannobjekt fjerna, og det er no opp til avdelinga sjølv å vurdera hyppigheit på bakgrunn av gjennomført risikovurdering. Den nye forskrifta pålegg oss å kartlegga og følgja opp risikogrupper. Dette gjeld til dømes rusmisbrukarar, eldre med nedsett funksjonsevne, innvandrarar m.m. Førebyggande avdeling har veldig fokus på brukarane i kommunen, og brukar mykje tid på samarbeid med andre kommunale einingar for å kartlegga og følgja opp risikogrupper.

Det vart inngått ny avtale om feiing og tilsyn med firmaet Berthelsen AS. Dei er 3 tilsette som følgjer opp Kvinnherad kommune, og det vert lagt ned mykje tid på dokumentasjon av utført teneste.

**Beredskapsavdelinga**

Brann og redning hadde 103 utrykkingar i 2016, noko som var ei auke på nesten 15% i høve til 2015. Det var ein nedgang i utrykkingar til unødige og falske alarmar, men ei auke på utrykkingar til trafikkulykker og «First-responder oppdrag».

Fleira av mannskapa ved hovudbrannstasjonen på Husnes sa opp stillinga si i starten av 2016, noko som førte til ei midlertidig utfordring med kvalifisert personell. Det vart tilsett nye utrykkingsleiarar og brannkonstablar, og nytt grunnkurs vart starta opp for å ivareta lovfesta krav til utdanning.

Kvinnherad brann og redning var eit av 12 heldige brannvesen som fekk ny brannbil av Gjensidigestiftinga. Hovudbrannstasjonen på Husnes fekk ny mannskapsbil til ein verdi av heile 6 millionar. Til tross for heilt ny bil på Husnes brannstasjon har eining for brann og redning fortsatt ein svært gammal bilpark med snittalder på omlag 20 år.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn med eininga i desember 2016, noko som resulterte i ein tilsynsrapport med 6 pålegg. Pålegga går blant anna på manglande risikovurdering/kartlegging, krav om inndeling i rein/skitten sone i brannstasjonane, dusjmuligheit for mannskapa, vask/tørkeskap til branntøy, og ventilasjonanlegg, eksosavsug i stasjonane og manglande sikkerheitbelte i brannbilar. Pålegga gjeld alle brannstasjonane.

Nøkkeltal for beredskapsavdelinga:

- Ca. 75 fast tilsette deltidsbrannkonstablar og utrykkingsleiare
- 8 brannstasjonar
- 15 brannbilar

# Eining for reinhald

**Generelt**

Alt reinhald i 2016 har vore utført etter gjeldande reinhaldsplanar. Det er forhåldsvis låg frekvens på reinhaldet, som også i ein viss grad er behovsprøvd.

Det er fortsatt mange små lokalitetar i sentrum, fordelt over mange bygg, dette etter vasslekkasjen i 2015. NAV flytta inn i store lokalar (brakker), noko som gav meir areal å vaska.

Me har vaska ut/ned 11 kommunale leilegheiter utanom våre vanlege oppgåver.

**Årsverk**

Pr.31.12.16 er det 46 reinhaldarar på tilsaman 31,5 årsverk

I tillegg til einingsleiar er kunn eitt årsverk knytt opp til koordinering/administrasjon. Det var 2 reinhaldarar som gjekk av med AFP dette året. Sidan eine stillinga var lokalisert til Brekke skule /barnehage, vart ikkje denne stillingsprosenten erstatta, dette fordi Brekke vart lagt ned hausten 2016.

**Kompetanse og sjukefråvær**

26  reinhaldarar har fagbrev som reinhaldsoperatør.

Ved utgangen av 2016 var sjukefråværet på 8,6 %. Samanlikna med 2015 der vi hadde heile15,3 %. Intenst arbeid og fokus på problemstillinga har gitt ein nedgang på heile 6,7 %.

Eininga har starta arbeidet med å registrera oppgåvene i FAMAC, der ein redigerer frekvenser og får teikningar og innformasjonar til å stemma overeins. Det skal innførast bruk av nettbrett, for å dokumentera våre oppgåver og ha betre oversyn/kontroll over bygga.